



Tilstandsrapport om universell utforming i Vestland

Utarbeidet for Vestland fylkeskommune

Rapport 2023 - 3

Proba-rapport nr. 2023-3, Prosjekt nr. 22075

ISSN: 1891-8093

RB, AFJ, JH / AG, XX, 22.2.2023

--

Offentlig

--

Tilstandsrapport om universell utforming i Vestland

Utarbeidet for Vestland fylkeskommune

Forord

Proba samfunnsanalyse har på oppdrag for Vestland fylkeskommune gjennomført ei kartlegging av arbeidet med og tilstanden på universell utforming i Vestland. Prosjektet er gjennomført i perioden oktober 2022 – februar 2023.

Vi vil takka alle informantar som har deltatt i prosjektet og oppdragiver for en god og konstruktiv prosess.

Vi vil også retta ei stor takk til Folkehelseinstituttet og til Sven Michaelis hos Kartverket for tilgang til relevant statistikk.

Prosjektleder har vore Rune Busch. Ane Først Juul og Jacob Hystad har vore prosjektmedarbeidarar. Dagleg leder i Proba, Trude Thorbjørnsrud har vært kvalitetssikrar.

Oslo 22. februar 2023.

Innhold:

SAMMENDRAG OG KONKLUSJONER	1
1 INNLEIING	4
1.1 Bakgrunn	4
1.1.1 Barrierar for deltaking.....	5
1.1.2 Definisjon på universell utforming.....	5
1.1.3 Den nasjonale politikken	6
1.1.4 Den fylkeskommunale politikken.....	8
1.2 Problemstillingar	9
1.2.1 Operasjonalisering av problemstillingar	9
1.2.2 Lesarrettleiing	10
2 METODE	12
2.1 Intervju	12
2.2 Dokument- og litteraturgjennomgang	12
2.2.1 Bufdir og KS sine tilskotsordningar	13
2.3 Statistisk materiale	14
2.3.1 Data frå Kartverket	14
2.3.2 Folkehelseundersøkinga til FHI	15
2.3.3 Registreringar i «Bygg for alle» (Statsbygg).....	16
2.3.4 Statistikk frå SSB.....	17
2.3.5 Data frå IK-bygg	18
3 KUNNSKAPSSAMANSTILLING	20
3.1 Generell kunnskapsstatus.....	20
3.2 Bygg.....	21
3.2.1 Status nasjonalt.....	21
3.2.2 Status i Vestland	24
3.3 Uteområde.....	27
3.3.1 Status nasjonalt.....	27
3.3.2 Status i Vestland	28
3.4 Offentleg transport.....	34
3.4.1 Status nasjonalt.....	34
3.4.2 Status i Vestland	35
3.5 IKT-område.....	36
3.5.1 Status nasjonalt.....	36
3.5.2 Status i Vestland	36
3.6 Tilskot til universell utforming i Vestland fylkeskommune	36
3.7 Barrierar for deltaking.....	37
3.7.1 Kva seier litteraturen om barrierar?	37
3.7.2 Barrierar i Vestland.....	39
3.8 Samanfating – barrierar i Vestland	52
4 OPPGÅVER, RUTINAR OG KOMPETANSE	54
4.1 Strategisk forankring	54
4.2 Sektorovergripande arbeid med universell utforming.....	56
4.2.1 Organisering	56
4.2.2 Erfaringar med det sektorovergripande arbeidet.....	57
4.3 Organisasjon og økonomi	58
4.3.1 Eigedom	58
4.3.2 Innkjøp.....	59
4.4 IKT og digitalisering (inkludert tannhelse).....	60
4.4.1 Tannhelse.....	60

4.5	Infrastruktur og veg	61
4.5.1	Planlegging og utbygging	61
4.5.2	Vedlikehold, drift og beredskap	62
4.5.3	Forvaltning, utgreiing og geodata	62
4.6	Mobilitet og kollektivtransport	63
4.6.1	Transportplan	63
4.6.2	Skyss	64
4.6.3	Bybanen utbygging	65
4.7	Opplæring og kompetanse	65
4.8	Næring, plan og innovasjon	66
4.8.1	Plan, klima og analyse	66
4.9	Kultur og folkehelse	67
4.9.1	Folkehelse	68
4.9.2	Idrett og friluftsliv	68
4.9.3	Kulturarv	70
4.9.4	Bibliotekutvikling	71
4.10	Fylkeskommunale råd for medverknad	72
5	SAMANFATNING OG DRØFTING – VESTLAND FYLKESKOMMUNEN SI ROLLE OG ANSVAR FOR UNIVERSELL UTFORMING	73
5.1	Organisatoriske verkemidlar	73
5.1.1	Organisering	73
5.1.2	Rutinar	74
5.2	Pedagogiske verkemidlar	75
5.3	Økonomiske verkemidlar	76
5.4	Juridiske verkemidlar	76
5.5	Konklusjonar og anbefalingar	76
	LITTERATURLISTE	81
	VEDLEGG 1 – UTVIKLINGSPROSJEKT FINANSIERT AV BUFDIRS TILSKOTSORDNING FOR UNIVERSELL UTFORMING	86
	VEDLEGG 2 – REGISTRERINGAR BYGG FOR ALLE	91
	VEDLEGG 3 - MIDLAR FRÅ TILGJENGESPROSJEKTET TIL KARTVERKET	94

Sammendrag og konklusjoner

Resymé

På oppdrag for Vestland fylkeskommune har Proba kartlagt arbeidet med og tilstanden på universell utforming i Vestland. Rapporten belyser i) kva som er status på universell utforming innan Vestland fylkeskommune sine ansvarsområde, ii) kva som eksisterer av rapporteringar og registreringar på universell utforming, iii) kan som er dei største barrierane for deltaking i Vestlands-samfunnet, og iv) kan som kan vera moglege strategiske grep for å ivareta universell utforming innan fylkeskommunen sine ansvarsområde og i rolla som regional utviklingsaktør/samfunnsutviklar.

Bakgrunn

Vestland fylkeskommune har utarbeida eit Handlingsprogram for folkehelse Vestland 2022-2025 som gir retning for fylkeskommunen sitt arbeid for å fremja gode levekår og utjamna sosiale helseskilnader. Universell utforming er tematisert som ein del av folkehelsearbeidet der tiltak basert på kunnskap er eit leiande prinsipp. Eit av tiltaka i programmet, tiltak 1.11, er å utarbeide en tilstandsrapport over Vestland fylkeskommune sitt arbeid med universell utforming, og er bakgrunnen for oppdraget.

Problemstillingar, konklusjonar og anbefalingar

Problemstilling 1: Kva er status på universell utforming innan Vestland fylkeskommune sine ansvarsområde, her under kompetanse, rutinar, verktøy og arbeidsmetodar?

Gjennomgangen av litteratur og tilgjengelege kjelder syner at det er betydelege utfordringar knytt til universell utforming i Noreg. Det er grunn til å tru at dei fleste av desse også gjeld for Vestland.

Status på universell utforming synast å vera svak på dei fleste område, men tilstanden er svakast på uteområde, det gjeld både tettstader og friluft, og for kollektivtilbodet. For uteområde visar datamaterialet at parkeringsområde, gang- og sykkelveggar og tilkomst til bygg og til kollektivtilbodet ofte er lite universelt utforma.

For kollektivområde finn vi at det er særleg tilgjenge til haldeplassar og kollektivterminalar som er lite universelt utforma. Haldeplassar i distrikta verker å vera eit særleg problemområde. Enkelte tilbod i Vestland, som Bybanen utmerkar seg som eit meir eller mindre universelt tilbod. Tilgjenge på transportmiddel, til dømes buss og bane, er truleg ganske god.

Sjølv om tilstanden på bygg og anlegg generelt sett verker å vera betre enn når det gjeld uteområde, tydar målingar frå Kartverket på at inngangar er ei særskild utfordring.

I hovudsak syner datamaterialet at arbeidet med universell utforming er godt forankra i fylkeskommunen sitt arbeid for å ivareta krav og standardar. Vi finn at fylkeskommunen har både sektorovergripande strukturar og – hos dei fleste behovseigarane – gode rutinar for å ivareta krav.

Det er derimot usikkert kor representativt dette er, om det gjeld på alle nivå i organisasjonen og hos alle behovseigarar. Datamaterialet er truleg ganske skeivt då rekruttering av informantar har vore basert på å velje ut dei tilsette som arbeider tettast med oppgåveløysing knytt til universell utforming. Me har indikasjonar på at forankringa og kompetansen på universell utforming på leiarnivå og i operative ledd er svak. Det er ikkje avklart korleis det sektorovergripande ansvaret vert vidareført i ny organisering.

Til tross for at datamateriale tilseier at fylkeskommunen har god praksis knytt til arbeidet med universell utforming, finn vi likevel utfordringar med å plassere ansvaret. Dette heng truleg saman med at mange oppgåver må løysast på tvers av sektorar. Det er få dedikerte ressursar og ingen eigne faggrupper hos behovseigarane som har ansvar for universell utforming. Dette gjer det utfordrande å ha ei tilnærming som ivareteke overordna mål om universelt utforma samfunn.

Fylkeskommunen har heller ikkje rutinar eller god praksis for å kartleggja, registrera og rapportera om arbeidet eller tilstanden for universelt utforma løysningar. Dette hindrar arbeidet med å lage tiltaksplanar for utbetringar og å legge til rette for informasjon for publikum. Unntaket frå dette er kartlegging av friluftsområde, som synast å vera ei prioritert oppgåve.

Til slutt, finner me at fylkeskommunen manglar dedikerte ressursar til å prioritere arbeidet med universell utforming. Det finnst ingen heile stillingar eller eige budsjettmidlar som er dedikert til universell utforming. Dette gjer det utfordrande å utvikle fylkeskommunens rolle som tenesteleverandør og rolla som samfunnsutviklar. Resultata tyder på at fylkeskommunens i liten grad har teke ein strategisk rådgivarrolle overfor kommunane i fylket knytt til universell utforming.

Problemstilling 2: Kva eksisterer av rapporteringar og registreringar på universell utforming innan Vestland fylkeskommune sine ansvarsområde? Dette gjeld både rapporteringar og registreringar som er utvikla i Vestland fylkeskommune og som andre aktørar har laga.

Gjennomgangen av kva som eksisterer av rapportering og registrering av universell utforming i Vestland, tydar på at det er stor mangel på kunnskap. Kunnskapen kan karakteriserast som både svak og fragmentert. Det gjeld dei fleste samfunnsområde, inkludert IKT, transport, bygg, bustad, uteområde, produkt og tenester. Kunnskap om utforming av skulebygg og tannklinikkar i Vestland er forholdsvis god, og betre knytt til bygg i tidlegare Hordaland enn i tidlegare Sogn og Fjordane.

Problemstilling 3: Kva er moglege strategiske grep for å ivareta universell utforming innan fylkeskommunen sine ansvarsområde og i rolla som regional utviklingsaktør/samfunnsutviklar

Våre funn peiker på fleire moglege grep fylkeskommunen kan gjera for å styrka si rolle i arbeidet med universell utforming. Grepa handlar både om organisatoriske, pedagogiske og økonomiske grep.

Me meiner det vil vera til nytte å klargjere ansvaret den enkelte tilsette og fageiningar har for universell utforming. Dette vil truleg vera nyttig, både for å forankre tema og for å sikre kompetanse internt hos den enkelte behovseigar, og også for å klargjere ansvarsfordelinga mellom sektorane. Å synleggjere kven som har ansvar vil òg truleg bidra til betre samarbeid og samhandling på tvers.

Vidare anbefalar me at den enkelte behovseigar operasjonaliserer eige mål og tiltak for universell utforming i temaplanar.

Me meiner at rutinane for kartlegging, registrering og rapportering av arbeidet bør styrkast. Det er i dag svak praksis for å dokumentera og gjera tilgjengeleg informasjon om tilgjenge for nye løysningar. Betre rutinar vil gi betre informasjonsgrunnlag for å prioritera tiltak og for at publikum kan nytta seg av løysningar. Vi kjenner ikkje til kor mykje publikum brukar løysningar for å sjekke om tilbod er universelt utforma. I første omgang vil eit tiltak vera å gjennomføra undersøkingar av nytten av informasjonsløysingar. Eit anna tiltak vil vera å styrke marknadsføringa av slike informasjonsløysingar.

Rutinar og ressursar for medverking av brukarar bør styrkast blant behovseigarar som i dag ikkje har systematiske rutinar for dette. Representantar for brukarar og for det fylkeskommunale rådet bør bli involvert på ei tidlegare stadium enn det som synast å være praksis i mange avgjerder i dag. Vi finn og at betre involvering av rådet for menneske med funksjonsnedsetting krevjar fleire støtteressursar for rådet.

Me anbefalar at fylkeskommunen sett av meir ressursar, både til heile stillingar og til midlar som kan nyttas til tiltak for universell utforming. Dette har ikkje fylkeskommunen i dag, og det vil truleg ha stor verdi i arbeidet, både internt og ut mot kommunane.

Me anbefalar også at fylkeskommunen styrkar samarbeidet med kommunane, blant anna via nettverksarbeid. Det er i dag få nettverk som tar opp problemstillingar knytt til universell utforming.

Problemstilling 4: Kva er dei største barrierane for deltaking i samfunnet i Vestland fylkeskommune?

Barrierane for deltaking heng, etter våre vurderingar, ikkje berre saman med fysisk utforming. Til dømes er truleg mangel på universell utforming av heile reisekjeder i kollektivtilbodet ein viktig barriere for mange, men barrierar for å nytta seg av tilbodet heng også tett saman med kor ofte det er avgangar. Folkehelseundersøkinga i Vestland syner at befolkninga si vurdering av tilgjenge på ulike samfunnsområde ikkje først og fremst kan forklarast av mangel på universell utforming. Det er manglande tilbod, avstandar og transport, samt kostnadar som vert vektlagt som grunnar til svak tilgjenge. Små forskjellar i vurdering av tilgjenge mellom dei med og utan funksjonsnedsetting styrkar denne konklusjonen.

Samla sett peiker resultatata på at det ikkje er ein enkelt barriere som set grenser for deltaking for menneske med funksjonsnedsetting. Det er summen av alle barrierar, både fysiske, sosiale og andre, som gjer at dei brukar meir tid og meir krefter på å delta i samfunnslivet.

Likevel er det viktig å påpeka at dei fleste av innbyggjarane er nøgd med livet og at dei færreste opplever psykiske eller sosiale plagar, uavhengig av funksjonsnedsetting, jf. folkehelseundersøkinga. Personar med funksjonsnedsetting rapporterer systematisk om fleire psykiske og sosiale plagar, men det totale omfanget er likevel ikkje veldig stort.

Vi har ikkje grunnlag for å seia kor viktig den enkelte barriere er for ulike utfallsmål, til dømes psykisk helse, sosial deltaking eller livskvalitet. Folkehelseundersøkinga i Vestland gjer moglegheiter for å vurdere slike samanhengar, og vi oppfordrar Vestland fylkeskommune og andre til å gjennomføra statistiske analyser av datamaterialet.

1 Innleiing

Vestland fylkeskommune ferdigstilla våren 2022 *Handlingsprogram for folkehelse Vestland 2022-2025*.¹ I handlingsprogrammet er det skissert i underkant 40 tiltak, der fleire handlar om å auka kunnskapsgrunnlag som gjeld ulike deler av folkehelsa i fylkeskommunen. Tiltak 1.11: Utarbeide ein tilstandsrapport over Vestland fylkeskommune sitt arbeid med universell utforming ligg til grunn for denne rapporten.

På oppdrag for Vestland fylkeskommune har Proba samfunnsanalyse utarbeida ein tilstandsrapport.

Hovudfokuset for rapporten har vore å skildra korleis dei ulike fagmiljøa i fylkeskommunen arbeider med universell utforming. Tilstandsrapporten inneheld også skildringar av kva som er gjort av kartleggingar og kva kartleggingane seier om tilstanden på universell utforming, inkludert utviklingstrekk. Vidare gir rapporten ei skildring av kva som finnast av kunnskap som kan seia noko om barrierar for deltaking i Vestland. Til slutt drøftar me og gir anbefalingar om mogelege strategiske grep for å ivareta og styrka arbeidet med universell utforming innan fylkeskommunen sine oppgåver.

1.1 Bakgrunn

Sikring av universell utforming er eit viktig grep for å bidra til ein inkluderande praksis og deltaking for alle, uavhengig av funksjonsevne. Den offentlege verkemiddelbruken på området er både omfattande og variert.

Det finnast 12 lovar og 70 forskrifter i fleire sektorar som omhandlar universell utforming (Bufdir, 2020). Vidare har Norge forplikta seg til å implementera FN-konvensjonen om rettigheter til menneske med nedsett funksjonsevne. Inkludering og deltaking er sentrale mål i konvensjonen og universell utforming er eit viktig verkemiddel og ei plikt for alle forvaltningsnivå.

I tillegg til juridiske verkemidlar, finnast ei rekke andre offentlege verkemidlar for å fremja universell utforming, vera seg pedagogiske verkemidlar (f.eks. strategiar, planar, rettleiarar), økonomiske verkemidlar (f.eks. tilskot og prioriteringar) og organisatoriske verkemidlar (f.eks. nettverk, samarbeid, plassering av ansvar). Dei nyaste nasjonale føringane finner me i regjeringa sin handlingsplan for universell utforming (2021-2025) og i rettleiaren frå KMD om universell utforming i planlegging (2021). Universell utforming er dessutan skildra som ein del av arbeidet for å nå FN's berekraftsmål (jf. St.meld. 40 2020-2021 *Mål med mening*).

Vestland fylkeskommune har utarbeida eit Handlingsprogram for folkehelse Vestland 2022-2025 som gir retning for fylkeskommunen sitt arbeid for å fremja gode levekår og utjamna sosiale helseskilnader.² Universell utforming er tematisert som ein del av folkehelsearbeidet der tiltak basert på kunnskap er eit leiande prinsipp. Eit av tiltaka i programmet, tiltak 1.11, er å utarbeide en tilstandsrapport over Vestland fylkeskommune sitt arbeid med universell utforming, og er bakgrunnen for oppdraget.

Tilstandsrapporten skal gje eit kunnskapsgrunnlag for prioriterte satsingar og vegen vidare. Dette bør sjåast i samanheng med fylkeskommunen sitt mål om inkluderande

¹ Handlingsprogram for folkehelse: <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/folkehelse/planar-folkehelse/vedteke--handlingsprogram-for-folkehelse-2020-2025.pdf>

² Vestland fylkeskommune (2022) Handlingsprogram for folkehelse Vestland 2022-2025

praksis og deltaking for alle, samt ønskje om meir kunnskap om årsaka til og konsekvensane av barrierar.

1.1.1 Barrierar for deltaking

Undersøkingar syner at menneske med funksjonsnedsetting har systematisk dårlegare levkår enn personar utan. Dette gjeld både helse, sysselsetting, utdanning og deltaking i aktivitetar utanfor heimen.³

Det finnast også forskjelleg litteratur om kvifor menneske med funksjonsnedsettingar deltek mindre i samfunnslivet. Mykje av litteraturen fokuserer på korleis ulike formar for barrierar, til dømes fysiske, sosiale, digitale og pedagogiske, avgrensar deltakinga blant menneske med funksjonsnedsetting.⁴ Summen av barrierane dei møter på ulike stader: i bustad; ved transport; i utdanning; i arbeidsliv og i aktivitetar, er truleg ei viktig forklaring på kvifor menneske med funksjonsnedsetting har dårlegare levkår enn andre.

Personar med funksjonsnedsettingar utgjør ein vesentleg del av befolkninga. Om lag 17 prosent av befolkninga, 15,5 prosent for menn og 19,9 prosent for kvinner (SSB, arbeidskraftundersøkinga, 2020). 10 prosent av unge (alder 18-24 år) har nedsett funksjonsevne. Tala inneberer at tiltak retta mot målgruppa kan vera nyttig for svært mange.

Tiltak for å betre tilgjenge og universell utforming er ikkje aleine eit gode for personar med funksjonsnedsetting. Universelt utforma løysingar vil også vera til nytte for mange andre, til dømes eldre, barnefamiliar og andre som brukar hjelpemiddel, og som har behov for betre og enklare løysingar. Færre barrierar for deltaking vil kunne vera bra for alle.

1.1.2 Definisjon på universell utforming

Universell utforming er ein måte å utforma strukturar på for at alle personar, uavhengig av funksjonsevne, kan delta i samfunnet. I § 17 i likestillings- og diskrimineringsloven definerast universell utforming på følgjande måte:

Med universell utforming menes utforming eller tilrettelegging av hovedløsningen i de fysiske forholdene, inkludert informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT), slik at virksomhetens alminnelige funksjoner kan benyttes av flest mulig, uavhengig av funksjonsnedsettelse.

På Vestland fylkeskommunes nettside heiter det at:

Det finnast ei rekke definisjonar på universell utforming. Kjernen i dei er å utforme omgjevnadene på ein måte som tek vare på heile befolkningas variasjon i funksjonsevne, inkludert behova til personar med nedsett funksjonsevne. På denne måten kan flest mogleg delta aktivt i samfunnet.

Universell utforming er forming av produkt, bygg, transportmidlar og omgjevnader på ein slik måte at dei kan nyttast av alle i så stor grad som mogleg, utan behov for tilpassing eller spesiell utforming.

³ Sjå til dømes Støren m.fl. (2020); Tøssebro m.fl. (2016); Nordbakk og Skollerud (2016). Bufdir har ei nettside med oversikt over statistikk om personar med funksjonsnedsettingar: https://www2.bufdir.no/Statistikk_og_analyse/nedsatt_funksjonsevne/

⁴ Sjå til dømes Bowe (1978); Jaarsma (2014); Proba-rapport 2018-2

Universell utforming omtalast i offentlege dokumenter både som ein strategi, som lovkrav, som mål og ein måte ut utforma ulike strukturar på.⁵ Fordi universell utforming skal sikra at alle skal ha moglegheitene til å delta på alle samfunnsområde, inneber det at fleire samfunnssektorar på ulike nivå har ansvar.

1.1.3 Den nasjonale politikken

Universell utforming er regulert gjennom ei rekke lover og forskrifter, samt gjennom FN-konvensjoner og EU-direktiver.

I norsk lov gir likestillings- og diskrimineringsloven personar med funksjonsnedsetting heilskapleg vern mot diskriminering. Lova sitt formål er å:

- Fremja likeverd
- Sikra alle innbyggjarar like moglegheiter og rettigheter til å delta i samfunnet
- Auka tilgjenge
- Syta for tilrettelegging

Lova peikar på at det er eit felles ansvar, på tvers av sektorar og forvaltningsnivå, å arbeida for auka tilgjenge.

I lova sitt kapittel 3 *Universell utforming og individuell tilrettelegging* står det at offentlege og private verksemder retta mot allmennheita har plikt til universell utforming av verksemda sine alminnelege funksjonar. Dette gjeld både fysiske forhold og IKT-løysningar. Vidare peikar lova på offentlege verksemder sitt ansvar for å fremja universell utforming:

Offentlige virksomheter skal arbeide aktivt og målrettet for å fremme universell utforming innen virksomheten. Den samme gjeld for private virksomheter rettet mot allmennheten. (Kap. 3, §19)

Lova kan altså tolkast som at fylkeskommunen har eit generelt ansvar innan sitt område, både knytt til eigen verksemd og andre verksemder retta mot allmennheita.

Lova har også ei aktivitets- og utgreiingsplikt. Plikta inneber at arbeidsgivarar kvart år må vurdere risiko for diskriminering, analysere årsaker og iverksetja tiltak. Vidare skal arbeidsgivarar gjera greie for kva dei har gjort for å oppfylle plikta i årsberetning eller anna dokument.

Plan- og bygningslova stiller spesifikke krav om universell utforming og til aktiv medverknad frå grupper som krevjar spesiell tilrettelegging, derunder personar med funksjonsnedsetting. Lova stiller krav til kommunar sine planverk.

Det er viktig å påpeika at krava til universell utforming gjeld nye byggetiltak, altså oppføring av nye bygg og uteområde og rehabiliteringsprosjekt. Det er ikkje eit generelt krav om universell utforming av eksisterande bygg og uteområde.

Vidare er plan- og bygningslova ei samordningslov som skal sikra at «*planleggingen skal vera sektorovergripende og felles redskap for offentlige myndigheter og organ*» (Formålsparagrafen §1-1). Lova knyter med andre ord fylkeskommunen sitt regionale ansvar for koordinering og samfunnsutvikling til kommunane sitt planarbeid.

I byggteknisk forskrift (TEK 17) er universell utforming sett som ein del av forskrifta sitt formål (Kap. 1 § 1-1), og inneheld detaljerte krav knytt til utforming av uteareal og byggverk.

⁵ Til dømes regjeringa sin handlingsplan for universell utforming 2021-2025.

I 2019 trådte ny kommunelov i kraft. Den nye lov krev at alle kommunar og fylkeskommunar har etablert råd for personar med nedsett funksjonsevne.⁶ Medlemmar i råda må tolkast som folkevalde, og skal medverka i saker som rører ved målgruppa.

Folkehelselova krev at alle forvaltningsnivå og sektorar legger folkehelseperspektivet til grunn for si verksemd og sine planar. Folkehelselova forpliktar fylkeskommunen til å understøtte folkehelsearbeidet i kommunane, og skal fungera som ein pådrivar og samordnar i fylkets folkehelsearbeid (§ 20 i folkehelselova). Fylkeskommunen har eit særskilt ansvar for å ha nødvendig oversikt over helsetilstanden i fylket.

Folkehelsearbeidet skal «*fremme befolkningens folkehelse, trivsel og sosiale og miljømessige forhold*» (§ 1). Lova er på fleire punkt kopla til plan- og bygningsloven, mellom anna i § 21, kor det står at:

Oversikten over fylkeskommunens folkehelseutfordringer [...] skal inngå som grunnlag for arbeidet med fylkeskommunens planstrategi. En drøfting av disse utfordringane bør inngå i strategien, jf. plan- og bygningsloven § 7-1.

I 2017 vart det bestemt at skule- og utdanningssektoren også skulle vera omfatta av regelverket om universell utforming av IKT i likestillings- og diskrimineringslova. Krava gjeld alle typar nettløysingar retta mot føresette, elevar og studentar.

I forskrift om universell utforming av informasjons- og kommunikasjonsteknologiske (IKT)-løysingar påleggjast alle brukarretta nettløysingar, digitale læremidlar og automatar å vera universelt utforma. Digitaliseringsdirektoratet er et eige tilsynsorgan – Tilsynet for universell utforming av ikt, også kalla uu-tilsynet – og har ansvar for å følgje opp forskrift om universell utforming av ikt-løysingar.⁷ Digitaliseringsdirektoratet lanserte i oktober 2022 ei nettløysing for tilgjengeerklæring som alle verksemdar i offentleg sektor er plikta å ha på plass på sine nettstader innan 1.februar 2023. Ei tilgjengeerklæring er ein sjølvdeklarasjon om i kva grad ei verksemd sin nettstad etterlever krava til universell utforming av ikt og skal fyllast ut i den nemnde nettløysinga kalla uu-status.⁸

Transportsektoren er også omfatta av krav til universell utforming, mellom anna gjennom EUs busdirektiv. Det finnast også EU-direktiv knytt til nettsider og applikasjonar (EUs web-direktiv og tilgjenge for varer og tenester (EUs tilgjengesdirektiv)).

Vidare finnast ei rekke rettleiarar og standardar som er relevante. KMD har mellom anna rettleiar for universell utforming (i planlegging og byggesak)⁹, rettleiar om kommuneplanar (areal- og kommuneplanprosessen) og rettleiar for råd for personar med funksjonsnedsetting. Statens vegvesen har handbok om universell utforming i transportsektoren, med gode dømer på universelt utforma løysingar. Også ikkje-statlege aktørar som KS og Norske arkitektars landsforbund har informasjon om, og dømer på, korleis ivareta universell utforming. Standard Norge utgjer fleire rettleingar og standardar som skildrar krav til universell utforming. Vidare har Universell utforming AS laga ein rettleiar om universell utforming av uteområde.

⁶ Gjelder også eldreråd og ungdomsråd.

⁷ Tilsynet for universell utforming av ikt: <https://www.uutilsynet.no>

⁸ Uu-status: www.uustatus.no

⁹ KMD (2021) Universell utforming i planlegging

I regjeringa sin pågåande handlingsplan for universell utforming (Bærekraft og like muligheter – et universelt utformet Norge 2021–2025)¹⁰ presiserast det at det går føre seg eit arbeid for å heva kvalitetsheving på skulebygg, andre offentlege bygg, infrastruktur, transport og IKT. I planen skisserast eit behov for å sjå nærare på samhengane. Eit døme som visast til er korleis ein innan transportsektoren må sjå heile reisekjeda samla. Tilgjenge og universell utforming må leggest til grunn i overordna samfunns- og arealplanlegging, og i fysiske løysingar som framstillast i detaljplanar.

1.1.4 Den fylkeskommunale politikken

Fylkeskommunen sine lovpålagde forvaltningsoppgåver kan delast inn i to hovudkategoriar: i rolla som tenesteleverandør og i rolla som samfunnsutviklar. Som tenesteleverandør har fylkeskommunen ansvar for vidaregåande opplæring, samferdsel, tannhelse, idrett og friluftsliv, kultur, næringsutvikling og klima- og miljøforvaltning.

I rolla som samfunnsutviklar har fylkeskommunen ansvar for å skapa ei heilskapleg og ønskja utvikling i eige fylke. Dette inneber å samordna innsats for å fremja gode lokalmiljø, særskilt innan folkehelse, miljø og klima, men også næringsutvikling, kompetanse og ressursforvaltning.¹¹ Fylkeskommunen si rolle knyter seg til tre hovuddimensjonar: i) gi strategisk retning for samfunnsutviklinga, ii) mobilisera lokale aktørar og iii) samordna offentleg verkemiddelbruk (sjå St. meld. 22, 2015-2016).

Eit av fylkeskommunen sine viktigaste verkemiddel i den regionale samfunnsutviklinga er regionale planar. Fylkeskommunen har ansvar for regionale planar etter plan- og bygningslova. Regional planmyndigheit skal ifølgje lova utarbeida ein regional planstrategi der det skal gjerast greie for «*viktige utviklingstrekk og utfordringer, vurdere langsiktige utviklingsmoglegheiter og avklare kva for spørsmål som skal takast opp til vidare regional planlegging*» (KMDs veileder: 16).¹²

Regional planmyndighet skal også utarbeida regionale planar for dei spørsmåla som er i den regionale planstrategien. I plan- og bygningslova § 8-2 står det at: «*Regional plan skal legges til grunn for regionale organers virksomhet og for kommunal og statlig planlegging og virksomhet i regionen.*» Planen skal altså vera førande for den offentlege politikken, uavhengig av forvaltningsnivå.

Fylkeskommunen er ansvarleg for å rettleie kommunane i planar etter plan- og bygningslova og er høyringsinstans for alle kommunale planar. Til dette høyrer at dei regionale planane vert følgd opp og skal sikre at fylkeskommunen sine sektorinteresser er ivareteke.¹³ Fylkeskommunen har motsegnrett, og skal gi motsegn til kommunale planar dersom planane ikkje er i medhald av regionale planar. Planar sendast også til statsforvaltaren på høyring. Dersom fylkeskommunen har motsegn som ikkje takast til følgje, til dømes dersom kommunen har andre interesser eller er ueinig, vil det normalt

¹⁰ Regjeringens handlingsplan for universell utforming, Bærekraft og like muligheter – et universelt utformet Norge 2021–2025
<https://www.regjeringen.no/contentassets/51369fe60a0240e4bbd554c54310048d/no/pdfs/handlingsplan-for-universell-utforming.pdf>

¹¹ Sjå Onsager m.fl. (2019) Viken og delregionene – samfunnsutvikling og bærekraft, utfordringer og muligheter. NIBR-rapport 2019:17

¹² KMD (2021) Universell utforming i planlegging
https://www.regjeringen.no/contentassets/69872218a4f547a28be23fd7adb44e5c/no/pdfs/h-2480-b-universell-utforming-i-planlegging_v2.pdf

¹³ Rundskriv H-2/14 Retningslinjer for innsigelse i plansaker etter plan- og bygningsloven

gjennomførast mekling i medhald av plan- og bygningslova §5-6 k. Statsforvaltaren har ansvaret for å gjennomføra meklinga.

I tillegg til regional plan, utarbeidar dei ulike fylkeskommunale rådsområda og avdelingane eigne temastrategiar, temaplanar og handlingsplanar. Temastrategiar og -planar legger overordna føringar og retningar for arbeidet innan spesifikke område, eksempelvis transport, kulturminne, næring, mv. Planane legger normalt føringar over fleire år. Handlingsplanar er konkretisering av mål og tiltak i medhald av overordna planverk og temaplanar, som normalt utarbeidast kvart år.

Regionalt planforum er ein møteplass mellom kommunane og det regionale nivået. Forumet er meina for diskusjon, samhandling og avklaring rundt større plansaker. Regionalt planforum er heimla i plan- og bygningslova § 5-3.

1.2 Problemstillingar

Formålet med oppdraget har vore å laga ein oppsummerenda tilstandsrapport som gir oversikt og status over fylkeskommunen sitt arbeid med universell utforming. Tilstandsrapporten skal bidra til å synleggjere det overordna samfunnsperspektivet knytt til universell utforming og koplingane mellom dei ulike tenestene i fylkeskommunen.

Rapporten gjev svar på følgjande problemstillingar:

1. Kva er status på universell utforming innan Vestland fylkeskommune sine ansvarsområde, her under kompetanse, rutinar, verktøy og arbeidsmetodar?
2. Kva eksisterer av rapporteringar og registreringar på universell utforming innan Vestland fylkeskommune sine ansvarsområde? Dette gjeld både rapporteringar og registreringar som er utvikla i Vestland fylkeskommune og som andre aktørar har laga.

Vidare var det ønskjeleg med ei utgreiing av:

3. Moglege strategiske grep for å ivareta universell utforming innan fylkeskommunen sine ansvarsområde og i rolla som regional utviklingsaktør/samfunnsutviklar
4. Kva er dei største barrierane for deltaking i samfunnet i Vestland fylkeskommune?

1.2.1 Operasjonalisering av problemstillingar

I tilstandsrapporten nyttar me ei generell forståing av omgrepet universell utforming. Det vil seia at me belyser tema om universell utforming ved å nytta kunnskap om tilgjenge generelt.

Ad. problemstilling 1. Utgangspunktet for å skildra fylkeskommunen sitt arbeid, har vore å visa kva lovar og krav dei arbeider etter, om det finnast andre mål eller strategiar som gir retning i arbeidet, korleis arbeidet er organisert og kva rutinar dei tilsette jobbar etter. Vidare har me kartlagt kva for konkrete verkemiddel fylkeskommunen har knytt til universell utforming og korleis dei samarbeider med andre aktørar, til dømes kommunane. Me har også kartlagt dei tilsette sine erfaringar med kva som fungerer og kva dei opplever som utfordringar for å ivareta krav til universell utforming.

Ad. problemstilling 2. I kartlegging av kva som finnast av rapportering og registrering på universell utforming, har me teke utgangspunkt i fylkeskommunen si rolle som tenesteleverandør og rolle som samfunnsutviklar. Når det gjeld rolla som tenesteleverandør, har me til dømes kartlagt kva som finnast av kartleggingar og

rapporterings på fylkeskommunens skuler og andre bygningar og kva som er tilstanden på kollektivtilbodet.

I rolla som samfunnsutviklar skal fylkeskommunen fungera som rettleiar for kommunane og har ei sentral rolle med å sikra at kommunale planar er i samhøve med gjeldande krav og nasjonale målsettingar. Fylkeskommunen har avgrensa myndigheit til å setje i verk tiltak i kommunane. Kommunane er sjølvstendige einingar og er ansvarleg for ei rekkje strukturar som har betydning for innbyggjarane sine mogelegheiter for å delta i samfunnet. Me har kartlagt nokre sentrale område som til dømes skule og uteområde i tettstader og friluftsområde.

Ad. 3. Det føreligg inga konkretisering av kva Vestland fylkeskommune har lagt i problemstillinga om mogelege strategiske grep. Ei vanleg tolking av *strategi* er korleis planar gjennomførast for å nå bestemte mål.¹⁴ Ei nærliggande tolking av strategiar i offentleg politikk, vil vera korleis offentlege verkemiddel nyttast for å nå bestemte mål. Sentrale aspekt ved offentleg politikk er knytt til forvaltning (*governance*) og ansvarleggjering (*accountability*). Nyare forskning trekker også inn nettverk som ein faktor.¹⁵

Slik me tolkar strategiske grep, tek me utgangspunkt i fylkeskommunen si rolle som *forvaltar* i brei forstand, dvs. korleis fylkeskommunen nyttar sine verkemiddel internt og ut mot kommunane for å ivareta universell utforming.

Ad. problemstilling 4. Parallelt med problemstilling to, vil utgangspunktet vårt for å vurdere dei største barrierane for deltaking i Vestland vera avgrensa til fylkeskommunen si rolle som tenesteleverandør og som samfunnsutviklar. Det inneber kva som finnast av kunnskap om barrierane til dømes i den vidaregåande skulen og i kultur- og kollektivtilbodet. Vidare vil me skildra kunnskap om dei sentrale politikkområda som kommunane er ansvarlege for. Andre samfunnsområde, som også er viktige, mellom anna arbeidsliv, høgare utdanning, statleg helseteneste, ligger utanfor rammene av oppdraget.

1.2.2 Lesarrettleiing

I kapittel 2 skildrar me metodar og datakjelder for tilstandsrapporten.

Me gir i kapittel 3 ei framstilling av kva som finnast av kartleggingar av tilgjenge og universell utforming innan fylkeskommunen sine ansvarsområde. På område der det finnast informasjon, skildrar me kva som er tilstanden knytt til tilgjenge og universell utforming.

Vidare inneheld tilstandsrapporten i avsnitt 3.7 ein gjennomgang av kva litteraturen fortel om barrierar for personar med funksjonsnedsetting. Dette inkluderer resultat frå folkehelseundersøkinga i Vestland knytt til livskvalitet og tilgang til ulike tilbod og arenaer, og kva barrierar innbyggjarane meiner er viktige på dei ulike samfunnsområda.

I kapittel 4 skilder me korleis fylkeskommunen jobbar, på tvers og på dei ulike avdelingane, med utgangspunkt i fagområda som har vore vurdert til å vera mest relevante.

Til slutt i rapporten, kapittel 5, samanfattar me erfaringane med arbeidet med universell utforming og drøftar mogelege og fornuftige grep for å styrka arbeidet med universell utforming. Me gir også oppsummerande konklusjonar og anbefalingar.

¹⁴ Sjå f.eks. Store norske leksikon, <https://snl.no/strategi>

¹⁵ Sjå f.eks. Pollitt og Hupe (2011)

2 Metode

Datainnsamlinga for tilstandsrapporten har vore gjort gjennom intervju, ein dokument- og litteraturgjennomgang og ein gjennomgang av tilgjengeleg statistikk og talmateriale.

2.1 Intervju

Me har gjennomført 15 intervju med tilsette i fylkeskommunen og valde representantar som sit i rådet for personar med funksjonsnedsetting, og Fylkeseldrerådet. Desse er i all hovudsak gjennomført som individuelle intervju. Nokre få vart gjennomført i gruppe.

Utgangspunktet for å rekruttera og intervju informantar var at me ønskja å få eit overordna bilete på korleis fylkeskommunen jobbar med universell utforming. Dette omfattar både fylkeskommunen si rolle som tenesteleverandør og rolla som samfunnsutviklar. Målet har vore å dekkja alle rådsområda i fylkeskommunen og dei mest relevante avdelingane.

På grunn av prosjektet si avgrensa ramme har me vald ut dei forvaltningsområda me meiner hadde relevante krav og oppgåver knytt til universell utforming, samt har ansvar for publikumsretta tenester. Hovudvekta av intervju har vore med fagtilsette i avdelingane. Me har i liten grad intervju leiarar og operativt tilsette, som til dømes utførarar av faktiske samferdsels- eller IKT-løysningar eller lærarar i skulen.

Val av intervjuobjekt har vore gjort i samråd med kontaktpersonar frå fylkeskommunen.

Intervju dekkjer forvaltningsoppgåver knytt til:

- Planarbeid
- Miljø og klima
- Folkehelse
- Kulturarv
- Kollektiv, infrastruktur og veg
- By- og stadutvikling
- Utdanning
- Bygg og anlegg
- Friluft
- Innkjøp
- Bibliotek

Me har i tillegg gjennomført eit intervju med representantar for rådet for menneske med funksjonsnedsetting. Intervju av tilsette inkluderer også ein person med særleg brukarerfaring.

2.2 Dokument- og litteraturgjennomgang

Me har gjort ei avgrensa dokument- og litteraturgjennomgang for å få informasjon om kva som finnast av kunnskap om universell utforming i Vestland. Litteraturgjennomgangen baserer seg i stor grad på fire sentrale rapportar som gjer greie for status på universell utforming i Noreg.

- Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (2020) Universell utforming. Tilstandsanalyse og kunnskapsstatus.
- Proba-rapport 2019-16 Kunnskapssammenstilling og evaluering av regjeringens handlingsplaner for universell utforming
- Proba-rapport 2020-4 Erfaringer med bruk av IKT-løsninger blant personer med funksjonsnedsettinger
- Proba- rapport 2022-7 Kunnskap om universell utforming i Viken

Dei to første rapportane gjer greie for universell utforming i Norge og syner eit bilete på kva status er nasjonalt. Den tredje rapporten er avgrensa til ei utgreiing om status på IKT-løysingar, medan den siste rapporten har me vurdert som relevant då den fokuserer på det fylkeskommunale forvaltningsnivået. Utover desse rapportane, har me gjort enkelte søk på internett og i Google Scholar for å fanga opp nyare litteratur.

Dokumenta som er gjennomgåtte består av strategiar og planar for Vestland fylkeskommune. For fylkeskommunen sine ansvarsområde der me ikkje har gjennomført intervju, støttar me oss i stor grad på offentlege og interne dokument for å skildra ansvaret og verkemidlar for universell utforming.

2.2.1 Bufdir og KS sine tilskotsordningar

Som ein del av kartlegginga av status for arbeidet med universell utforming i Vestland har me kartlagt prosjekt som har fått tilskot frå Bufdir si tilskotsordning for universell utforming, og gjennom KS' nettverk for universell utforming.

Bufdir har ei tilskotsordning for universell utforming, og tilskot gis til aktørar som ønskjer å gjennomføra prosjekt innan kompetanseheving, kunnskapsutvikling, og informasjon innanfor universell utforming. Både statlege, fylkeskommunale, kommunale og private institusjonar og verksemder, samt stiftelsar, forskingsinstitusjonar og organisasjonar kan søke om tilskot. Formålet med ordninga er å utvikla og styrka universell utforming som ein kvalitet ved samfunnet, samt å gi personar med funksjonsnedsettingar betre livskvalitet og auka likestillinga. Ordninga si målgruppe er personar med funksjonsnedsettingar.¹⁶

Dei siste ni åra har KS drive eit nettverk om universell utforming. Kommunane og fylkeskommunane som deltek tileignar seg nye verktøy, metodar og fagleg påfyll på området, samt eit breiare nettverk av fagfolk frå andre kommunar og fylkeskommunar. Nettverket si målgruppe er både administrativt tilsette og folkevalde i kommunar og fylkeskommunar, som har engasjement og ansvar for universell utforming som fagområde.¹⁷

KS og Bufdir i samarbeid har ein eiga utlysing for tilskot for medlemmar i dette nettverket, i tillegg til Bufdirs ordinære tilskuddsordning.¹⁸ Tildelinga av tilskot gjennom denne ordninga gjerast kvart år. Midla gis frå Bufdir – KS bidrar ikkje med midlar til denne tilskuddsordninga.¹⁹

¹⁶ Henta 20.01.23 frå: https://bufdir.no/Tilskudd/Soke_om_tilskudd/Likestilling_og_inkludering/tilskudd_uu/

Henta 20.01.23 frå: https://uu-k1.no/wp-content/uploads/2018/02/Tilskudd_Bufdir.pdf

¹⁷ Henta 20.01.23 frå: <https://www.ks.no/fagomrader/velferd/universell-utforming/kommunenettverk-universell-utforming/>

¹⁸ Henta 20.01.23 frå: https://uu-k1.no/wp-content/uploads/2018/02/Tilskudd_Bufdir.pdf

¹⁹ Korrespondanse med kontaktperson for tilskotssordninga i Bufdir, per e-post 11.02.22.

Resultata frå kartlegginga av prosjekt som har fått tilskot frå Bufdir si tilskotsordning finnast i Vedlegg 1.

2.3 Statistisk materiale

Me har undersøkt ulike kjelder med statistisk materiale og henta ut data der det har vore relevant, og der det har vore mogleg å få tilgang til data. Kjeldene me har sjekka ut er Kartverket sitt verktøy for registrering av tilgjenge i tettstader og friluftsområde, folkehelseundersøkinga til FHI i Vestland, data frå Vestland i Statsbygg sitt registreringsverktøy «Bygg for alle», statistikk over levekår for personar med funksjonsnedsettingar frå SSB, og data frå registreringsverktøyet til Kommunalteknisk Foreining, «IK-bygg». Det har ikkje vore mogleg – av grunnar som vert utdjupa under – å få statistikk for Vestland frå dei to sistnemnde kjeldene. I det vidare skildrar me dei forskjellige datakjeldene.

2.3.1 Data frå Kartverket

Data frå Kartverket om registreringar av tilgjenge for objekt i tettstader og friluftsområde i Vestland er ein viktig del av datamateriale som me baserer kunnskapssamanstillinga på. Kartverket har utvikla applikasjon og rettleiar for registrering av tilgjengedata for tettstader og uteområde. Via nettstaden Norgeskart.no kan ein innhenta informasjon om tilgjenge/tilgang i tettstader og uteområde for rullestolbrukarar og personar med synsvanskar. Informasjonen på nettstaden skal syna avgrensingar og moglegheiter for brukarar når desse skal bevega seg i eit område.

Kommunar og fylker kan få tilskot – frå Kommunal- og distriktsdepartementet gjennom Kartverket – til å gjennomføra kartleggingar av tilgjenge. Tilgjengeprosjektet til Kartverket starta allereie i 2004, med kartleggingar av tilgjenge i Oslo sentrum. I byrjinga vart arbeidet i felt utføra av Kartverket, men frå og med 2015 har arbeidet i større grad vorte utføra av kommunane og fylkeskommunane sjølv (Kartverket, 2022). Friluftsområde har vore i fokus i Kartverket sitt kartleggingsprosjektet.

For tettstader registrerast tilgjenge for:

- Inngangar
- HC-parkeringsstader
- Parkeringsområde
- Sitjegrupper
- Veg

For friluftsområde registrerast tilgjenge for:

- Baderampar
- Fiskestader
- Gapahuk/Hytter
- Grill-/Bålstader
- HC-parkeringsstader
- Parkeringsområde
- Sitjegrupper
- Toalett
- Turveg

Tilgjenge vurderast etter tre kategoriar, tilgjengeleg, delvis tilgjengeleg og ikkje tilgjengeleg.

For kvar type objekt registrerast ei rekke funksjonar. For inngangar registrerast til dømes avstand til parkering, stigningsadkomst, rampe, handlist mv. Det registrerast

også informasjon om bygningsfunksjon, eksempelvis om det er undervisningsbygg, offentlig forvaltning, idrett, omsorgsbolig, transport mv.

For ei meir detaljert skildring av data syner me til rettleiar hjå Kartverket.²⁰ Det finnast meir informasjon om datagrunnlaget og korleis aktuelle data hentast frå GEONORGE på Kartverket.no.²¹

Avgrensingar i data

- Det kartleggast berre tilgjenge for rullestolbrukarar og personar med synsvanskar. Kartverket opplyser om at kriteriesettet ikkje er fullstendig, men at det syner eit godt bilete av situasjonen.
- Det finnast ingen funksjon i databasen som synar historikk til enkelte objekt (berre registrert og sist oppdatert). Det er difor små moglegheiter til å sjå endringar over tid, til dømes er det vanskeleg å vita om det gjennomførast tiltak for å betre tilgjenge.
- Det er ikkje garantert at kommunane oppdaterer sine data etter å ha gjennomført oppdateringar av strukturane, til dømes av vegnettet.
- I 2017 kom det nye krav (TEK17) som førte til ein del endringar i tilgjenge.
- Det er ingen standard for kva og kor mykje ein kommune skal kartleggje.
- Statistikken vektast ikkje etter kommunestorleik, kvar registrering behandlast likt.

2.3.2 Folkehelseundersøkinga til FHI

For å svara ut problemstilling 4 i oppdraget «Kva er dei største barrierane for deltaking i samfunnet i Vestland fylkeskommune?» – og også problemstilling 1 og 2 – har me innhenta statistikk frå folkehelseundersøkinga i Vestland for 2022. Undersøkinga vart gjennomført av fylkeskommunen i samarbeid med Folkehelseinstituttet på våren 2022.²² Spørsmåla i undersøkinga handlar om forskjellige forhold som har betydning for folkehelsa i Vestland fylkeskommune. Desse er:

- Nærmiljøet og kommunen
- Helse og helserelaterte levevanar
- Sosial støtte og livskvalitet
- Skadar og fysisk miljø
- Transportvanar
- Demografiske opplysningar

Me ønskja i utgangspunktet å få tilgang til rådata frå undersøkinga, slik at me kunne gjere våre eigne uttrekk. Me ønskja data differensiert på kommunenivå, slik at me kunne undersøkje forskjellar på tilgang til fasilitetar og servicetilbod internt i fylket. Grunna føresegner om personvern og samtykke knytt til Vestland si folkehelseundersøking måtte då FHI ha anonymisert data for oss, noko som hadde

²⁰ Rettleiing til registrering av tilgjenge: <https://www.kartverket.no/geodataarbeid/tilgjenge-og-universell-utforming/rettleiing-for-kartlegging-av-tilgjenge>

²¹ Informasjon om data om tilgjenge: <https://www.kartverket.no/geodataarbeid/tilgjenge-og-universell-utforming/data-om-tilgjenge-i-tettstader-og-friomrade>

²² Folkehelseundersøkinga Vestland: <https://www.vestlandfylke.no/folkehelse/folkehelseundersokinga-2022/>

krevja for mykje ressursar. Me etterspurde difor frekvenstabellar for utvalde spørsmål. Me har enno ikkje motteke desse, men har fått indikasjonar på at dei vil vera oss i hende i løpet av januar månad. Spørsmåla me bad om var følgjande.²³

- Spørsmål 1.2-1.8 om tilgang til fasilitetar og servicetilbod lokalt, inkludert spørsmåla om årsaker til at respondentane opplever at tilgjenge til ulike tilbod er dårleg/svært dårleg.
- Spørsmål 2.6-2.10 om psykiske plagar.
- Spørsmål 3.4-3.6 om einsemd.
- Spørsmål 6.1 om livskvalitet.

Me etterspurde tabellar med svarfordelingar for spørsmåla ovanfor for i) alle respondentar, ii) respondentar som har svara «ja» på spørsmål 2.17 (om dei har ei funksjonsnedsetting) og iii) respondentar som har svara «i nokon grad» eller «i stor grad» på spørsmål 2.17a om korleis funksjonsnedsettinga påverkar kvardagen deira.

Me etterspurde også ein tabell som syner svarfordelinga i det totale utvalet av respondentar av Vestland på spørsmål 2.17 og 2.17a om funksjonsnedsetting.

Basert på spørsmåla me har vald ut frå undersøkinga vil det vera mogleg å svara ut problemstillingar om:

- Forskjellar i tilgang/opplevd tilgjenge (kultur, idrett, butikkar, transport, friluftsliv, gang- og sykkelveggar) mellom personar med og utan funksjonsnedsetting i Vestland.
- Forskjellar i opplevd livskvalitet, psykisk helse, einsemd for personar med og utan funksjonsnedsetting i Vestland.

2.3.3 Registreringar i «Bygg for alle» (Statsbygg)

Statsbygg nyttar, og er systemforvaltar for, registreringsverktøyet *Bygg for alle*. Statsbygg og andre offentlege aktørar nyttar verktøyet til å registrera og dokumentera tilstanden knytt til universell utforming for sine bygg og tilhøyrande uteområde. Brukarar kan søka opp bygg og uteområde dei skal ferdast i Bygg for all sin publikumsløysing, og der kan dei sjå eventuelle avvik og hindre.

Vestland fylkeskommune har eit eige institusjonsområde i verktøyet, der tilstanden for dei ulike bygga er registrert. Institusjonsområdet er framleis kalla Hordaland fylkeskommune. I arbeidet med tilstandsrapporten har me ikkje fått informasjon om at Sogn og Fjordane har nytta seg av verktøyet. Vidare har me inntrykk av at Vestland den seinaste tida ikkje har gjennomført så mange nye registreringar.²⁴

Det er per no registrert tilgjenge for totalt 104 bygg i Vestland i Bygg for alle.²⁵ 29 av desse er tannklinikkar og 26 er vidaregåande skuler. Vidare er 6 registreringar andre typar skulebygg – som fagskule, folkehøgskule, jordbruksskule m.m. – medan det er 2 registreringar av kulturbygg, høvesvis bibliotek og kunstmuseum. Det er òg registrert tilgjenge for eit fylkeshus.

²³ For spørsmålsformuleringane og svaralternativa, sjå spørjeskjema på følgjande URL: <https://www.fhi.no/contentassets/5da10fb844d44af8e3e84ebf979e8d0/folkehelseundersokinga-i-vestland-vis---nettskiema-nyn.pdf>

²⁴ Kartlegginga av rutinar for registreringar peiker på at arbeide med kartleggingar har vore lite operativ etter at personen som held i arbeide i Vestland ikkje arbeider i fylkeskommunen lengre.

²⁵ Desse er ikkje medrekna registreringar som er stengt for publikumsviising i løysinga.

Me har nytta registreringane i verktøyet til å finna ut kor stor del av dei vidaregåande skolane, andre opplæringsbygg, tannklinikane, kulturbygga og fylkeshusa (fylkeskommunen sine administrasjons- og publikumsbygg) som er kartlagt og registrert i bygg for alle. Me har ikkje gått nærare inn på dei ulike registreringane og rapportert på tilgjenge/ikkje tilgjenge i dei forskjellige bygga. Grunnen til dette er at verktøyet ikkje er eit statistikkverktøy, men ei publikumsløysing der ein kan gå inn og sjå tilgjenge til det konkrete bygg.

For å finna «nemnaren» – altså talet på vidaregåande skular, tannklinikkar og dei andre fylkeskommunale bygga nemnd over – har me nytta forskjellige metodar. Me har nytta fylkeskommunen sine nettsider for å få oversikt over totalt tal på vidaregåande skular og tannklinikkar, og rekna ut kor mange av desse som er registrert i Bygg for alle. På den måten fekk me og «luka ut» skular og tannklinikkar som ikkje lengre finnast/der bygget ikkje lengre er i bruk, men som likevel ligg som ei aktiv registrering i Bygg for alle. Me fann at det er ein del registreringar i Bygg for alle som gjeld bygg som ikkje brukast.

For dei andre typene av bygg har me nytta ei oversikt over bygg som eigast av fylkeskommunen, og som er forsikra,²⁶ i tillegg til søk på internett. Me fekk oversendt oversikta frå Stabsavdeling for organisasjon og økonomi i fylkeskommunen. I oversikta er det registrert forskjellig relevant informasjon om bygga, mellom anna kva verksemd som drivast der. Me valde ut nokre kategoriar med bygg som det er nærliggande å tru at nyttast av publikum og/eller tilsette i fylkeskommunen sin administrasjon – i tillegg til dei vidaregåande skolane og tannklinikane – og sjekka kor mange bygg fylkeskommunen eiger innanfor kvar kategori. Kategoriane me valde var som nemnd andre opplæringsbygg (som folkehøgskule, jordbruksskule, teknisk fagskule m.m.), kulturbygg og fylkeshus. Ei svakheit med å nytta oversikta over forsikra, eigde bygg i utrekninga av kor stor del av bygga som er registrert i Bygg for alle, er at «nemnaren» ikkje inkluderer leide bygg.

Når me las gjennom registreringane til Vestland fylkeskommunen i Bygg for alle, rekna me ikkje med bygg som er stengde for publikumsvisning. Statsbygg opplyser om at bygg kan stengast for publikumsvisning i løysinga av mange årsaker, mellom anna totalrehabilitering, sal, eller midlertidig stenging over ein periode. Me har ikkje funne ut kvifor dei forskjellige bygga det gjeld er registrert i løysinga, men stengt for publikumsvisning.

2.3.4 Statistikk frå SSB

Det finnast statistikk om levekår for personar med funksjonsnedsettingar på regionalt nivå og på kommunenivå. SSB har laga ein statistikk over personar med funksjonsnedsetting, definert som personar som mottek uføretrygd, grunnstønad, hjelpestønad eller hjelpemidlar frå NAV. For desse gruppene er det statistikk på mellom anna følgjande tema:

- Bruk av hjelpemidlar
- Utdanningsnivå
- Inntekt
- Eigarstatusen til bustaden
- Trongbuddheit
- Arbeidstid

²⁶ Bygg med verdi under 250 000 kroner er ikkje inkludert i oversikta.

Alle dei nemnde indikatorane er fordela på kjønn, alder, kva for stønad dei mottek og kva slags hjelpemiddel dei har. Dei offentleggjorde statistikkane er alle berre på nasjonalt nivå. SSB har opplyst at dei førebels vurderer det slik at dei ikkje vil publisera tal på kommunenivå. Grunngevinga er at populasjonen er liten i små kommunar. SSB publiserer ikkje data dersom det er færre enn fem observasjonar. Etableringa av statistikken gjer at SSB vil kunne laga ei geografisk nedbryting på bestilling frå offentlege aktørar, til dømes statistikk på fylkesnivå.

I dette prosjektet har det ikkje vore mogleg å bestilla denne statistikken for Vestland fylke, grunna prisen for uttrekk frå SSB var for høg sett opp mot den økonomiske ramma for prosjektet. Me tilrår at fylkeskommunen sjølv bestiller statistikken – om mogleg – slik at dei kan gjera analysar som kan bidra til å gje meir innsikt i barrierar for personar med funksjonsnedsettingar i fylket.

Det finnast og statistikk frå SSB knytt til miljøforvaltning (tabell 12243), som seier noko om omfang av rekreasjonsområde i tettstad, inkludert universell utforming av desse. Frå tabellen kan ein henta ut informasjon om talet på rekreasjons- og friluftsområde i Vestland, som er tilrettelagt etter prinsippa om universell utforming. Me har vald å ikkje inkludera desse tala i rapporten, fordi me ikkje finn informasjon om korleis tilgjenge for desse områda er vurdert, og kven som har rapportert tala inn til SSB. Me veit ikkje om det er kommunane, fylkeskommunen eller andre. Det er likevel potensiale for at desse tallane kan brukast av fylkeskommunen seinare.

I tilstandsrapporten har me nytta oss av statistikk frå SSB om:

- Kommunale bustader som er tilgjengelege for rullestolbrukarar, tabell 12195
- Tal over bustadblokker med og utan heis, tabell 10148

2.3.5 Data frå IK-bygg

Internkontrollsystemet IK-bygg²⁷ brukast av omtrent 150 kommunar. Kartlegging av universell utforming inngår i systemet, og det er kommunane sjølv som kartlegg og rapporterer (Bufdir, 2020). Desse tala er altså ofte ikkje basert på konkrete målingar, men på vurderingane til forskjellige kommunetilsette.

Tilstandsvurderingane frå IK-bygg er basert på ein norsk standard for tilstandsanalyse av byggverk (NS 3424:2012), kor talkodar frå 0 til 3 indikerer om tilstanden er vurdert som å vera i orden (0-1), ha avvik/feil (2) eller ha alvorlege avvik/feil (3).

Under tema universell *utforming* er tre faktorar vurdert, bygninga si plassering, tilkomst og bygninga si tilgjenge.

Som ein del av førebuingane til datainnsamlinga i dette kartleggingsprosjektet tok me kontakt med Norsk Kommunalteknisk Forening (NKF), som eiger IK-bygg. Vestland fylkeskommune er ikkje medlem av NKF og nyttar ikkje IK-bygg for å gjera registreringar for sine eigedommar. Me har heller ikkje fått tilgang til data for kommunane i Vestland som er medlem av NKF og som har gjort registreringar i verktøyet, då dette krev samtykke frå kvar enkelt kommune.

For å få ei systematisk oversikt over registreringar i IK-bygg, anbefaler me Vestland fylkeskommune å samarbeida med kommunane i fylket slik at dei kan få innsikt i kven som er registrert og kva tilstandsvurderingane seier om status. I framstillinga av status for tilgjenge i bygg, basert på data frå IK-bygg, nyttar me resultatane frå dei 150 kommunane som er registrert. Me syner resultatane knytt til vurdering av bygga si tilgjenge.

²⁷ IK-bygg: <https://www.ikbygg.no/>

Buudir (2020) refererer til nasjonal statistikk frå IK-bygg i si oversikt over Tilstand og kunnskapsstatus på UU-område i Noreg, men korkje tal frå Hordaland eller Sogn og Fjordane rapporterast i denne utgivinga.

3 Kunnskapssamanstilling

I dei følgjande kapitla svarar me ut problemstillingane for oppdraget. I dette kapitelet presenterer me eksisterande litteratur og anna talmateriale som synar status for universell utforming nasjonalt og i Vestland fylkeskommune, der me har funne data. Utgreiingane for status er dela inn etter sektor, og kvart delkapitel har ei samla vurdering til slutt.

Som ein del av kartlegginga har innhenta oversikt over utviklingsprosjekt i Vestland og i dei tidlegare fylkeskommunane som har fått støtte gjennom Bufdir si tilskotsordning for kompetanseheving, kunnskapsutvikling, og informasjon innanfor universell utforming.

Vidare samanfattar me litteratur som gjer greie for levekår for menneske med funksjonsnedsettingar. Både kunnskap om status på universell utforming og levekår gir indikasjonar på kva barrierar menneske med funksjonsnedsetting opplever. I siste del av kapitelet presenterer vi litteratur som eksplisitt belyser barrierane, slik dei er opplevd av menneske med funksjonsnedsettingar.

3.1 Generell kunnskapsstatus

Bufdir publiserte i 2020 ein rapport som tok føre seg tilstandsanalyse og kunnskapsstatus på universell utforming i Noreg. Rapporten søkjer å gi ei oversikt over status på universell utforming i Norge. Forfattarane er tydelege på at denne oversikta har klåre avgrensingar. Dette i form av at det i liten grad er gjort systematiske målingar av tilgjenge og universell utforming i Noreg, dessutan er feltet universell utforming svært omfattande og rører ved ei rekke fagområde som IKT, transport, planlegging, bygg, anlegg, uteområde, produkt og tenester.

Rapporten teiknar eit bilete av eit samfunn i utvikling, men der det framleis er mykje som står att i arbeidet med å skapa eit universelt utforma samfunn. Gjennomgangen syner område som i liten eller ingen grad er kartlagt eller undersøkt. Mangel på systematisk måling av utvikling av universell utforming er eit av hovudfunna i rapporten.

I 2019 publiserte Proba rapporten «Kunnskapssammenstilling og evaluering av regjeringens handlingsplanar for universell utforming». Overordna syner kunnskapssamanstillinga at ein veit lite om effektane av universell utforming - særleg om nytta, men også om kostnadane. Ein har difor eit svakt grunnlag for å prioritera mellom ulike verkemidlar og satsingsområde.

I 2022 gjorde Proba ei kunnskapssamanstilling om status på universell utforming i Viken fylkeskommune. Også her vart status på universell utforming i forskjellige sektorar undersøka. Resultata frå kartlegginga tyda på at kunnskapen om tilstanden når det gjaldt universell utforming i Viken var ganske låg, og man må i dei fleste døme sjå til nasjonale tal for å få en indikasjon på tilgjenge. Det gjeld nesten alle område, dvs. offentlege bygg og uteområde, inkludert skule og kulturbygg, bustad, IKT, friluftsliv og samferdsel. Informasjonen var til dels mangelfull, til dels fragmentert og i dei fleste tilfelle, i liten grad systematisert. Det finnast ikkje tilgjengelege oversiktar som syner kor mange strukturar eller system som har vorte kartlagt sett i forhold til den totale populasjonen.

3.2 Bygg

3.2.1 Status nasjonalt

Det varierer mykje i kor stort omfang kommunar og fylkeskommunar har kartlagt om bygg er universelt utforma. Det er opp til kommunar og fylkeskommunar sjølve å gjennomføra kartleggingar. Samanlikning av kommunar og identifisering av utviklingstrekk over tid er utfordrande fordi kunnskapen finnast i forskjellige register, og omfattar ulike kategoriar av bygningar (Bufdir, 2020). Vidare tyder funn frå Bufdir (2020) og Proba (2022) på at det gjennomførast ein del kartleggingar som ikkje vert rapportert til nokon felles database eller system som gjer dei tilgjengelege for offentlegheita. Det er difor usikkerheit knytt til kor mykje kunnskap som finnast om tilstanden for universell utforming av bygg og anlegg i kommunane. Tilstandsanalysen i Bufdir 2020 gjer ikkje grunnlag for å vurdere ulikheiter i universell utforming og tilgjenge mellom fylker.

I Bufdir si kommuneundersøking i 2017 kom det fram at 69 prosent av kommunane hadde gjennomført kartleggingar av bygg i nokon eller i stor grad (Bufdir, 2020). Her varierte det kva type bygg som har vore kartlagt, men tala tydar mellom anna på at kartleggingane dekkjer skuler i større grad enn barnehagar.²⁸

Unge Funksjonshemmede gjorde i 2021 ei undersøking av status for universell utforming i grunnskolen.²⁹ Undersøkinga syner at for 21 prosent av skulane er tilgjenge ikkje kartlagt (Fuglesang, 2021).

I Proba si kartlegging av universell utforming i Viken (2022) rapporterte 40 prosent av respondentane i kommunane at dei har gjennomført kartlegging av offentlege bygg og uteområde.³⁰ Berre 15 prosent hadde kartlagt kommunale bustadar. Eit fleirtal av representantane frå kommunane visste ikkje om bygga har vore kartlagt.

Vidare syna Proba (2022) at dei tre gamle fylka i Viken, Akershus, Buskerud og Østfold, alle hadde gjennomført kartleggingar av vidaregåande skuler, men at det ikkje var systematisk praksis for å følge opp kartleggingane med tiltak. Kunnskapen var heller ikkje systematisert etter samanslåing til nytt fylke. Det føreligg ingen nasjonale tal for gjennomførte kartleggingar av universell utforming av vidaregåande skuler. Registreringar i Vestland omtalast under, i avsnitt 3.2.2.

I Proba (2022) samanfatta forfattarane at den eksisterande kunnskapen om tilstanden for universell utforming av skular er sprikande, og det er vanskeleg å gi ei samla vurdering av denne. Særleg gjeld dette universell utforming av inngangspartia til skuler for menneske med fysisk funksjonsnedsetting og synshemming.

Det finnast to sentrale databasar som gjev informasjon om tilgjenge i bygg og anlegg, IK-bygg og Bygg for alle.³¹ Omtale av registreringar for Vestland gjerast i avsnitt 3.2.2.

IK-byggs statistikk, jf. Figur 3-1 og Figur 3-2, tydar på kommunane sjølve har vurdert at dei fleste bygg er tilgjengelege. Mellom 75 og 92 prosent av bygningane blir i verktøyet rapportert til å vera tilgjengeleg, avhengig av type bygning. Omsorgsbygg, sjukeheim

²⁸ Av kommunane som har gjennomført karteleggingar, rapporterer 62 prosent at dei har kartlagt barnehagar og 83 prosent at dei har kartlagt skuler.


²⁹ Undersøkinga var basert på ein spørjeundersøking til skoleadministrasjonen ved 2789 grunnskular i Noreg, en spørjeundersøking til representantar for Foreldrerådets arbeidsutval (FAU), samt besøk og intervju ved eit utval grunnskular (Fuglesang, 2021).

³⁰ Undersøkinga var blant plansjefar, folkehelsekoordinatorar og representantar i kommunane som sit i KS' nettverk for universell utforming.

³¹ Skildring av IK-bygg og Bygg for alle finnast i metodekapitlet, avsnitt 2.3.

og idrettsbygg blir rapportert å vera mest tilgjengelege (melom 83-92 prosent av bygningane), medan kulturbygg, rådhus, skular og barnehagar vert rapportert til å ha dårlegast tilgjenge (mellom 76-79 prosent av bygningane er tilgjengelege).


Figur 3-1 Vurdering av bygningens tilgjengelighet – IK-bygg



Statistikken om tilkomst (adkomst) til bygningar i IK-bygg, jf. Figur 3-2, skil seg lite frå vurdering av bygningen si tilgjenge generelt. Det er kulturbygg, skuler og barnehagar som vert vurdert til å ha dårlegast tilkomst.³²

³² Tilkomst i rådhus vert generelt vurdert til å vera betre enn bygningen si generelle tilgjengelegheit.

Figur 3-2 Vurdering av adkomst – IK-bygg



Note: Adkomst inneberer om barnehagen har tilfredsstillende handikapparkering, om gangadkomsten til barnehagen er tilfredsstillende, og om utearealet er universelt utformet.

Kartverket (2019) har utført ei kartlegging av tilgjenge av inngangspartia i offentlege bygg i meir enn 160 norske kommunar.³³ Det er tale om tilgjenge for rørslehemma og synshemma. Eit betydeleg tal inngangsparti er ikkje kartlagt, men nokre tendensar kan likevel trekkast fram.³⁴ Tal frå 2019 indikerer at brukarar av manuell rullestol møter fleire barrierar i inngangsparti. Av dei registrerte inngangspartia er 31 prosent *ikkje tilgjengelege*. 36 prosent er registrert som *delvis tilgjengelege*, medan berre 4 prosent er registrert som *tilgjengelege*. 29 prosent er registrert som *ikkje vurdert*. For brukarar av elektrisk rullestol er tilgjenge noko betre. 22 prosent av inngangspartia er tilgjengelege for denne gruppa, 32 prosent er registrert som delvis tilgjengelege, medan 20 prosent ikkje er tilgjengelege. 26 prosent av inngangspartia er ikkje vurdert. For personar med synsnedsetingar er 17 prosent av inngangspartia tilgjengelege, medan 25 prosent ikkje er tilgjengelege. For denne gruppa er 23 prosent av inngangspartia gjort delvis tilgjengelege, medan 25 prosent ikkje er vurdert (Bufdir, 2020).

Resultata frå Kartverkets kartlegging av offentlege bygg (2019) skil seg ganske vesentleg frå statistikken i IK-bygg. Status på tilgjenge er vurdert klart dårlegare av Kartverket. Ein sentral forskjell på statistikken er at data frå IK-bygg ikkje byggjer på ei

³³ Skildring er henta frå Bufdir (2020).

³⁴ Inngangspartia vart registrert som enten *tilgjengelig*, *delvis tilgjengelig*, *ikke tilgjengelig* eller *ikke vurdert* (Bufdir, 2020, s. 39)

konkret måling. Truleg kan også ulike definisjonar av tilgjenge forklara noko av forskjellen. Det synast ganske openbart at den reelle tilstanden av kommunale bygg, vurdert opp mot definisjon knytt til universell utforming, ikkje er så høg som det er rapportert i IK-bygg.

Undersøkinga av Unge Funksjonshemmede (2021) fann at 35 prosent av representantane frå skulane meiner skulen er *universelt utforma*, medan 55 prosent meiner den er *tilgjengeleg*. 8 prosent rapporterer at skulen *ikkje* er tilgjengeleg.³⁵ Berre 17 prosent av skulane oppgjer at dei har utarbeida ein tiltaksplan, retningslinjer eller strategiar for å gjera skulen meir tilgjengeleg for personar med funksjonsnedsettingar.

Samanfatning

Gjennomgangen over syner at det er store manglar når det gjeld kunnskap om universell utforming av bygningar. Det finnast ikkje noko samla tal på kor mange offentlege bygg som er kartlagt. Mangel på systematisk kartlegging og bruk av ulike verktøy for å kartleggja gjer kunnskapen mangelfull. I tillegg finn me at ein del kartleggingar ikkje leggst inn i opent tilgjengelege verktøy eller publiserast for allmennheita. Dette gjeld til dømes Bygg for alle. Kartlegging av universell utforming og tilgjenge er mest utbreidd for skuler og barnehagar. Kommunale bustadar skil seg ut som eit område der det er store kunnskapshol.

På nasjonalt nivå synast tilstanden for offentlege bygg å vera forholdsvis god når det gjeld omsorgsbygg, idrettsbygg og rådhus, og svakare for kulturbygg, skular og barnehagar. Den eksisterande kunnskapen om tilstanden for universell utforming av skular er sprikande, og det er vanskeleg å gi ei samla vurdering av denne. Samanstilling av kunnskap om universell utforming og tilgjenge av vidaregåande skuler verkar å vera særskilt fragmentert og lite systematisert.

Utan at me kjenner til konkrete målingar, synast det ganske openbart å vera betre tilgjenge i nye bygg enn i gamle.

3.2.2 Status i Vestland

Bygg for alle

Vestland fylkeskommune har eit eige institusjonsområde i verktøyet, der tilstanden for ulike bygg er registrert. Arbeidet med å registrera status på universell utforming og tilgjenge har hovudsakeleg vore gjennomført i gamle Hordaland. Som tidlegare nemna er det totalt 104 bygg der tilgjenge er registrert i Vestland.³⁶ 29 av desse er tannklinikkar og 26 er vidaregåande skuler.

Frå nettsida til Vestland fylkeskommune finn me at det er totalt 56 aktive tannklinikkar i fylket. Av desse er altså berre 29 registrert i Bygg for alle. Hovudforklaringa er at klinikkar frå gamle Sogn og Fjordane ikkje er registrert. Lista over registrera tannklinikkar finnast i Vedlegg 2.

Det finnast totalt 56 registrerte klinikkar for Vestland fylkeskommune i Bygg for alle, men 27 av desse finnast ikkje på fylkeskommunens nettsider. Ei forklaring kan vera at klinikkane ikkje lenger eksisterer eller at dei har endra namn, men me har ikkje sikker informasjon om dette.

³⁵ 2 prosent svarar at dei ikkje veit om deira skule er universelt utforma, tilgjengeleg eller ikkje tilgjengeleg (Fuglesang, 2021)

³⁶ Desse er ikkje medrekna registreringar som er stengt for publikumsvisning i løysinga.

Det er 43 offentlege vidaregåande skular i Vestland. Av desse er 26 kartlagt og registrert i Bygg for alle. Det finnast sju registreringar av skular som ikkje synast å vera aktive eller har endra namn. Lista over registrerte vidaregåande skular finnast i Vedlegg 2.

Oversikta over fylkeskommunen sine forsikra, eigde bygg syner at fylkeskommunen også eig andre typar skulebygg enn vidaregåande skular – det er ein teknisk fagskule, ein produksjonsskule, ein folkehøgskule og ein jord- og hagebruksskule. To av desse – den tekniske fagskulen og folkehøgskulen – er registrert i Bygg for alle.³⁷

Fylkeskommunen eiger også nokre kulturbygg – to museum, der eitt er midlertidig stengt og eit vitskapsenter. Eit av musea er registrert i Bygg for alle. I tillegg er eitt bibliotek registrert i løysinga. Eit google-søk syner at biblioteket ligg i eit kulturhus, men kulturhuset er ikkje registrert i Bygg for alle. Det er heller ingen andre kulturhus i fylket.

Det er registrert eit fylkeshus i Bygg for alle, men det går ikkje fram av informasjonen me har tilgang til kva for eit fylkeshus det er snakk om. Den nemnde oversikta over bygg syner at fylkeskommunen eig to fylkeshus – fylkeshuset i Leikanger og fylkeshuset i Bergen, og av fylkeskommunen sine nettsider går det fram Vestland fylkeskommune har besøksadresse i Førde. Det går fram på nettsida at Fylkeshuset i Bergen står ferdig i februar 2023 og at det vil vera universelt utforma og tilgjengeleg for alle.³⁸ Fylkeshuset på Leikanger er under ombygging.³⁹

Registreringar i løysinga til Kartverket

Me har også innhenta datamateriale frå Kartverket sin database om tilgjenge i tettstadar og uteområde for Vestland. Databasen har registreringar om 22 kommunar i Vestland. Tilgjenge for objekta som kartleggjast er vurdert for manuell rullestol, elektrisk rullestol og for synshemma. For dei to førstnemnde kategoriane er objekta vurdert enten som tilgjengeleg, delvis tilgjengeleg, ikkje tilgjengeleg, eller ikkje vurdert.

Proba (2022) fann i sin rapport for Viken fylkeskommune at Viken og Vestland er dei to fylkeskommunane der talet på kartlagde/registrerte inngonger til bygg i tettstader har auka mest sida 2016. Tabell 3-1 syner registrerte objekt for bygg i Vestland fylkeskommune sida 2017 og fram til og med 2021.

Tabell 3-1 Registrerte objekt for bygg i tettstad frå 2017-2021, Vestland

Type objekt	2017	2018	2019	2020	2021
Inngang til bygg (kor mange)	778	1124	1168	1173	1200

Kjelde: Kartverket

Tabellen syner at det har vore ei auke i talet på registreringar over inngangar til bygg frå 2017 til 2021. Registreringar av inngangar til bygg har flata ut over tid, og auka berre svakt frå 2018 til 2021.

³⁷ Det er og registrert fleire andre skular i Bygg for alle som ikkje finnast i oversikten med eigde bygg, det er tale om Hyssingen produksjonsskule, Stend jordbruksskule, Rubbestadnes yrkesskule, og Stord opplæringscenter.

³⁸ <https://www.vestlandfylke.no/nytt-fylkeshus/dette-er-det-nye-fylkeshuset/>

³⁹ <https://www.vestlandfylke.no/nyheitsarkiv/2021/fylkeskommunen-satsar-pa-leikanger/>

Tilgjenge for brukarar av manuell og elektrisk rullestol og for synshemma

Som tidlegare nemnt er tilgjenge for dei kartlagde objekta vurdert som tilgjengeleg, delvis tilgjengeleg, ikkje tilgjengeleg eller ikkje vurdert.

Berre 8 prosent av inngangane er vurdert som tilgjengeleg for brukarar av manuell rullestol. 71 prosent er vurdert som delvis tilgjengeleg, medan 12 prosent er ikkje tilgjengeleg. Registreringane vitnar om at mange vil treffa på utfordringar.

For brukarar av elektrisk rullestol er 18 prosent av inngangane vurdert som tilgjengeleg. 56 prosent er vurdert som delvis tilgjengeleg og 14 prosent som ikkje tilgjengeleg. Dei fleste avvika skyldast manglande rampe, ikkje automatisk eller halvautomatisk dørtype og avstand frå HC-parkeringsplass.

Ein kan få ein indikasjon på tilgjenge for synshemma i bygg ved å sjå på kartlagde inngangar til bygg som tilfredsstillar krav til kontrast.⁴⁰ Av inngongane som er kartlagd i tettstadsområde i Vestland så er det 33 prosent som har god kontrast, medan 36 prosent har inngonger med middels/dårleg kontrast. Dei resterande prosentane er ikkje vurdert.⁴¹

Resultata om tilgjenge for inngangar i Vestland er på om lag same nivå som nasjonale tall, jf. kartlegginga frå Kartverket (2019) omtalt i 3.2.1.⁴²

Bustad

SSB har statistikk over kommunale bustader som er tilgjengelege for rullestolbrukarar, jf. Figur 3-3.⁴³ Nasjonalt rapportererast det at 50 prosent av dei kommunale bustadene er tilgjengelege. For kommunar i Vestland er det i gjennomsnitt rapportert at 48 prosent av dei kommunale bustadane er tilgjengelege. Vestland er blant dei fire fylka som rapporterer om lågast prosent bustader som er tilgjengelege. På grunn av fylkessamanslåing vart det ikkje publisert data frå Vestland før 2020.

Nasjonalt bur 13 prosent av befolkninga høgare enn første etasje utan å ha heis (SSB, 2017). Dette gjeld 11 prosent av alle personar over 66 år, og ein nesten like stor del av personar over 80 år bur i andre etasje eller høgare utan heis. Tal over bustadblokker, syner at 63 prosent av bustadene i blokker i Vestland er utan heis.⁴⁴ Dette utgjer totalt 50 063 bustader. Vestland har den høgaste prosentdelen samanlikna med andre fylke. Prosentdelen av bustader i blokker utan heis har vorte redusert over tid i alle fylka.

⁴⁰ Krav basert på NS 11005: 2011


⁴¹ Objekt som ikkje kan vurderast, til dømes pga. bygningsarbeid.

⁴² Rapporteringa frå Kartverket 2019, skildra i Bufdir 2020, er ikkje heilt lik som tala me har fått frå Kartverket. Det er difor noko usikkerheit knytt til kor samanliknbare tala er.

⁴³ KOSTRA, kommunale boligar som er tilgjengelege for rullestolbrukarar, 2020-2021, tabell 12195.

⁴⁴ SSB, tabell 10148, <https://www.ssb.no/statbank/table/10148/tableViewLayout1/>

Figur 3-3 Kommunale bustader som er tilgjengeleg for rullestolbrukarar, 2020-2021



Kilde: SSB, tabell 12195.

Samanfatning av tilgjenge i bygg i Vestland

Gjennomgangen av registreringar av universell utforming og tilgjenge i bygg i Vestland syner at 60 prosent av dei vidaregåande skulane og 51 prosent av tannklinikkane er kartlagt i verktøyet Bygg for alle. Det er lite tilgjengeleg informasjon om fylkeskommunale bygg. Me kjenner ikkje til at det finnast ei samla vurdering av tilgjenge for bygga som er registrert, men det er mogeleg å gjera ei slik samanlikning.

Tal frå SSB indikerer at bustader i Vestland har noko svak tilgjenge samanlikna med dei fleste andre fylka.

Data frå kartverket om inngangar i bygg tydar på at Vestland er blant fylka som har flest registreringar. Tala syner at dei fleste inngangane vert vurdert som delvis tilgjengelege. Berre åtte prosent av inngangar for brukarar av manuell rullestol vert vurdert som tilgjengelege. Dette vil me karakterisera som lågt, sjølv om det ikkje skil seg stort frå nasjonale tal.

3.3 Uteområde

3.3.1 Status nasjonalt

Ifølgje Bufdir (2020) har ein ikkje nasjonale indikatorar for universell utforming av uteområde. Kommunane nyttar ulike verktøy i kartlegging av universell utforming av uteområde, noko som gjer det utfordrande å få ei samla nasjonal oversikt over tilstanden på området. Data registrerast ulikt i dei forskjellige kartleggingsverktøya. Likevel er det gjennomført enkelte granskingar og kartleggingar som kan gi ein indikasjon på kva status er.

Bufdir si kommuneundersøking frå 2017 syner at 14 prosent av kommunane melder at dei i stor grad har kartlagt uteområda sine. 39 prosent melder at dei i nokon grad har utført kartleggingar, medan 24 prosent i liten grad har det. 8 prosent svarar at dei ikkje

har kartlagt uteområda sine og 15 prosent veit ikkje om dei har gjort det. På spørsmål om kva type uteområde som var kartlagt, svara 52 prosent av kommunane at tilkomstmoglegheiter og parkering var kartlagt, medan 49 prosent gjorde kartleggingar av gater og fortau nær sentrum. 39 prosent hadde kartlagt friluftsområde og parkar (Bufdir, 2020). Proba-rapport 2022 fann at talet på registreringar av uteområde varierer betydeleg mellom kommunar.

Ved utgangen av 2019 hadde om lag 180 kommunar gjennomført kartleggingar i tettstader, og 242 kommunar hadde gjennomført kartleggingar av friluftsområde i Kartverkets verktøy.

Tilstanden på uteområde syner at mykje står att for å nå mål om universell utforming av uteområde (Bufdir, 2020). Blant kartlagde gater og vegar nasjonalt – dette gjeld fortau, gågate/torg, gangveg/sykkelveg og gangfelt – er 28 prosent tilgjengeleg for personar med synshemming. For brukarar av manuell rullestol er den tilsvarande delen 35 prosent, medan for brukarar av elektrisk rullestol er tilsvarande tal 54 prosent. Av turvegane som er kartlagde, er 19 prosent kategorisert som tilgjengelege for personar med synshemming, medan 26 og 40 prosent av turvegane er tilgjengelege for brukarar av manuell og elektrisk rullestol (Bufdir, 2020).

Det er viktig å påpeika at tala ikkje seier noko om det *reelle tilgjenge* då det ikkje finnst ei oversikt over talet på objekt. Me veit dermed ikkje om objekta som er kartlagde er representative. Basert på Proba-rapport (2022) om Viken og intervju som vart gjennomførte i denne kartlegginga, er kartlagde område truleg ikkje representative for alle objekt. Fleire fortel at kartlagde område gjerast basert på ei vurdering av kva for område som i utgangspunktet oppfattast som relevante for menneske med funksjonsnedsettingar og andre med behov for tilrettelagte turområde.

DELTA-senteret fant i ei undersøking av uteområde hjå 76 barnehagar i 26 kommunar at om lag 40 prosent av uteområde ikkje var tilrettelagt for barn med funksjonsnedsetting (Bufdir 2020). Det finnst lite tilgjengeleg kunnskap om uteområde i skular. Basert på kartlegging av inngangsparti i bygg av Kartverket (2019), som syna at berre to prosent av skuleinngangar er heilt tilgjengelege og at 34 prosent er delvis tilgjengelege for brukarar av rullestol, er truleg status at mange uteområde ikkje fyller krav til universell utforming.

3.3.2 Status i Vestland

Uteområde i tettstader - Kartverket

Me har innhenta data om registreringar av uteområde i Vestland. Tilgjenge for objekta som kartleggjast er vurdert for manuell rullestol, elektrisk rullestol og for synshemma. For dei to førstnemnde kategoriane er objekta vurdert som tilgjengeleg, delvis tilgjengeleg, ikkje tilgjengeleg, eller ikkje vurdert. Det finnst registreringar for 22 kommunar i Vestland.⁴⁵

Proba (2022) fann i sin liknande rapport for Viken fylkeskommune at Viken og Vestland er dei to fylkeskommunane der talet på kartlagde/registrerte inngonger i tettstader har auka mest sida 2016. Under følgjer ein tabell og ein figur som syner registrerte objekt for uteområde i tettstader i Vestland fylkeskommune sida 2017 og fram til og med 2021.

⁴⁵ Talet er basert på kommunar som har registrert parkeringsområde.

Tabell 3-2 Registrerte objekt for uteområde i tettstad frå 2017-2021, Vestland

Type objekt	2017	2018	2019	2020	2021
HC-parkeringsplass (kor mange)	311	413	463	509	509
Parkeringsområde (kor mange)	352	515	548	475	579
Sitjegruppe (kor mange)	59	95	99	237	454
Veg (km)	67,243	101,284	111,646	117,177	137,603

Kjelde: Kartverket

Me har innhenta data om registreringar av uteområde i Vestland. Tilgjenge for objekta som kartleggjast er vurdert for manuell rullestol, elektrisk rullestol og for synshemma. For dei to førstnemnde kategoriane er objekta vurdert som tilgjengeleg, delvis tilgjengeleg, ikkje tilgjengeleg, eller ikkje vurdert. Det finnst registreringar for 22 kommunar i Vestland.


Proba (2022) fann i sin liknande rapport for Viken fylkeskommune at Viken og Vestland er dei to fylkeskommunane der talet på kartlagde/registrerte inngonger i tettstader har auka mest sida 2016. Under følgjer ein tabell og ein figur som syner registrerte objekt for uteområde i tettstader i Vestland fylkeskommune sida 2017 og fram til og med 2021.

Tabell 3-2 syner at det har vore ei auke i talet på registreringar for alle typar objekt i uteområde for tettstad frå 2017 til 2021 – veg i kilometer, sitjegrupper, HC-parkeringsstader og parkeringsområde. Den prosentvise aukinga frå 2017 til 2021 er klart størst for sitjegrupper. Aukinga i registreringar av sitjegrupper tok seg særleg opp frå 2019 til 2021.

Tilgjenge for brukarar av manuell og elektrisk rullestol og for synshemma

Som tidlegare nemnd er tilgjenge for dei kartlagde objekta vurdert som tilgjengeleg, delvis tilgjengeleg, ikkje tilgjengeleg eller ikkje vurdert. I uteområde i tettstader i Vestland, er det kartlagde vegstrekingar som er vurdert som meist tilgjengelege for brukarar av manuell rullestol, sjå Figur 3-4. 37 prosent av kartlagt meter veg er vurdert som tilgjengeleg og 14 prosent er registrert som delvis tilgjengeleg. Av kartlagde HC-parkeringsstader er over 80 prosent av objekta vurdert som ikkje tilgjengelege for brukarar av manuell rullestol – dette er typen objekt i tettstader det verkar å vera flest utfordringar knytt til. Også blant kartlagde parkeringsområde i tettstad er ein stor del vurdert som ikkje tilgjengeleg – 67 prosent.

Figur 3-4 Tilgjenge for forskjellige objekttypar i tettstad, manuell rullestol (2021), prosent av alle kartlagde objekt av ein type



Kjelde: Kartverket

For brukarar av elektrisk rullestol er det gjort tilgjengevurderingar av veg, kor om lag 50 prosent er vurdert som tilgjengeleg. Om lag 25 prosent er vurdert som ikkje tilgjengeleg og om lag 20 prosent er vurdert som delvis tilgjengeleg.

Ein kan få ein indikasjon på kor tilgjengelege uteområde i tettstader i Vestland er for synshemma ved å sjå på kartlagde vegstrekningar.⁴⁶ Nærare 30 prosent av vegstrekningane som er kartlagd i tettstad har ledelinje, men berre 16 prosent, nesten halvparten disse strekningane har ledelinje med god kontrast. Heile 67 prosent av kartlagd vegstrekning har ikkje ledelinje. Det er likevel positivt at over 85 prosent av kartlagde vegstrekningar har fast og jamt dekke.

Det samla inntrykket er at tilgjenge for manuell rullestol for uteområde i tettstadsområder i Vestland har eit stor forbettringspotensial. Dette gjeld særleg HC-parkeringsstader og parkeringsområde. Dette funnet indikerer at personar med funksjonsnedsetting møter på barrierar allereie før dei har teke i bruk tilboda i tettstadsområda, til dømes dersom dei er avhengig av bil for å kome seg frå heimen sin til for eksempel kommunesentrumet.

Friluftsområde - Kartverket

Me har innhenta registreringar av friluftsområde i Kartverkets registreringsverktøy for Vestland. Tilgjenge for objekta som kartleggjast er vurdert for manuell rullestol,

⁴⁶ Er basert på utval av krav frå NS 11005: 2011

elektrisk rullestol og for synshemma. Det finnst registreringar frå 34 kommunar i Vestland.⁴⁷

For dei to førstnemnde kategoriene er objekta vurdert som tilgjengeleg, delvis tilgjengeleg, ikkje tilgjengeleg, eller ikkje vurdert. Tabell 3-3 syner kartlagde objekt for friluftsområde i Vestland fylkeskommune sidan 2017 og fram til og med 2021.

Tabell 3-3 Registrerte objekt for friluftsområde frå 2017-2021, Vestland

Type objekt	2017	2018	2019	2020	2021
Baderampe (kor mange)	3	3	4	10	23
Fiskestad (kor mange)	6	9	42	83	131
Gapahuk/Hytte (kor mange)	14	21	23	35	60
Grill-/Bål plass (or mange)	8	11	21	41	65
HC-parkeringsplass (kor mange)	15	16	20	22	37
Parkeringsområde (kor mange)	91	114	154	247	365
Sitjegruppe (kor mange) ^{***}	59	95	99	237	454
Toalett (kor mange)	42	52	55	68	105
Turveg (km)	17,617	49,675	84,044	214,762	430,498

Kjelde: Kartverket

Tala syner at registreringar i friluftsområde har den same tendensen som for tettstader: det har vore ei jamn auke i talet på registreringar for alle typene av objekt for friluftsområde frå 2017. Denne utviklinga gjeld òg for 2020 og 2021, sjølv om me her også må ta førehald om at veksten ikkje er helt korrekt, ettersom fylkessamanslåinga kan gi nokre feilkjelder. Den prosentvise aukinga i registreringar for 2017 til 2021 er størst for talet på fiskestader og kilometer turveg. Den prosentvise aukinga i registreringar av HC-parkeringsstader i friluftsområde er lågast.


⁴⁷ Talet er basert på kommunar som har registrert turveg.

Tilgjenge for brukarar av manuell rullestol og for synshemma

Tilgjenge for ei rekke objekttypar i friluftområde – mellom anna baderampe, turveg, grill-/bål plass og toalett – er vurdert for brukarar av manuell rullestol, sjå Figur 3-5 under. Frå figuren kan me sjå at en høy prosentdel av dei forskjellige kartlagde objekta er vurdert som *ikkje tilgjengelege*. Dette gjeld alle typar objekt, og spesielt HC-parkeringsplassar, parkeringsområde, og toalett. For desse ligg prosentdelen kartlagde objekt som ikkje er tilgjengelege på rundt 90 prosent. Me meiner dette er eit høgt tal, og på same måte som i tettstadsområde, indikerer tala for parkeringsområde- og plassar i friluftsområde at personar med funksjonsnedsetting møter barrierar allereie før dei har tatt i bruk friluftstilboda. Det vil ha lita hensikt å universelt utforme friluftsområda om brukarane ikkje har ein plass å parkera.

Det er objekttypane gapahuk/hytte, fiskestad og grill-/bålstad som er vurdert som mest tilgjengelege for brukarar av manuell rullestol. Det er om lag 30 prosent av desse objekta som er tilgjengelege.

Figur 3-5 Tilgjenge for forskjellige objekttypar i friluftsområde, manuell rullestol (2021), prosent av alle kartlagde objekt av ein type



Kjelde: Kartverket. Note: Prosentane summerast ikkje til 100 fordi det for fleire av objekta ikkje har vore mogelegheit til å gjera ein vurdering. Desse tala er ikkje tatt med i figuren.

Tilgjenge for brukarar av elektrisk rullestol er vurdert for objekttypane fiskestad, gapahuk/hytte, toalett og meter turveg. Blant desse kartlagde objekttypane er det turvegane som i størst grad er tilgjengelege. 46 prosent av kartlagde meter turveg er tilgjengeleg for desse brukarane. Deretter kjem fiskestad og gapahuk/hytte, der høvesvis 34 og 33 prosent er tilgjengelege. Toaletta i friluftområde er minst tilgjengelege for brukarar av elektrisk rullestol. Heile 80 prosent er vurdert som ikkje tilgjengelege. Det er nesten like mange toalett som ikkje er tilgjengelege for brukarar av manuell rullestol.

Også for friluftsområde kan ein få ein indikasjon på tilgjenge for synshemma ved å sjå på kartlagde objekt som tilfredsstillar eit utval av krav basert på NS 11005: 2011.

Kartverket har rekna ut kor stor del av kartlagde strekningar turveg som tilfredsstillers forskjellige krav til universell utforming. Dei har og rekna ut kartlagde toalett som tilfredsstillers krava.

Berre 12 prosent av vegstrekningane manglar ledelinje. Litt over 30 prosent av kartlagde vegstrekningar i friluftsområde innfrir krava til belysning, medan 100 prosent innfrir krava til frihøgde. 62 prosent av strekningane som er kartlagt har fast og jamt vegdekke.

Av toaletta i friluftsområde i Vestland har 63 prosent av dei kartlagde toaletta god belysning, medan 35 prosent av toaletta har inngong med god kontrast.

Det samla inntrykket er at tilgjenge for brukarar av rullestol i friluftsområde i Vestland er mindre god – særleg for manuell rullestol – og at tilstanden kan forbetrast mykje. Det er likevel viktig å nemne at det i mange døme vil krevja store ressursar å legge til rette alle friluftsområde på ein måte som gjer dei universelt utforma for alle. Det samla inntrykket er at synshemma har nokså god tilgang til turveggar i Vestland fylke, men at tilstanden kan forbetrast.

Midlar frå tilgjengespjektet til Kartverket

Fleire prosjekt i Vestland knytt til kartlegging av tilgjenge av friluftområde og/eller tettstadsområde fekk i 2019, 2020 og 2021 tilskot frå Kommunal- og distriktsdepartementet gjennom Kartverket (Kartverket, 2022; Kartverket 2021; Kartverket 2020). Desse tre åra vert syna fram her fordi det er laga sluttrapportar for tildelingane desse åra. Den økonomiske ramma for kvart av åra 2019, 2020 og 2021 var 1,1 millionar, 1 million og 1,5 millionar kroner. Vestland fylkeskommune (Hordaland før fylkessamanslåinga) har fått tilskot fleire gongar, og i tillegg har fleire kommunar i fylket fått tilskot til eigne prosjekt. Vedlegg 3 gir ei historisk oversikt over tildelingar av tilskot til forskjellige fylke, og syner at Vestland – saman med Viken er den fylkeskommunen som har motteke tilskot til flest kartleggingsprosjekt sidan 2015.

I perioden 2019 til 2021 har kommunar i Vestland motteke totalt 550 000 kroner. 15 kommunar har fått tilskott. Vestland fylkeskommune har fått tilskot to gonger: Gamle Sogn og Fjordane har fått tilskot ein gong.

Det går og fram av sluttrapporteringa at fylkeskommunen i etterkant av tidlegare kartleggingsprosjekt har forbetra fleire av forholda/elementa som er kartlagt. Eit døme er at turveggar har vorte rehabilitert for å auke tilgjengen og at fleire kommunar har laga universelt utforma fiskestader og badestader (Kartverket, 2022).

Rapport om universell utforming i Bergen

Bergen kommunen publiserte i 2022 en rapporten *Universell utforming på gang- og turveinettet i Bergen kommune*.⁴⁸ Rapporten gir ei oversikt over statistikk og kartleggingar av tilgjenge og universell utforming av gang- og turveinettet i Bergen kommune. Kartleggingar i Bergen kommune er gjennomført av både Statens kartverk og Plan- og bygnings etaten.

Rapporten konkluderer med at det er få samanhengande turruter frå start til slutt som oppfyller krav til tilgjenge. Vidare skriv forfatarane at det manglar ein systematisk metode for å velja område som skal kartleggast. I kartleggingane som er gjennomført av Kartverket er det ikkje tatt omsyn til spesielle problemområde og i liten grad tatt omsyn til viktige målepunkt (Bergen kommune 2022: 31-32). Mange kartleggingar har

⁴⁸ Bergen kommune (2022) *Universell utforming på gang- og turveinettet i Bergen kommune*. <https://www.bergen.kommune.no/politikere-utvalg/api/fil/bk360/5939123/Universell-utforming-pa-gang-og-turveinettet-i-Bergen-kommune>

til dømes ikkje startpunkt frå parkeringsplass eller kollektivhaldeplass. Forfattarane anbefaler at nye kartleggingar gjerast som ei samanhengande kartlegging frå startpunkt eller kollektivhaldeplass slik at heile turvegen er vurdert.

Me kjenner ikkje til at andre kommunar i Vestland har gjennomført ei slik analyse.

Samanfatning av tilgjenge i uteområde i Vestland

Datamaterialet tyder på at kunnskap om tilgjenge i uteområde i Vestland aukar. Det er derimot ikkje mogleg å seia noko sikkert om den totale kunnskapen, då det ikkje finnast oversikt over det samla talet på objekt.

Status om tilgjenge på kartlagde objekt synar at dei fleste ikkje oppfyller krav til universell utforming. Både i tettstader og i friluftsområde kjem parkeringsplassar særleg dårleg ut. Tilgjenge er vurdert til å vere dårlegast for brukarar av manuell rullestol. Tilgjenge for brukarar av elektrisk rullestol og for personar med synshemming er noko betre.

3.4 Offentleg transport

3.4.1 Status nasjonalt

All ny transportinfrastruktur, derunder busshaldeplassar, jernbanestasjonar, kollektivknutepunkt og flyplassar, skal i dag byggast med universell utforming. Utforming av bussar og tog har, saman med oppgradering av haldeplassar og terminalar, vore prioriterte område, og vil framleis vera det. Samstundes ser ein behov for ei meir heilskapleg satsing på å gjera reisekjeder samanhengande. Tiltak som bidrar til samanhengande, universelt utforma reisekjeder som mange har nytte av, vert prioriterte (Regjeringa, 2020).

Nasjonalt transportplan (NTP 2018 – 2029) syner i kapittel 6.2 «*Mobilitet for alle – universell utforming av transportsystemet*» på at sjølv om eit universelt utforma transportsystem er særleg nyttig for menneske med funksjonsnedsettingar, vil det også føra til auka mobilitet for alle (Samferdselsdepartementet 2017). I planen står mellom anna følgjande:

Universell utforming skal inngå i alle planer for oppgradering og bygging av ny infrastruktur innanfor etatenes og Avinors ansvarsområde. Kvalitets- og dimedanjoneringskrav fastsettes gjennom etatenes håndbøker og veiledere. Nye krav til universell utforming i drift og vedlikehold innarbeides løpende ved inngåelse av nye kontrakter.

Det er barrierar i offentleg transportsystem i Noreg i dag, noko som fører til lågare deltaking i samfunnet for nokre grupper. At transportsystemet er universelt utforma er avgjerande for korleis den enkelte kan delta på forskjellige arenaer (Veisten m.fl, 2020).

Ifølgje Bufdir (2020) varierer graden av universell utforming i ulike delar av samferdselssektoren. Anslagsvis er det 10 til 50 prosent av infrastrukturen – altså stasjonar, haldeplassar, flyplassar og ferger/skip – som er universelt utforma. Det varierer også mellom sektorane kor godt graden av universell utforming er kartlagt.

Det vart i 2017 gjennomført ei tilgjengevurdering av haldeplassar langs riksvegnettet, og det vart vurdert at om lag 10 prosent av dei rundt 6500 haldeplassane var universelt utforma. Vidare har Bufdir (2020) henta inn informasjon frå Jernbanedirektoratet om status for universell utforming på stasjonar på jernbanenettet. Det er 334 stasjonar, og 9 prosent av desse møter krava til universell utforming. 28,7 prosent er vurdert som

tilgjengeleg. Samleige stasjonar innfrir krav til eit universelt utforma informasjonssystem.

Avinor har meld til Bufdir (2020) at dei i 2018 ferdigstillar ei kartlegging av alle sine lufthavnar. Avinor har også laga ein tiltaksplan for universell utforming av terminalbygg på lokale og regionale flyplassar. Om lag 50 prosent av desse flyplassane har betydelege avvik når det gjeld universell utforming – dette er avvik som kan føra til risiko for personskadar. For å utbetra desse innan 2025 har det vorte laga ein tiltaksplan. Oslo lufthavn og nasjonale flyplassar nærmar seg i større grad dagen si gjeldande tekniske forskrift. Avinor granskar no moglege løysingar basert på appar, for orientering i terminalar gjennom mobiltelefon. Dei ser også på moglegheita for uttesting av slike løysingar ved Oslo lufthavn (Bufdir, 2020).

For skip og ferger varierer grada av universell utforming. Tal frå sjøfartsdirektoratet – gjeve til Bufdir på førespurnad – indikerer at 70 prosent av passasjerskip med sikringssertifikat er universelt utforma (Bufdir, 2020). For skip med passasjersertifikat er andelen berre 15 prosent. Denne kategorien av skip inkluderer fartøy i ordinær rutefart, charterbåtar og båtar til bruk på dagstur/sightseeing. 83 prosent av skip med sikringssertifikat for hurtiggåande passasjerskip innfrir krava til tryggleik for personar med rørslehemningar.

Det finnst også informasjon om universell utforming av inngangar til stasjonsbygg, bussterminalar, flyplassar og fergeterminalar på tettstader. Tal frå Kartverket frå 2019 syner at 1 av 10 inngangar er tilgjengelege for brukarar av manuell rullestol (Bufdir, 2020). Om lag 50 prosent er tilgjengeleg for brukarar av elektrisk rullestol, medan delen tilgjengelege inngangar er 27 prosent for personar med synsnedsettingar.

Det er ifølgje Bufdir (2020) ein lang veg å gå før universell utforming av kollektivtilbodet er oppnådd. Personar med funksjonsnedsettingar opplever barrierar ved bruk av kollektivtilbodet i mykje større grad enn resten av befolkninga, og personar med nedsett rørsleevne nyttar kollektivtilbodet i betydeleg mindre grad enn befolkninga elles.

Transportøkonomisk institutt (TØI) publiserte i 2022 ein rapport som søkjer å svara på kva som bør gjerest med universell utforming av transportsektoren i Norge.⁴⁹ Rapporten syner at ulike tiltak knytt til universell utforming har hatt eit einseitig fokus på enkeltgruppe og fysisk utforming, og at «fraksjonering» av transportsystemet bidreg til barrierar. Forfattarane konkluderer med at det er behov for standardisering på tvers av transportmidlar.

3.4.2 Status i Vestland

Me har funne svært lite tilgjengeleg informasjon om status for universell utforming av kollektivtilbodet i Vestland. Dette er i tråd med TØI-rapporten (2022: 55) som finn at det er få studiar som tek utgangspunkt i Vestland.

Bergen kommune sin rapport om gang- og turvegnettet tyder på at kollektivhaldeplassar er noko svakt kartlagt, men det er uklart frå kartlegginga om det er knytt til overgangar til turvegar eller om det er generelt.

For vurdering av tilgjenge og universell utforming er me nøydt til å støtte oss på intervjudata, jf. avsnitt 4.6. Informantane syner at det ikkje finnst noko generell oversikt over tilstanden på haldeplassar. Utfordringane for tilkomst til kollektivtilbodet vert i hovudsak vurdert til å vera svak tilgjenge i områda rundt haldeplassane, og ikkje haldeplassane isolert.

⁴⁹ Transportøkonomisk institutt (1896/2022) Universell utforming av transportsektoren i Norge.

Reiseplanleggaren til Skyss skal vera utforma for å ha god tilgjenge i løysinga. Det ligg også inne informasjon om tilgjenge til haldeplassar der det er registrert, samt ei mogelegheit å gje tilbakemelding. Bybanen trekkast av mange fram som eit tilbod som har ivareteke krava til universell utforming på ein god måte.

3.5 IKT-område

3.5.1 Status nasjonalt

Proba gjorde i 2020 ei kartlegging som resulterte i rapporten «Erfaringer med bruk av IKT-løysningar blant personar med funksjonsnedsettingar». Funna indikerer at mange IKT-løysingar fungerer dårleg for ein del personar med nedsett funksjonsevne. Det finnst mange ulike funksjonsnedsettingar, og mange personar kan ha éin eller fleire funksjonsnedsettingar. Det er store spenn i kva slags barrierar dei opplever. Ein større del av utfordringane skuldast truleg manglande medvit om universell utforming hjå utviklarane og kunnskap om kva som må til for å skapa enklare løysingar. Nokre døme på løysingar fleire slit med er skattemeldinga, NAV sine brukarsider og nettbank. Men system som nyttast i arbeidslivet er dei systema som har dei mest alvorlege barrierane var. Dette skuldast at dei har store konsekvensar for dei tilsette. Desse systema har ikkje krav om universell utforming.

Proba-rapport 2021 syna at arbeidet med universell utforming av IKT-løysingar synast å ha forholdsvis svak forankring i kommunane. Rapporten stiller også spørsmål ved kompetansen på universell utforming av IKT hjå tilsette i kommunane.

Proba-rapport 2022 om universell utforming i Viken fann at tilstanden for universell utforming av IKT på nasjonalt nivå var svak. Funna peika på at forankring av universell utforming av IKT i strategiar – og i kriteria for val av digitale læremidlar – var svak.

3.5.2 Status i Vestland

Me har ikkje funne studiar som skildrar status for universell utforming av IKT-løysingar i Vestland. Det er heller ikkje gjennomført intervju av tilsette som kunne vera kjelde til nyttig informasjon.

3.6 Tilskot til universell utforming i Vestland fylkeskommune

I tidsperioden 2017 til 2022 var det 25 prosjekt i kommunar i Vestland som fekk tildela tilskotsmidlar gjennom Bufdir si tilskotsordning for universell utforming. Av desse fekk 10 av prosjekta tilskotet gjennom KS sitt nettverk for universell utforming frå 2018 til 2022, medan dei resterande prosjekta var gjennom Bufdir si ordinære tilskotsordning.

10 av prosjekta handla om kartlegging og kompetanseheving i skule/barnehagesektor. I tillegg hadde eksempelvis Bergen kommune ved Bymiljøetaten i 2020 eit kartleggingsprosjekt som også kan sjåast opp mot barnehage/skulesektor. Tre andre prosjekt var også knytt til kartlegging av uteareal og nærområde.

Vidare var tre prosjekt direkte knytt til utvikling av og/eller planlegging av prosessar kring universell utforming i offentlege bygg og stader, til dømes museum, kino og diverse kommunebygg.

Dei resterande prosjekta handla om generell kompetanseheving hjå ulike sektorar i kommunane, tidlege prosjekteringar og kartleggingar knytt til konkrete deler av

helsetenester i kommunen, mellom anna tannlegeklinikkar. To prosjekt handla også om å utvikla rettleiarar.

Ingen prosjekt omhandla tiltak i samferdselssektoren. Nokre overordna skildringar av prosjekta finnast i Vedlegg 1.

3.7 Barrierar for deltaking

For å vidare svare ut problemstilling 4 i oppdraget, kva som er dei største barrierane for deltaking i samfunnet i Vestland fylkeskommune, samanfatar me i denne delen litteratur som omhandlar levkår og barrierar for deltaking for menneske med funksjonsnedsettingar i Noreg, samt utvalde internasjonale studiar. Dette gir ei indikasjon på kva for barrierar personar i denne gruppa møter i Vestland. Deretter presenterer statistikk frå folkehelseundersøkinga i Vestland i 2021 og intervjudata, som belyser tilgjenge på ulike samfunnsområde i Vestland. Til slutt samanfatar me alle funna frå kunnskapssamanstillinga.

3.7.1 Kva seier litteraturen om barrierar?

I det vidare presenterer me ei kort samanfating av dei viktigaste levkårsutfordringane for personar med nedsett funksjonsevne i Noreg. Dette seier indirekte noko om barrierane som hindrar deltaking frå denne gruppa. Det svarar likevel ikkje eksplisitt ut kva hindringar menneske med funksjonsnedsetting møter. I neste del samanfatar me forskning som seier noko om kva for barrierar som hindrar deltaking.

Levekår

Litteraturen er tydeleg på at menneskje med nedsett funksjonsevne har dårlegare levkår enn resten av befolkninga. Dette gjeld både knytt til objektive forhold som sysselsetting, inntekt, utdanning og helse (sjå til døme Finnvold, 2013; Tøssebro m.fl. 2015) og knytt til subjektive vurderingar. Ei nyare studie om livskvaliteten i den norske befolkninga syner at personar med nedsett funksjonsevne eller med psykiske plagar er ei av gruppene som har lågast subjektiv livskvalitet (Støren, Rønning og Gram, 2020). Dette gjeld både generelt og på alle dei fem livsområda respondentane vart spurt om: fysisk helse, psykisk helse, bustad, fritid og økonomisk situasjon.

Tøssebro m.fl. (2015) finn likevel at dei sosiale nettverka til personar med funksjonsnedsettingar – som ei samla gruppe – ikkje skil seg mykje frå resten av befolkninga (Tøssebro, m.fl., 2015). Det er likevel undergrupper som oftare kjenner seg einsame.

Studiar peiker også på at barn med fysiske funksjonsnedsettingar mistrivast i større grad på skulen, har svakare skuleprestasjonar og deltek mindre sosiale samanlikna med andre (Finnvold, 2013).

Nordbakk og Skollerud (2016) avdekkar at personar med rørslehemmingar i langt mindre grad deltek i aktivitetar utanfor heimen samanlikna med resten av befolkninga. Dette gjeld turar i skog og mark, i nabolaget og innkjøp av daglegvarer.

Barrierar for deltaking

I det vidare samanfatar me forskning på barrierar som hindrar deltaking for personar med funksjonsnedsettingar spesielt, på fire sentrale område – skole og utdanning, arbeidsliv, idrett og fritid, og transport. Fokus ligg primært på forskning frå Noreg.

Skole og utdanning

Studiar på barrierar for elevar i grunnskulen peikar hovudsakeleg på sosiale barrierar for deltaking. Finnvold (2013) finn i si undersøking at mindre enn halvparten av barna med funksjonsnedsettingar deltok i undervisning i klasserommet med andre barn. Wendelborg m.fl. (2020) syner også at skular har utfordringar med å tilby tilpassa opplæring for elevar med kognitive og samansette vanskar, som ofte resulterer i at dei er teke ut av klasserommet.

Sjølv om ikkje fysisk utforming vert skildra som hovudbarrierane for elevane med funksjonsnedsetting peiker Wendelborg m.fl. (2020) mange kommunar har praksis for å gjere utbetringar av tilgjenge når dei støytar på nye behov. Dette tydar på at skulane i utgangspunktet ikkje er universelt utforma.

Tøssebro m.fl (2015) finn at personar med funksjonsnedsettingar står overfor betydelege barrierar i utdanningssystemet. Barrierar dei møter er både knytt til å bevega seg, til transport, til læremidlar og til pensum. Fleire har også økonomiske utfordringar. Studien finn at personar med nedsett rørsleevne møter dei største problema i studiekvardagen, medan at utfordringar med sosiale relasjonar er størst blant studentar som er døde.

Proba (2018) har gjennomført ei kartlegging av barrierar for personar med nedsett funksjonsevne i høgare utdanning. Litteraturen om barrierar i høgare utdanning peiker på i hovudsak fem kategoriar av barrierar:

- *Barrierar i organisering og kommunikasjon* omhandlar utfordringar knytt til informasjon om, og tilgang til tilrettelegging ved utdanningsinstitusjonane, og system for tilbakemelding og medverking for studentane.
- *Pedagogiske barrierar* omhandlar utfordringar knytt til rammene for den pedagogiske aktiviteten, til dømes undervisningssituasjonen, korleis studentane vert vurdert og tilgang til studielitteratur.
- *Digitale barrierar* omhandlar tilgang til og funksjonen av, digitale løysingar og digital tilrettelegging.
- *Fysiske barrierar* omhandlar korleis utforming av bygg og fysiske omgivnader kan legge avgrensingar, under dette også tilgang til tilrettelagte studentbustader.
- *Sosiale barrierar* omhandlar utfordringar i mellommenneskelege forhold i og rundt læringsprosessane.

Rapporten konkluderer med at det er totalen av desse barrierane som gjer studiekvardagen utfordrande (Proba, 2018). Studien finn at personar med funksjonsnedsetting brukar meir tid på å organisera studiekvardagen enn andre studentar, og peiker på utfordringar knytt til bustad, transport, finansielle prosesser og praktiske utfordringar i studiesituasjonen.

Arbeidsliv

Vidare finnast det kunnskap om barrierar i arbeidslivet for personar med funksjonsnedsetting. Som tidlegare nemna er talet på sysselsette lågare blant personar med funksjonsnedsettingar, samanlikna med resten av befolkninga. Resultat frå forskning tyder på at manglande tilrettelegging gjennom manglande kjennskap til konkrete hjelpemidlar og moglegheiter (Hansen m.fl., 2009) og manglande oppfølging i forbindelse med overgangar frå skule/utdanning til arbeidsliv (Wendelborg, Kittelsaa & Wik, 2017) er viktige barrierar.

I ein litteraturgjennomgang om teknologi og inkludering av personar med nedsett syn i arbeidslivet finn Fuglerud m.fl. (2021) at mange administrative system, fagsystem og

andre IKT-løysingar ikkje er universelt utforma, og i liten grad kompatible med tekniske hjelpemiddel. Studien konkluderer med at mangel på universell utforming bidreg til at personar med nedsett syn – og personar med funksjonsnedsettingar generelt – ikkje blir inkludert i arbeidslivet. Studien peikar også på at mange arbeidsgivarar har liten erfaring med tilsette med funksjonsnedsettingar, manglar kunnskap om tilrettelegging og har fordommar når det gjeld tilsetting av personar i gruppa.

Idrett og fritid

Jaarsma m.fl. (2014) har gjennomført ei systematisk litteraturstudie om faktorar som hindrar og fremjar at personar med fysiske funksjonsnedsettingar deltek i sportsaktivitetar. Dei finn at barrierane for deltaking i sport primært er miljømessige, mellom anna knytt til manglande tilbod, tilgjengeproblem, problem med transport og mangel på informasjon. Det er derimot primært personlege faktorar som fremjar deltaking, som kjensler knytt til å ha det moro.

Transport

Ei rekke studiar peiker på transport som ei sentral utfordring for menneske med funksjonsnedsetting, både generelt (Proba-rapport 2022-7) og knytt til utdanningssystemet (Tøssebro m.fl. 2015; Proba rapport 2018). Mangel på tilrettelegging av heile reisekjeder synast å vera ein sentral barriere for nytta av kollektivtransport (Aarhaug og Elvebakk, 2012).

Ein studie av Bjerkan (2009) undersøker bruk, årsaker til vanskar og konsekvensar av utilgjengeleg kollektivtransport for personar med funksjonsnedsettingar. Studien finn at personar med nedsett funksjonsevne reiser mindre med kollektivtransport samanlikna med resten av befolkninga. Vurdering av eiga helse synast å vere ei viktig forskjell blant personar med funksjonsnedsetting som nyttar og ikkje nyttar kollektivtilbodet. Funna tyda vidare på at helsetilstand hadde større betydning enn kva funksjonsnedsetting hadde (Bjerkan, 2009).

Barrierar inne på transportmiddelet vert likevel vurdert til å vera mest utfordrande (Bjerkan, 2009). Svak fysisk tilgjenge ved på- og avstiging, lite plass og toalett-fasilitetar vert vektlagt. Barrierar var størst for personar med nedsett rørsleevne. Denne gruppa hadde og størst problem med å koma seg til og frå avreiseplassen.

Anna forskning på transport-feltet syner vidare at blant personar med nedsett funksjonsevne som ikkje køyrer bil sjølv, føler mange seg svært avhengig av andre, og opplev at det er vanskeleg å dra på reiser som ikkje er planlagt (Nordbakk og Skollerud, 2016, henta frå Proba 2022). Vidare er det mange som opplever at det å ikkje køyre bil hindrar deltaking i fleire ønska aktivitetar.

3.7.2 Barrierar i Vestland

Under presenterer me resultat frå folkehelseundersøkinga i Vestland og vurderingar av barrierar frå informantane som er intervjuar.

Resultat frå folkehelseundersøkinga 2021

Som ein del av oppdraget har me innhenta statistikk frå folkehelseundersøkinga i Vestland utført av Folkehelseinstituttet (FHI).

Av utvalet på om lag 188 000 svarte ca. 53 000 på undersøkinga. Blant desse svarte 25 prosent (13 324 personar) at dei har ei funksjonsnedsetting. Av desse svarte 96 prosent (12 739 personar) at funksjonsnedsettinga påverkar dei i nokon eller i stor grad.

Talet på personar med funksjonsnedsetting er ein god del høgare enn kva tidlegare undersøkingar har vist, som ligger rundt 17 prosent.⁵⁰

Tilgjenge

I undersøkinga vart respondentane spurt om korleis dei vurderer tilgjenge på følgjande område:⁵¹

- kulturtilbod (eksempelvis kino, bibliotek, kulturhus, konsertar og teater)
- idrettstilbod (eksempelvis idrettshall, symjehall, treningscenter, ski/lys-løyper)
- butikkar, serveringsstader og andre servicetilbod
- offentleg transport
- natur- og friluftsområde, inkludert parkar og andre grøntareal
- kystline/strand eller sjøen

Undersøkinga hadde også spørsmål om gang- og sykkelveggar, men formuleringa av spørsmålet var vesentleg annleis.


Figur 3-6 viser svara på spørsmåla om opplevd tilgjenge fordelt på alle respondentar, personar med funksjonsnedsetting og personar som svarar at funksjonsnedsetting påverkar i nokon eller i stor grad.

Figur 3-6 Prosentdel av respondentar som svarer at tilgjenge er svært god eller god på ulike arena, tilbod og teneste, fordelt på alle respondentar, personar

⁵⁰ Sjå til dømes Bufdir si oversikt om statistikk. Henta 31.1.23:
https://www2.bufdir.no/Statistikk_og_analyse/nedsatt_funksjonsevne/Antall/

⁵¹ Formuleringa i undersøkinga var: Opplever du at [det aktuelle området] er lett tilgjengelege?

som har funksjonsnedsetting og personar som svarer at funksjonsnedsetting påverkar i nokon eller i stor grad.



Me ser at det er store forskjellar i opplevd tilgjenge på tvers av områda, der natur og friluft skil seg ut som området der flest, om lag 90 prosent, opplev god tilgjenge. Mange opplever også god tilgjenge, mellom 70 og 80 prosent av respondentane, knytt til servicetilbud, inkludert butikkar, serveringsstader og andre servicetilbud, kystlinje og strand og idrettstilbud.

Områda som kjem svakast ut når det gjeld opplevd tilgjenge er kulturtilbud (til dømes kino, bibliotek, kulturhus, konserter og teater), offentlig transport og gang og sykkelveg. Særleg offentlig transport skil seg ut, der berre litt over 40 prosent opplever at offentlig transport er lett tilgjengeleg. Tal for gang og sykkelveg er ikkje direkte samanliknbar, då spørsmålsformuleringa var annleis enn for dei andre områda.⁵²

Ser me på forskjellar i svara mellom alle respondentane, personar med funksjonsnedsetting og personar som svarar at funksjonsnedsetting påverkar i nokon eller i stor grad, syner resultatane at personar med funksjonsnedsetting opplever systematisk lågare tilgjenge, men forskjellane er ikkje store. Forskjellane mellom alle respondentane og personar med funksjonsnedsetting er størst for kulturtilbud (6,3 prosentpoeng) og idrettstilbud (5,7 prosentpoeng).⁵³ Forskjellane er minst for kystlinja og strand (2,5 prosentpoeng) og for gang og sykkelveg (2,6 prosentpoeng).

Resultatane tydar etter vår vurdering på at det er ulikheiter mellom arenaene og tilboda, og ikkje mellom ulike målgrupper, som gjer opphav til størst ulikheit i tilgjenge, og dermed kan gje opphav til barrierar.

Resultatane om opplevd tilgjenge liknar på tilsvarande resultat frå Viken (Proba 2022), der også natur og friluft og servicetilbud vart vurdert som mest tilgjengeleg og offentlig transport minst.

⁵² Her var formuleringa: Opplever du at gang- og sykkelveg er godt utbygde i ditt nærområde?

⁵³ Forskjellane er berekna ut frå personar som svarar at funksjonsnedsettinga påverkar i nokon eller i stor grad.

Kva er barrierane for tilgjenge på ulike arenaer?


Spørsmålsformuleringane i folkehelseundersøkinga om opplevd tilgjenge gjer det ikkje heilt klart kva respondentane har svart på. Har dei svart om tilboda finnast syner ikkje svara om det er utforminga av tilboda eller er det andre ting som ligg til grunn for svara. Til forskjell frå folkehelseundersøkinga i Viken, fekk respondentane i Vestland spørsmål om kva som er grunnen til at dei har svara at tilgjenget er dårleg. Respondentane kunne kryssa av for ulike grunnar avhengig av kva arena/tilbod dei har vurdert som dårleg. Til dømes fekk dei for kulturtilbod følgande alternativ:

- Tilbodet finnast ikkje
- Det er mangel på tilbod innan mine interesseområde
- Tilbodet er ikkje universelt utforma
- Eg har problem med å koma meg dit på grunn av transportmogelegheiter
- Kollektivtilbodet er ikkje bra nok
- Avstandane er for store/det er for lang reiseveg
- Tilbodet kostar for mykje
- På grunn av opningstidene
- Anna
- Usikker/ veit ikkje

Under presenterer me svara for dei ulike områda/arenaene.


Figur 3-7 syner at dei fleste av respondentane som opplever kulturtilbodet som lite tilgjengeleg, legger vekt på at tilbodet ikkje finnast (47 prosent), at det er mangel på tilbod (41 prosent), at avstandane er for store (37 prosent) og at kollektivtilbodet ikkje er godt nok (28 prosent). Universell utforming som grunn til dårleg tilgjenge blir vektlagt av under fem prosent. Svara fordeler seg ganske likt mellom alle respondentane og dei med funksjonsnedsetting. Dei med funksjonsnedsetting vektlegger likevel at kollektivtilbodet ikkje er god godt, problem med transportmogelegheiter, kostnadar og universell utforming noko høgare enn resten av befolkninga.

Figur 3-7 Du svarta at tilgjenge på kulturtilbod er dårleg / svært dårleg. Er det fordi...




Figur 3-8 syner kva som vektleggast som årsak til dårleg tilgjenge for idrettstilbodet. Mangel på tilbod innan eige interesseområde (40 prosent), avstandar og reiseveg (37 prosent) og at tilbodet ikkje finnast (om lag 35 prosent) vert vektlagt av klart flest. Universell utforming av tilbodet vert vektlagt av litt under 10 prosent av respondentane, og det er berre minimale forskjellar mellom dei med funksjonsnedsetting og respondentane som heilheit. Menneske med funksjonsnedsetting vektlegger i større grad kollektivtilbod, transport og kostnader som grunn for dårleg tilgjenge enn befolkninga som heilheit.

Figur 3-8 Du svara at tilgjenget på idrettstilbud er dårleg / svært dårleg. Er det fordi...




Figur 3-9 syner kva som opplevast som grunnar for dårleg tilgjenge for butikkar, serveringsstader og andre servicetilbud. Også her er det mangel på tilbud innan eige interesseområde (om lag 40 prosent), avstandar og reiseveg (35 prosent) og at tilbodet ikkje finnast (rett over 30 prosent) som vektleggast, uavhengig av funksjonsnedsetting. Universell utforming vert lite vektlagt. Menneske med funksjonsnedsetting legg vesentleg meir vekt på transport og kollektivmogelegheiter samt kostnader enn resten av befolkninga.

Figur 3-9 Du svara at tilgjenget på butikkar, serveringsstader og andre servicetilbod er dårleg / svært dårleg. Er det fordi...



Figur 3-10 syner kva som opplevast som grunn for dårleg tilgjenge til offentlig transport. Av grunnane som respondentane fekk oppgitt, var det at transporten har for få avgangar som vert klart mest vektlagt, der om lag 85 prosent av respondentane svarar dette. Utfordringar med å koma seg til haldeplassen synast å vera ei klart større utfordring for menneske med funksjonsnedsetting enn for befolkninga som heilheit, sjølv om få vektlegger dette som grunn for dårleg tilgjenge til offentlig transport. Universell utforming vert lite vektlagt som grunn for dårleg tilgjenge.


Figur 3-10 Du svarta at tilgjenge til offentleg transport er dårleg / svært dårleg. Er det fordi...



Figur 3-11 syner kva som opplevast som grunn for dårleg tilgjenge natur og friluft. Store avstandar/reiseveg (om lag 40 prosent), problem med transportmogelegheiter (35 prosent) og at kollektivtilbodet ikkje er godt nok (35 prosent) vert vektlagt av klart flest, uavhengig av funksjonsnedsetting. Universell utforming vert vektlagt ein del høgare som grunn for dårleg tilgjenge til natur og friluft (om lag 15 prosent svarar dette) enn på dei andre områda/arenaene. Menneske med funksjonsnedsetting legg vesentleg meir vekt på problem med transport og kollektivmogelegheiter enn resten av befolkninga.


Ganske mange vektlegger andre grunnar enn dei faste svaralternativa. Me har ikkje opplysningar om kva som ligg til grunn for svarta.

Figur 3-11 Du svara at tilgjenget til natur og friluft er dårleg / svært dårleg. Er det fordi...



Figur 3-12 syner kva som opplevast som grunn for dårleg tilgjenge til kystlinje og strand. Også på dette spørsmålet vert store avstandar/reiseveg vektlagt mest (om lag 45 prosent). Mellom 25 og 30 prosent svarar at mangel på tilgang for publikum er ein viktig grunn. Som for spørsmål om tilgjenge til natur og friluft, vert universell utforming vektlagt ein del høgare som grunn for dårleg tilgjenge (om lag 15 prosent svarar dette) samanlikna med andre område/arenaer. Menneske med funksjonsnedsetting legg vesentleg meir vekt på problem med transport og kollektivmogelegheiter enn resten av befolkninga.

Figur 3-12 Du svara at tilgjenget til kystlinje og strand er dårleg / svært dårleg. Er det fordi...



Samanfatta syner resultatata frå folkehelseundersøkinga at dei største barrierane for tilgjenge på ulike arena og servicetilbod er mangel på tilbod, store avstandar og i nokon grad offentleg transport og kostnadar. Universell utforming vert ikkje vektlagt av mange som grunn for dårleg tilgjenge.

For offentleg transport er det hovudsakeleg at transportmidelet har for få avgangar som opplevast som grunn for dårleg tilgjenge. Universell utforming vert lite vektlagt som grunn for dårleg tilgjenge.

For natur og friluft, inkludert kystlinje og strand vert universell utforming i større grad vektlagt som grunn for dårleg tilgjenge enn for andre områder/arenaer, men likevel ikkje blant dei viktigaste grunnane.

Kva som opplevast som dei viktigaste grunnane for dårleg tilgjenge er uavhengig av funksjonsnedsetting. Menneske med funksjonsnedsetting vektlegger derimot mangel på kollektivtilbod og problem med transport som grunn i større grad enn befolkninga som heilheit. Også mangel på universell utforming og kostnadar vert vektlagt noko tyngre av menneske med funksjonsnedsetting enn befolkninga som heilheit.

Livskvalitet

For å vurdera kva betydning manglande tilgjenge og barrierar har for innbyggjarane i Vestland kan med sjå til resultat frå folkehelseundersøkinga om psykisk helse, sosial deltaking og oppfatning om livskvalitet.

Det har ikkje vore mogeleg å få utlevert rådata frå folkehelseundersøkinga innan rammene av oppdraget. Me kan difor ikkje trekka slutningar om kva betydning ulike faktorar, inkludert manglande tilgjenge og barrierar, har for respondentane si opplevde livskvalitet, inkludert psykiske plagar og sosiale deltaking.


Psykiske plagar

Figur 3-13 syner svar frå folkehelseundersøkinga på spørsmål om respondentane har vore eller vert plaga av.⁵⁴

- Redsle og engste
- Håpløyse
- Nedtrykka og tungsindig
- Bekymring og uro

Respondentane kunne svara ikkje plaga, litt plaga, ganske mykje plaga og veldig mykje plaga. Me har summert opp prosentandelen som har svara at dei er ganske mykje plaga eller veldig mykje plaga.

Figur 3-13 Respondentar som opplev psykiske plagar



Resultata syner at dei aller færreste opplever dei ulike formane for psykiske plagar, uavhengig av funksjonsnedsetting. Mellom 5 og 15 prosent av respondentane rapporterer om plagar, avhengig av type plage og funksjonsnedsetting.

Fleire av dei med funksjonsnedsetting og dei som har ei funksjonsnedsetting som påverkar dei, svarar at dei har vore plaga av dei ulike formane. Mellom 2,1- 3,7 prosentpoeng høgare for dei med funksjonsnedsetting, og mellom 3,5 og 6 prosentpoeng høgare for dei med funksjonsnedsetting som påverkar mykje.

Resultata er på same nivå som folkehelseundersøkinga i Viken.

Sosiale plagar


⁵⁴ Formuleringa var: I kva grad har du vore/vore plaga av [XXX] den siste veka?

Som visa til i litteraturgjennomgangen over, peiker fleire studiar på at menneske med funksjonsnedsetting opplev sosiale barrierar. Folkehelseundersøkinga i Vestland inneheld spørsmål om kor ofte respondentane følar:

- At dei saknar nokon å vere saman med
- Seg utanfor
- Seg islort frå andre

Respondentane kunne svara 1 - aldri/sjeldan, 2 – av og til, 3 – 1-2 gonger i veka og 4 – minst tre gonger i veka. Figur 3-14 har me summert opp dei som svarar 1-2 gangar i veka og minst 3 gangar i veka.

Figur 3-14 Respondentar som følar seg isolert frå andre, som følar seg utanfor og som saknar nokon å vere saman med.



Resultata syner at eit mindretal opplever dei sosiale plagene som dei vert spurt om. Om lag 30 prosent av befolkninga opplever at dei ein eller fleire gonger i veka saknar nokon å vere saman med. Nokre færre, om lag 20 prosent svarar at dei føler seg utanfor. Berre fire prosent føler seg isolert ein eller fleire gonger i veka.

Ein del fleire av dei med funksjonsnedsetting svarar at dei ein eller fleire gonger i veka opplever dei sosiale plagene, mellom 2 og 10 prosentpoeng høgare enn befolkninga (avhengig av type spørsmål og kor mykje funksjonsnedsettinga påverkar dei). Forskjellen er i prosentpoeng størst for det å føla seg utanfor og det å sakna nokon å vera saman med.

Ein god del fleire rapportar at dei saknar nokon å vere saman med og føler seg utanfor enn undersøkinga som vart gjennomført i Viken (Proba 2022-7).

Nøgd med livet


Folkehelseundersøkinga inneheld også spørsmål om kor nøgde befolkninga, alt i alt, er med livet for tida. Respondentane kunne svara frå 0-10, kor 0 indikerte ikkje nøgd i det heile teke og 10 svært nøgd.

Figur 3-15 syner resultata for dei som har svara 6 eller høgare, fordelt på alle, dei med funksjonsnedsetting og for dei der funksjonsnedsettinga påverkar.

Resultata syner at dei fleste er nøgd med livet, uavhengig av funksjonsnedsetting. Totalt, svarer 85 prosent av respondentane 6 eller høgare. Blant dei med

funksjonsnedsetting svarar 78 prosent 6 eller høgare. Blant dei med ei funksjonsnedsetting som påverkar, svarar 73 prosent 6 eller høgare.

Figur 3-15 Alt i alt, kor nøgd er du med livet ditt for tida



Samanfatning livskvalitet

Dei ulike indikatorene for livskvalitet syner at dei aller fleste, uavhengig av funksjonsnedsetting, ikkje opplever psykiske eller sosiale plagar. Dei fleste rapporterer også at dei er godt nøgd med livet.

Resultata syner at fleire av dei med funksjonsnedsetting rapporterer om psykiske og sosiale plagar samanlikna med befolkninga som heilheit. Dette gjeld for alle spørsmåla. I prosent kan denne forskjellen karakteriserast som forholdsvis stor, mellom 20 og 95 prosent, avhengig av spørsmål og kor mykje funksjonsnedsettinga påverkar. Likevel er det viktig å påpeike at det totale omfanget ikkje er veldig stort.

Me har ikkje grunnlag for å seia noko om betydninga av tilgjenge og dei ulike barrierane for befolkninga si livskvalitet. Analyse av slike statistiske samanhengar i folkehelseundersøkinga er derimot mogeleg å gjere, og noko me rådar Vestland til å gjera.

Intervjuinformantar sine perspektiv på barrierar

Informantane som er intervjuat trekkjer frem ei rekkje ulike barrierar for deltaking i Vestland, både fysiske, sosiale, digitale og knytt til innhaldet i viktige tenester.

Blant dei fysiske barrierane vert det lagt vekt på kollektivtransport, der mangel på universell utforming og god tilgjenge på heile reisekjedar er ei sentral utfordring. Både medvergingsråda og tilsette meiner at nytting av gode enkeltstrekningar er avgrensa då andre løysingar eller strekningar ikkje utforma godt. Mangel på tilgjenge i parkeringsområde eller vegar som førar til busshaldeplassar gjer at personar med funksjonsnedsettingar treffer på fysiske barrierar allereie før dei har teke i bruk tilboda i tettstadsområda og friluftsområda.

Medvergingsrådet legg også vekt på at sosiale barrierar hindrar deltaking. Her nemnast både direkte formar for ekskludering som mobbing og at menneske med funksjonsnedsetting må nytta seg eigne løysningar, til dømes eigne inngangar.

Ei rekke informantar meiner at digitale barrierar legger hindringar for mange, særleg eldre. Mangel på universell utforming og digital kompetanse synast å vera sentrale årsaker.

I intervjuat kjem det og fram at fylkeskommunen, mellom anna gjennom utforming av konkrete kultur og tenestetilbod, kan tiltrekka seg brukargrupper ved å fremja innhald som i større grad formidlar mangfald blant befolkninga. Det kan til dømes vera val av tema for arrangement og debattar på biblioteka. Dette er etter vår vurdering ikkje ein direkte barriere, men kan virka motiverande for grupper til å delta meir.

Gjennom intervju peiker informantane og på andre typar barrierar som ikkje er direkte knytt til universell utforming, men som likevel hindrar deltaking. Mangel på gode gratistilbod, mellom anna i lag og foreiningar – trekkast fram som ei barriere for mange.

3.8 Samanfating – barrierar i Vestland

Gjennomgangen av litteratur og tilgjengelege kjelder syner at det er betydelege utfordringar knytt til å nå mål om universell utforming i Noreg. Det er grunn til å tru at dei fleste av desse også gjeld Vestland.

På fleire samfunnsområde manglar ein derimot kunnskap for å seia noko sikkert om tilstanden på universell utforming. Det gjeld meir eller mindre alle samfunnsområde, inkludert IKT, transport, bygg, bustad, uteområde, produkt og tenester. Kunnskap om utforming av skulebygg og tannklinikkar i Vestland er forholdsvis god. Kunnskapen er derimot klart betre knytt til bygg i tidlegare Hordaland.

Status på universell utforming synast å vera svak på dei fleste område, men er svakast for uteområde, både i tettstader og i friluft, og i kollektivtilbodet. For uteområde peikar datamaterialet på at parkeringsområde, gang- og sykkelveggar og tilkomst til bygg og til kollektivtilbodet ofte er svakt utforma. Folkehelseundersøkinga i Vestland syner at universell utforming i større grad vert vektlagt for tilgjenge til natur og friluftsområde enn på andre område.

For kollektivområde peikar datamaterialet på at det er tilgjenge på haldeplassar og kollektivterminalar som er svakast. Universell utforming av transportmiddel er truleg ganske god, og vert dessutan lite vektlagt som grunn for dårleg tilgjenge blant befolkninga (jf. folkehelseundersøkinga). Haldeplassar i distrikta verker å vera eit særleg problemområde. Enkelte tilbod i Vestland, som Bybanen utmerkar seg som eit meir eller mindre universelt utforma tilbod. Folkehelseundersøkinga i Vestland syner at det hovudsakeleg er for få avgangar som vert vektlagt som grunn for dårleg tilgjenge for offentleg transport.

Sjølv om tilstanden på bygg og anlegg generelt sett verker å vera betre enn i uteområde, tydar målingar frå Kartverket på at inngangar er ei særskild utfordring.

Barrierane for deltaking heng, etter våre vurderingar, ikkje aleine saman med den fysiske utforminga. Til dømes er truleg mangel på universell utforming av heile reisekjeder i kollektivtilbodet ei viktig barriere for mange, men barrierar for å nytta seg av tilbodet heng også saman med kor ofte det er avgangar. Folkehelseundersøkinga i Vestland syner at befolkninga si vurdering av tilgjenge på ulike samfunnsområde ikkje først og fremst kan forklarast av mangel på universell utforming. Det er manglande tilbod, avstandar og transport, samt kostnadar som vert vektlagt. Små forskjellar i vurdering av tilgjenge mellom dei med og utan funksjonsnedsetting styrkar denne konklusjonen.

Samla sett peiker resultatane på at det ikkje er ei enkel barriere som set grenser for deltaking for menneske med funksjonsnedsetting. Det er summen av alle barrierar, både fysiske, sosiale og andre, som gjer at dei brukar meir tid og meir krefter på å delta i samfunnslivet.

Likevel er det viktig å påpeka at dei fleste er nøgd med livet og at dei færreste opplever psykiske eller sosiale plagar, uavhengig av funksjonsnedsetting, jf. folkehelseundersøkinga. Personar med funksjonsnedsetting rapporterer systematisk om fleire psykiske og sosiale plagar, men det totale omfanget er likevel ikkje veldig stort.

Vi har ikkje grunnlag for å sei kor viktig den enkelte barriere for ulike utfallsmål, til dømes psykisk helse, sosial deltaking eller livskvalitet. Folkehelseundersøkinga i

Vestland legg derimot betre forutsetningar for å vurdere slike samanhengar, og vi oppfordrar Vestland fylkeskommune og andre til å gjennomføra statistiske analyser av datamaterialet.

4 Oppgåver, rutinar og kompetanse

I dette kapitelet gjennomgår me korleis fylkeskommunen arbeider for å ivareta mål og krav til universell utforming. Gjennomgangen er strukturert ut frå den administrative organiseringa i fylkeskommunen.

Me gjer først greie for den strategiske forankringa for universell utforming og korleis fylkeskommunen har organisert det overordna ansvaret for universell utforming. Deretter skildrar me arbeidet med universell utforming innan kvar enkelt avdeling. Det er utanfor oppdraget å framstilla og vurdera den politiske forankringa. Likevel omtaler me det overordna ansvaret som ligg hjå rådet for menneske med funksjonsnedsettingar, jf. avsnitt 4.10. Til slutt i kapittelet samanfatar me fylkeskommunen si rolle og ansvar for universell utforming og kva for erfaringar tilsette har med arbeidet.

Vestland fylkeskommunen omfatta på tidspunktet for intervjuet følgende rådsområde:⁵⁵

- Organisasjon og økonomi
- IKT og digitalisering (inkludert tannhelse)
- Infrastruktur og veg
- Mobilitet og kollektivtransport
- Opplæring og kompetanse
- Næring, plan og innovasjon
- Kultur og folkehelse

Dei ulike rådsområda består av ulike avdelingar og underliggende seksjonar.

4.1 Strategisk forankring

Regional planstrategi *Utviklingsplan for Vestland 2020-2024* set strategisk retning for utviklinga i fylket. Strategien presenterer følgende fire hovudmål:

1. Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg
2. Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling
3. Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv
4. Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping

Universell utforming er tematisert under punkt 7. om attraktive stader og gode nærmiljø at:

Eit inkluderande og aldersvennleg samfunn krev ein aktiv bustadpolitikk. Universell utforming gir alle mogelegheiter til dei same tilboda. Gode møtestader legg grunnlaget for deltaking i samfunnet. (Utviklingsplan for Vestland 2020-2024: 9)

Folkehelse og inkludering er viktige prinsipp for planen. Måla er mellom anna betring av levekår og livskvalitet for alle samt utjamning av sosiale helseforskjeller.

⁵⁵ Under tidspunktet for intervjuet var Vestland fylkeskommune i gang med ei omorganisering. Ny organisering finns her: https://www.vestlandfylke.no/globalassets/foto/om-oss/organisasjonskart-nov-2022_web.pdf

Universell utforming som mål er tematisert i *Handlingsprogram for folkehelse i Vestland 2022-2025*. Under tema 1 i planen om heilskapleg folkehelsearbeid og universell utforming heiter det at «Vestland skal vere eit universelt utforma samfunn» (s. 11).

Under tema 2 om lokalsamfunn, nærmiljø og bustader er målet formulert slik: «universell utforma og livsløpstilpassa bu- og nærmiljø, som er tryggja å ferdast i og som førebygg skader og ulykker.»

I *Handlingsprogram for folkehelse* er det tre tiltak om universell utforming.

- Tiltak 1.11: Utarbeide ein tilstandsrapport over Vestland fylkeskommune sitt arbeid med universell utforming
- Tiltak 1.12: Arbeide målretta med rutinar og kompetanse knytt til universell utforming i Vestland
- Tiltak 2.5: Universell utforming av turstiar og friluftsområde

For kvart tiltak er det gjort greie for kva for mål og lovmessige krav som tiltaket er forankra i, føremålet med tiltaket, kunnskapsgrunnlag for tiltaket, kven som har ansvar og som er sentrale samarbeidspartnarar, tidsperiode, finansiering og mål/indikator for tiltaket.

Tiltak 1.11 er bakgrunnen for arbeidet med denne rapporten.

Føremålet med Tiltak 1.12 er følgjande:

- Avklare premiss og utarbeide gode rutinar for arbeid med universell utforming – tiltaksutvikling og evaluering
- Arbeide effektivt med samfunnsoppdraget vårt for å redusera utanforskap og bidra til deltaking – i dette også å få avklart barrierar og moglegheiter for dei som av ulike grunnar ikkje kan eller har vanskeleg for å lese får tilgang til lydbøker og hjelpefunksjonalitet for å lese.
- Arbeide strukturert og langsiktig innanfor innkjøp, bygg, plan, kommunikasjon og forvaltning
- Arbeide med å inkludera prinsipp om universell utforming i alt planarbeid i Vestland. Fylkeskommunen har ei rettleiande rolle i kommunane sitt arbeid

I fylkeskommunen er ansvaret for tiltaket lagt til avdeling for strategisk utvikling og digitalisering og seksjon for plan, klima og folkehelse. Tiltaket skal finansierast innanfor ramme for eksterne midlar og tilskotsordningar.

Føremålet med tiltak 2.5 er fleire tilrettelagte stiar og friluftsområde i Vestland med godt tilgjengelege fasilitetar som fiskestader, badestader, gapahukar og bålstader. Ansvaret i fylkeskommunen er lagt til avdeling for kultur, idrett og inkludering. Tiltaket skal finansierast av Kartverkets tilskotsordning.

I økonomiplanen for 2021-2024 finn me tre konkrete tiltak knytt til universell utforming. Planane omfattar utbetring av ein vidaregåande skule, av Fartøyvernssenter i Kvam og kartlegging av turveggar og friluftsområde. I økonomiplan 2023-2026 står det at budsjettposten til folkehelsearbeid mellom anna skal bidra til å «styrke kommunane sitt folkehelsearbeid og universell utforming».⁵⁶ Det finnast ikkje nye tiltak for universell utforming i denne økonomiplanen.

Vi finn også tre andre regionale planar med mål om universell utforming eller kor universell utforming er definert som eit førande prinsipp.

I *Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel 2015-2026* heiter det under retningslinjer for arealplanar i sentrumsområde at:

⁵⁶ Økonomiplan for Vestland fylkeskommune 2023-2026: 81

«Sentrum skal ha universelt utforma offentlege fellesområde.»⁵⁷ Det er vidare spesifisert at dei offentlege område bør omfatte park og leikeareal, sentrale gater, plassar og torg, samt kai/strandline/friluftsområde der dette er aktuelt.

I Regional transportplan Vestland 2022-2033 er hovudmålet at «Vestland skal ha eit trygt, effektivt og framtidsretta transportsystem som legg til rette for klima- og miljøvenleg mobilitet og berekraftig samfunnsutvikling». Under deltema *Berekraftig* heiter det:

For alle plantema skal det sikrast at omsynet til menneske med nedsett funksjonsevne eller andre utfordringar, vert ivareteke ved utforming av tilbod, nye anlegg eller vedlikehald av eldre anlegg, slik at sosial berekraft blir reell.

Universell utforming er også eit sentralt tema i *Regional plan kultur, idrett og frivilligheit 2023 – 2035*.⁵⁸

Relevante temaplanar som synar dei ulike behovseigarane sine planar er omtala avdelingsvis.

4.2 Sektorovergripande arbeid med universell utforming

4.2.1 Organisering

Det er ingen eigne stillingsfunksjonar i fylkeskommunen som berre arbeidar med universell utforming. Fram til 2023 har ansvar for å jobbe med universell utforming på tvers i organisasjonen vore ein del av stillingsressursar i seksjon for plan, klima og folkehelse. På grunn av ei omorganisering årskiftet 2022/2023 vart folkehelse lagt til det som no heiter avdeling for Kultur og folkehelse. Funksjonane med eit ansvar for universell utforming vert delt på denne avdelinga og Næring, plan og innovasjon. Ansvaret for å følgja opp krav og mål knytt til universell utforming innanfor dei forskjellige fagområda ligg i dei ulike avdelingane i fylket.

Frem til omorganiseringa har det også vore etablert ei eiga faggruppe for universell utforming, kalla uu-gruppa. Arbeidsgruppa består av tre tilsette, der to arbeidar med planar (sjå avsnitt 4.8) og ein med folkehelse (sjå avsnitt 4.9). Gruppa har ingen formalisert plassering eller organisatorisk tilknytning i organisasjonen. Gruppa har ingen rapporteringskrav til leiarnivå, men har på eige initiativ rapportert om arbeidet i lina. Etter organisasjonsendringane er det ikkje definert eller avklart noko ansvar for det tverrsektorielle ansvaret i fylkeskommunen eller korleis dette skal ivaretas i fylkeskommunen fremover.

Arbeidsgruppa vart oppretta med føremål å jobbe langsiktig og systematisk for at fylkeskommunen skulle kunne ta ei meir strategisk samfunnsutviklarrolle innanfor universell utforming. Dette for å sikra merksemd kring universell utforming, for å koordinera arbeid med universell utforming og for å bidra til deling av erfaring og kompetanse i fylkeskommunen. Gruppa utvikla seg til å bli eit nav for arbeid med universell utforming, og har teke ansvar på tvers av einingane i organisasjonen.

Gruppa har jobba nasjonalt opp mot andre fylkeskommunar og deltakarane sitt som representantar i KS-nettverket for universell utforming. Representantane i

⁵⁷ *Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel 2015-2026: 29* https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/plan-og-planarbeid/regionale-planar/regional-plan-for-attraktive-senter-i-hordaland_web.pdf

⁵⁸ *Regional plan kultur, idrett og frivilligheit 2023 – 2035 – Del 1 «Kultur bygger samfunn»*. Hentet 16.2.2023: <https://www.vestlandfylke.no/kultur/regional-plan-for-kultur-idrett-og-friluftsliv/>

arbeidsgruppa har jobba med å søkje midlar til kompetanseheving og anna på vegne av andre i organisasjonen. Gruppa har også jobba også ut mot medveringsråda når dei har vurdert det som relevant. Fylkeskommunen har ikkje eit eige nettverk med kommunane dedikert til universell utforming, men bidreg inn i andre etablerte nettverk, prosjekt og konferansar der universell utforming er del av programmet.

Uu-gruppa koordinerer arbeid med universell utforming på tvers av einingane i organisasjonen og bidrar til deling av erfaring og kompetanse gjennom det som kallast uu-ringene i fylkeskommunen. Uu-ringene er eit uformelt nettverk som består av representantar frå ulike avdelingar og fagområde som arbeidar med å ivareta krav om universell utforming. Gruppa er først og fremst oppretta for å skapa synergjar og sikra merksemd kring universell utforming i alle avdelingane. Uu-ringene er meint å bidra til utveksling av kunnskap og erfaring og motivera til arbeid med universell utforming. Det er ingen fastsett møtstruktur for uu-ringene, gruppa har organisert møter ved behov.

Slik me forstår det finnast det i dag ikkje nokon eigen budsjettpost knytt til universell utforming. Midlar som har vore spesifikt knytt til tiltak for universell utforming har vore eksterne midlar, hovudsakeleg Kartverkets tilskotsordning for kartlegging av tilgjenge i tettstadar og friluftsområde og frå Bufdir. Frå 2022 vart det avsett øyremerka midlar i Nasjonal handlingsplan for universell utforming, for styrke universell utforming i kommunal planlegging. Etter søknad vart det overført 100 000,- til dette arbeidet. I arbeidet knytt til kulturarv og folkeminne har fylkeskommunen fått midlar frå Riksantikvaren. Midlane har ikkje vore nytta på tiltak for universell utforming av folkeminne spesielt, men det er eit krav frå Riksantikvaren at fylkeskommunen skal rapportera på universell utforming som ein del av ordninga. Fylkeskommunen lysa i 2017 ut prosjektmidlar med ei totalramme på 400 000 for å motivera kommunar til tiltak for universell utforming av folkeminne. Denne ordninga finnast ikkje i dag.

4.2.2 Erfaringar med det sektorovergripande arbeidet

Det er ei generell oppfatning blant medlemmane i faggruppa om universell utforming at strukturen som er byggja opp ved å ha ei eiga arbeidsgruppe har hatt stor verdi. Medlemmane i gruppa opplever at det gjer det mogeleg å avsetta tid for å arbeide med universell utforming. Det uformelle nettverket, Uu-ringene, oppfatast også å gi ein sektorovergripande struktur på tvers av avdelingane. Om kontaktpersonar vert borte frå avdelingane kan det bli kopla nye til den etablerte strukturen.

Det synast likevel å vera fleire utfordringar i arbeidet med universell utforming. I arbeidsgruppa sin årsrapport (2021) kan me lesa at:

Det er behov for tydelegare struktur i gruppa med tanke på stillingsprosentar i høve til uu-arbeid. Det er og behov for avklaringar av kva gruppa har kapasitet til å gjennomføre. Betre definerings av ansvarsområde, styrka intern kompetanse spissa mot uu og avklarte økonomiske midlar til disposisjon vil kunne spissa og styrke arbeidet med uu frå avdeling for plan, folkehelse og klima i Vestland fylkeskommune. Hovudmål med arbeidet må vere kunnskapsutvikling, kompetanseheving og informasjon innafor temaet uu i Vestland fylkeskommune.

Slik me forstår dette, meiner medlemmene at det er behov for at ansvaret knytt til universell utforming er meir formalisert, både hjå medlemmar i gruppa og hjå andre. Det er også eit behov for meir økonomiske midlar.

I intervju vert det også vektlagt at universell utforming er ikkje er godt nok forankra på administrativt leiar-nivå og politisk nivå i fylkeskommunen. Det fører til at andre tema får meir merksemd og ressursar.

Samla sett, tyder intervjuundersøkinga på at dei fleste informantane oppfatta at universell utforming er godt forankra på tvers av rådsområda. Eit unntak synast å vera

innan IKT og digitalisering, der informantane har inntrykk av at merksemda om universell utforming har kome ganske nyleg. Me har ikkje gjennomført intervju med tilsette som jobbar med IKT og digitalisering, og har difor lite informasjon om arbeidet med universell utforming i avdelinga.

Det er ei felles oppfatning blant medlemmar i arbeidsgruppa at det er mykje som står att for at mål og krav om universell utforming skal oppfyllest og sikra gode løysingar i praksis. Dei fleste medlemmane har inntrykk av at merksemd og kompetanse om tema varierer mykje hjå dei ulike behovseigarane, særleg i dei operative ledda.

4.3 Organisasjon og økonomi

Avdeling for organisasjon og økonomi består av fleire seksjonar.⁵⁹ I arbeidet med tilstandsrapporten er det gjennomført intervju med tilsette ved seksjon for innkjøp og avdeling for eigedom.

4.3.1 Eigedom

Eigedomsavdelinga forvaltar fylket sine eigedommar. Avdelinga har ansvar for drift, vedlikehald og rehabilitering av eksisterande bygg, for oppføring av nye bygg samt oppfølging av leigeavtalar.

Som ein del av tilstandsrapporten har me gjennomført intervju med tilsette ved seksjon for utbygging.

Krav til universell utforming er gjeven gjennom kravspesifikasjonen som eigedomsavdelinga gjer utbyggjarane. I kravspesifikasjon syner avdelinga til gjeldande lovverk, som PBL, arbeidsmiljølova og tilhøyrande forskrifter. Avdelinga nyttar også Norsk Standard som sentral rettleiing.

Avdelinga har lagt fagansvaret for universell utforming til ei stilling. Fagansvaret inneber å vera ein ressurs for andre prosjektleiarar for arbeid med universell utforming. Personen som har stillinga i dag er ganske ny, og er i gang med å setja seg inn i rolla.

Arbeidet med forvaltninga av eigedom har i liten grad konkretiserte mål til universell utforming utover krav i lov og forskrift samt i Norsk Standard. Det har vore diskutert om fylkeskommunen skal ha eigne krav utover TEK 17, men enkelte meiner at krava i Norsk Standard er ambisiøse nok, og syner til at fylkeskommunen ikkje alltid evnar å tilfredsstille dei.

I intervju visast det mellom anna til at tidlegare Hordaland hadde mål om at alle skular og tannklinikkar skulle vere universelt utforma innan 2020. Som eit ledd i arbeidet, iverksette Hordaland eit prosjekt for å registrera kartleggingar av bygg i verktøyet Bygg for alle. Gamle Sogn og Fjordane har ikkje teke i bruk Bygg for alle. Arbeid med nye registreringar og oppfølging av registreringar i Bygg for alle verkar ikkje å vera særleg aktivt i dag. Det er ei oppfatning at løysinga i Bygg for alle er lite brukarvenleg. Avdelinga har ingen andre prosjekt i dag som er knytt til universell utforming med eigne midlar.

Universell utforming er vidare teke inn i fylkeskommunen sine rutinar via Norges byggforskningsinstitutt (NBI) si sjekklister for universell utforming. Det kjem fram at krava til universell utforming er hyppig og systematisk tatt opp med entreprenørar, både i forkant og undervegs i anbuds konkurransar og ved overlevering.

⁵⁹ Seksjon for stab, økonomi, HR, Juridisk, innkjøp, kommunikasjon og eigedom (organisert som eiga eining i avdelinga)

Rutinane ved oppføring av nye bygg oppfattast å vera langt betre i dag enn for nokre år sidan, ettersom prosedyrane legg til rette for å avdekkja og avklare krav og løysingar på eit tidlegare tidspunkt. Informantane uttrykkjer også at fylkeskommunen i sine tildelingskriterier premierer leverandørar som har inkluderande løysingar.

Avdelinga har ikkje krav til å rapportera på arbeidet med universell utforming. Avdelinga har årleg kontakt med rådet for personar med funksjonsnedsettingar og presenterer nye prosjekt som er i prosjekteringsfasen overfor rådet. Rådet får moglegheit til å koma med innspel. Involvering av rådet gjerast etter ei vurdering av prosjektet sin storleik.

Tilstanden på nye bygg oppfattast å vera ganske god. Hovudutfordringa for universell utforming oppfattast å vera knytt til uteområde og nokre eldre vidaregåande skuler i gamle Hordaland. For desse skulane ligg det planar om enten sanering eller rehabilitering. Informantane fortel også at utstyr i bygg, mellom anna skilting, er eit utfordrande område for å ivareta krav, og der dei har behov for betre rutinar.

Vidare fortel informantar om enkelte utfordringar knytt til løysingar for nye elevar med særskilte behov. Samarbeidet med opplæringsavdelinga knytt til utbetringar er først og fremst i forbindelse med større prosjekter. Det synast i mindre grad å vera samarbeid om overgangar for enkeltelevar. Informantane meiner dette resulterer i løysingar som ikkje ivaretek krav til god tilgjenge.

Tilsette ved avdelinga deltek i den interne uu-ringene i fylkeskommunen. Me har ikkje informasjon om at tilsette deltek i nasjonale nettverk knytt til universell utforming. Universell utforming er nemna i eit nasjonalt nettverk om areal, men ikkje fått stor merksemd.

Informantane uttrykkjer at dei har behov for meir kompetanse på universell utforming. Enkelte meiner det er behov for eit betre kurstilbod.

4.3.2 Innkjøp

Seksjon for innkjøp er ansvarleg for å gjennomføra anskaffingar for sentraladministrasjonen når dei er sektorovergripande. Seksjonen gjennomfører hovudsakeleg anskaffingar på vegne av behovseigarane i andre avdelingar i fylkeskommunen. Enkelte andre avdelingar gjennomfører egne anskaffingar.⁶⁰

Lov om offentlege anskaffingar med tilhøyrande forskrifter legger dei sentrale rammene for arbeidet. Her er det ikkje tematisert krav om universell utforming. Krav knytt til universell utforming vert aktualisert der andre lovar eller forskrifter, til dømes PBL, ligg som føring for den enkelte anskaffing. Seksjonen har ansvar for å sikra at dei overordna krava i anskaffinga vert formidla i utlysingar. Ansvar for å skildra og vektleggje konkrete krav ligger hjå behovseigar som i større grad kjenner behov og regelverk på det enkelte området. Ivaretaking av krav til universell utforming vil i dei fleste tilfelle bli vurdert som å vere behovseigar sitt ansvar. I høve enkelte systemanskaffingar, til dømes IT-system, har seksjonen noko meir innverknad på korleis krav til universell utforming vert ivaretatt i anskaffinga.

I tillegg til å følgje sentrale lovreguleringar, arbeidar seksjonen etter definerte hovudmål for anskaffingar. Desse hovudmåla, eller «innkjøpsprinsippa» som dei omtalast som, gir retning for kva for vilkår seksjonen skal vektleggja i anskaffingar. Desse inkluderer mellom anna prinsipp om lovmessigheit, profesjonalitet, berekraft, samfunnsansvar mv.

⁶⁰ Avdeling for infrastruktur og veg, eigendom, Bybanen og Skyss er blant einingar som gjennomfører egne anskaffingar.

Ingen av prinsippa tematiserer universell utforming eksplisitt, men universell utforming oppfattast å vera knytt til berekraft og samfunnsansvar.

I arbeidet med utarbeiding av anskaffingar vil ei generell utfordring for innkjøpsseksjonen, som er relevant for universell utforming, vera å skildra behov og kriteria i samarbeid med behovseigar slik at skildringane treffer det reelle behovet for fylkeskommunen. Sjekklister seksjonen nyttar seg av fungerer som kontrollspørsmål også overfor behovseigarane, men ei barriere vil ofte vera at kompetansen om konkrete krav ligg hjå behovseigar. Sånn sett, vil det ofte vera ein barriere for innkjøp å kunne ivareta krav som ikkje behovseigar sjølv er medvitne på.

Eit av måla for seksjonen er også strategisk kontraktsoppfølging. I regional planstrategi (2020-2024) heiter det at

[...] offentlege innkjøp sikre grunnleggande sosiale forhold som menneskerettar og universell utforming, for å fremje ein nyskapande og berekraftig region. Gjennom å etterspørje ansvarlege og framtidsetta løysningar kan det offentlege stimulere til innovasjon og teknologisk utvikling (s. 25).

Intervjua med tilsette indikerer ikkje at seksjonen i vesentleg grad har lagt vekt på universell utforming i kontraktsoppfølging. Slike vurderingar ligg i dei fleste døme hjå behovseigar, til dømes eigedom, veg og infrastruktur mv.

Tilsette i seksjonen deltek i fleire nettverk er dei har kontakt med ulike organisasjonar og offentlege aktørar. Universell utforming har i liten grad vore tematisert i desse nettverka, der tematikken har vore meir knytt til innkjøpsfaglege problemstillingar, til dømes korleis ein skal evaluera tildelingskriteria eller kvalifikasjonar.

4.4 IKT og digitalisering (inkludert tannhelse)

Rådsområdet for IKT og digitalisering, inkludert tannhelse, inneheld tre seksjonane sikkerheit og støttetjenester, IKT og digitalisering.

Avdelinga har ei leiande rolle i arbeidet med digitalisering, leverer IKT-tjenester og fremjar sikkerheit og personvern ut i heile organisasjonen. Tannhelse er organisert som ei eiga eining med administrativ tilknytning til avdelinga.

Me har ikkje gjennomført intervju med tilsette i avdelingane. Me finn lite informasjon på nettsida til fylkeskommunen eller planar som skildrar arbeidet med universell utforming i IKT og digitaliseringsavdelinga.

4.4.1 Tannhelse

Fylkeskommunen er ansvarleg for den offentlege tannhelsetenesta (jf. Lov om tannhelsetjenesten). Tannhelsetenesta skal arbeide helsefremjande og prioritera førebyggjande tiltak føre behandling.

Det er ikkje vedteke ei eiga temaplan for tannhelse. Denne er under utvikling og me veit ikkje om det er utforma planar knytt til universell utforming.⁶¹ Delmåla i dei regionale planane dekkjer ikkje tannhelseområdet. Tiltak er likevel teke inn i handlingsprogrammet for folkehelse under omtalen av at «fylkeskommunen skal fremja tannhelse i befolkninga og sørge for nødvendig førebygging og behandling».⁶² Ingen av tiltaka tematiserer universell utforming.

⁶¹ Handlingsprogram for folkehelse Vestland 2022-2025: 44

⁶² Handlingsprogram for folkehelse Vestland 2022-2025: 10

Me har ikkje gjennomført intervju med representantar for avdelinga. Det er difor noko uklart korleis ansvaret for utforming av tannklinikkane vert praktisert.

Frå intervju med tilsette i andre avdelingar, veit me at ein del av klinikkane er registrert i Bygg for alle. På fylkeskommunen si nettside kan publikum få informasjon om den enkelte tannklinikk.⁶³ For nokre av dei, til dømes Eikelandsosen tannklinikk, ligg det inne informasjon om universell utforming, via lenke til Bygg for alle. Ved å trykka på lenka kan publikum skriva inn namnet på klinikken og få opp informasjon om tilgjenge på klinikken. Lenke til Bygg for alle med skildring av universell utforming ligg ikkje inne for alle klinikkane.

Me har fått eit uttrekk frå fylkeskommunen av klinikkar som er registrerte. Sjølv klinikkar som er registrerte i Bygg for alle, til dømes Hesthaugen tannklinikk, er ikkje lenka til på fylkeskommunens nettsider. Ei vidare skildring av kartlegging og registreringar av tannklinikkane finnst i avsnitt 3.2.2.

4.5 Infrastruktur og veg

Avdeling for infrastruktur og veg består av tre seksjonar: planlegging og utbygging, vedlikehald, drift og beredskap og forvaltning, utgreiing og geodata samt ei stabsavdeling.

Regional transportplan 2022-2033 er den styrande planen for den langsiktige utviklinga av samferdselsektoren i Vestland. Planen tek føre seg alle delar av samferdsel og transport i fylket, derunder vedlikehald og utbygging av fylkesveg, skredsikring, sykkel- og gangstiar, Bybanen, Miljøløftet, trafikktryggleik, båt og ferje.

Planen vert rullert kvart fjerde år, medan handlingsprogrammet som syner prioriterte prosjekt vert rullert årleg. Basert på faglege grunnlag gjennom utgreiingar som er utarbeidd for enkelte område og vegobjekt, synleggjer planen bakgrunn for dei vala som er tekne og dannar grunnlag for prioriteringar. Mellom anna er planen tydeleg på konkrete område der universell utforming skal prioriterast ved utviklingsgrep. På områda hurtigbåtkai, infrastruktur for mjuke trafikantar og kollektivinfrastruktur skal universell utforming ha førsteprioritet.

4.5.1 Planlegging og utbygging

Seksjonen har ansvar for å planlegga og byggja investeringsprosjekt, mellom anna ny veg, gang og sykkelvegar, tunnelar og bruer. Oppgåvene er å utarbeida reguleringsplanar, byggeplanar, utføra grunnverv, geologiske og geotekniske undersøkingar og vera byggherre i gjennomføringsfasen. Me har gjennomført eit intervju med ein tilsett frå denne seksjonen.

Informanten fortel at Statens vegvesen sine rettleiarar og handbøker ligg til grunn og nyttast aktivt i all planlegging og førebuing. Det er egne handbøker som spesifikt omhandlar universell utforming. Desse vurderast som gode og forståelege. Men enkelte tema, som blant anna tunellar, har ikkje tilstrekkelege skildringar av krav til universell utforming. Praksis har vore at avdelinga nyttar ulike lovverk, til dømes likestillings- og diskrimineringslova, der rettleiing ikkje gjev tilstrekkeleg informasjon om krava til universell utforming.

Informanten meiner rutinar og praksis for å ivareta krav til universell utforming er godt innarbeida i avdelingas arbeid. Det har blant anna vært et særleg fokus på tilgjenge for haldeplassar. Men det er ei erfaring at det er utfordrande å overhalda mål og krav heilt

⁶³ Oversikt over tannklinikkene i Vestland: <https://www.vestlandfylke.no/tannhelse/tannklinikkane-i-vestland/>

ut i Vestland. Dette har samanheng med fylkeskommunen sin stadvis krevjande natur og mange gamle småveggar.

Tilsette i avdelinga har delteke i Bufdir sitt nettverk om universell utforming av kollektivtransport. Nettverket er eit tiltak i handlingsplanen for universell utforming 2021-2025. Seminara i regi av nettverket, har bidrege til auka merksemd på universell utforming. Informanten trekkjer også særleg fram synfaring saman med brukargrupper som eit essensielt kompetansehevande tiltak som avdelinga har nytta seg av.

Intervjua tydar på at det generelt er høg og relevant kompetanse om universell utforming i avdelinga. Enkelte løysningar, til dømes utforming av gode gangtrasear for svaksynte/blinde, synast å vera utfordrande å få til ein del stader. Det er ikkje tilrettelegging av sjølve gangfeltet eller haldestaden som er vanskeleg, men ofte sjølve vegen der til. Det vert forklara med mangel på moglegheiter til å finansiering av utbetring av heile reisekjeda.

Det ser ut til å mangla ei oversikt over status på tilgjenge. Avdelinga har ikkje krav eller rutinar for å rapportera om universell utforming eller tilgjenge i arbeidet. Det er heller ikkje rutinar for å registrere nye løysningar som ivareteke krav til universell utforming i interne oversiktar eller i publikumsløysingar.

For å ivareta mål om universell utforming, verkar det også som det er behov for betre samarbeid om bestillingar. Informanten som er intervjua, oppfattar at bestillar-funksjonar på vegområde i for liten grad har ei heilskapleg tilnærming til prosjekta, det fører til at løysingane ikkje fungerer godt for alle.

4.5.2 Vedlikehald, drift og beredskap

Seksjonen har ansvar for å drifta og vedlikehalda fylkesvegane, planleggja og å følgja opp entreprenørar og økonomi. Seksjonen har eit beredskapsansvar med vaktordning, der dei vurderer og set i gang tiltak som å stenge vegar, eller å rydde og opne vegar som er stengde grunna uvêr, skred eller flaum. Seksjonen følgjer opp arbeidet til entreprenørar på drift og elektro. På vedlikehald er oppgåvene mellom anna tinging og oppfølging av dekkelegging, bru/kaivedlikehald og tunneloppgradering. Seksjonen har som mål å syta for best mogleg og trygg framkomst på fylkesvegane. For å klara dette er det viktig med eit godt samspel mellom vedlikehald, drift og beredskap.

Det føreligger ikkje intervju med nokon frå denne seksjonen.

4.5.3 Forvaltning, utgreiing og geodata

Forvaltning, utgreiing og geodata (FUG) har som overordna oppgåve å jobba for eit trafiksikkert fylkesvegnett. Seksjonen har eit breitt ansvarsområde innan forvaltning av fylkesvegane i Vestland fylke.

Søknadar om avkøyrslar, dispensasjonar frå byggjegransar og grave- og framføringsløyver på fylkesvegnettet er blant forvaltingsoppgåvene seksjonen har ansvar for. Seksjonen har også ansvar for vegfaglege vurderingar av arealplanar, samt analysar og grunnlag for politiske prioriteringar av midlar og utbyggingsprosjekt på fylkesveg. Koordinering av arbeidet med Regional transportplan (RTP), faglege bidrag til nasjonale planar som Nasjonal transportplan (NTP) og utgreiing av bompengepakkar ligg og til seksjonen. Vidare har seksjonen eit særskilt ansvar for trafiksikringsfaglege vurderingar og den skal følgja opp uro-meldingar frå publikum. Dei førebur saker, koordinerer og følgjer opp trafikktryggingsutvalet i Vestland.

Det føreligger ikkje intervju med nokon frå denne seksjonen.

4.6 Mobilitet og kollektivtransport

Avdeling for mobilitet og kompetanse består av fleire seksjonar; strategi og eigarstyring, transportplan og stab og forvaltning samt kollektivtransporteiningane (Bybanen, Bybanen utbygging og Skyss).

Skyss skal vera eit samla kompetanseorgan for mobilitet og kollektivtrafikken i fylket, og skal søka å nå dei politiske måla som fylkestinget set for kollektiv- og mobilitetstenester. Oppgåvene er å

- planlegga og vidareutvikla linjenett og rutetilbod
- tildele kontraktar for køyring av buss, bybane, båt og ferjer ved hjelp av anbodskonkurransar
- planlegga skuleruter og koordinera skuleskyss
- informera om og marknadsføra reisetilbod og kundeløysingar
- gi kundeservice
- utvikla kombinerte mobilitetstenester

Me har gjennomført intervju med ein tilsett i seksjon for transportplan samt ein tilsett frå Skyss og Bybanen.

4.6.1 Transportplan

Seksjonen har eit overordna ansvar for at fylkeskommunen tilbyr eit transport- og kollektivtilbod til befolkninga. Eit viktig mål for seksjonen er at arbeide gir strategisk retning på regionalt planarbeid og bidreg til heilskapleg satsing på berekraftig mobilitet. Dei skal òg koordinera det regionale arbeidet med byvekstavtale for Bergensområdet og bidra aktivt inn i Miljøløftet sin organisasjon. Ein sentral del av arbeidet er å gje innspel til kommunale planer, områdeplanar, reguleringsplanar og detaljplanar.

Seksjonen forvaltar også tilskotsordningar for trafikktryggingsaktivitetar.⁶⁴ Denne ordninga har til hensikt å styrkje det førebyggjande og trafikantretta arbeidet med trafikktrygging som skjer lokalt og regionalt i fylkeskommunen. I tillegg har dei ansvar for transportordningar for folk med funksjonsnedsettingar i fylket. Me intervjuar ein tilsett frå seksjonen.

Regional transportplan gir sentrale føringar for arbeidet, inkludert mål og forventningar til universell utforming. Seksjonen jobbar ikkje konkret med krav i lovverk, då ansvaret for konkrete løysningar ligg hjå andre avdelingar.

For å auka tilgjenge og tryggleik for mjuke trafikantar, jobbar seksjonen med å kartleggja haldeplassar i fylket. Oversikta gir informasjon om haldeplassar med kritiske feil og manglar når det gjeld krav om universell utforming. Oversikta skal nyttas til iverksetjing av utbetringar. Oversikta er vurdert som god, men den er ikkje til ei kvar tid oppdatert. Det er ikkje rutinar for å rapportera informasjon om tilgjenge frå kartleggingane i publikumsløysningar.

Informanten si vurdering av status på universell utforming er at det er generelt god tilgjenge på buss og bane, både fysisk, visuelt og knytt til lyd. Tilgjenge ved nye haldeplassar og haldeplassar nær bykjernar verkar å vera god, medan tilgjenge på haldeplassar utanfor bykjernane generelt har dårlegare tilgjenge. Bybanen trekkast frem som eit tilbod med gode universelt utforma løysingar.

⁶⁴ Om tilskot til trafikktryggingsaktivitetar:

<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/trafikktryggleik/trafikktryggingsaktivitetar/>

Kompetanse knytt til universell utforming og tilrettelegging vurderast som god, men kompetansen er hovudsakeleg knytt til dei «typiske» brukarane, dei med fysisk funksjonshemming, synshemming og døve. Det er mindre kompetanse om behov hjå andre grupper, til dømes menneske med psykiske eller kognitive utfordringar eller svake digitale ferdigheiter.

For å heva kompetanse har seksjonen nytta seg av diverse seminar i regi av eksterne aktørar, som til dømes studietur til København der ein var på fleire synfaringar og fekk nyttig kunnskap om universell utforming. Seksjonen deltek også i uu-ringen i fylkeskommunen. Det verkar ikkje som seksjonen har praksis for systematisk medverknad, sjølv om seksjonen trekker representantar inn ved behov.

4.6.2 Skyss

Skyss har ansvaret for kollektivtilbodet av buss, bybane, båt og ferje i Vestland. Arbeidet inneber ansvar for å planleggja og utvikla line- og rutenett, inkludert skoleskyss, å tildela kontraktar for køyring og å gje informasjon om reisetilbodet, inkludert kundeløysningar.

Regional transportplan (2022-2033) og Strategi for berekraftig mobilitet i Vestland (2022-2023) er sentrale føringar for Skyss.⁶⁵ I intervjuet kjem det fram at det ikkje er noko tvil i hjå dei tilsette i Skyss at alle krav til universell utforming skal ivaretakast.

Statens vegvesen sine rettleiarar for planlegging og utforming av transportmiddel og haldeplassar gjev konkrete føringar for arbeidet med universell utforming. Prinsipp om universell utforming vert skildra som å liggje «i ryggmargen» hjå dei tilsette og er viktig i all planlegging og utforming. I arbeidet nyttar Skyss ofte eksterne konsulentar for å sikre høg ekspertise om krav og brukarrettigheiter.

Tilsette i avdelinga deltek i det fylkeskommunale nettverket, uu-ringen. Tilsette har vidare delteke på kurs og seminar om universell utforming, mellom anna i Stockholm.

Skyss har ansvar for å utvikla og tilpassa dei digitale reiseplanleggjarane og appane som er tilknytt dette. Dette er noko det jobbast med kontinuerleg og ein har etter kvart utvikla betre og meir tilgjengelege tenester. I intervjuet kjem det fram at Skyss har teke meir eigarskap til utvikling av appane og dei digitale tenestene dei siste åra, tidlegare var mykje meir opp til leverandør å stå for dette. Den digitale reiseplanleggaren har i dag tilgjengeerklæringar og det er mogleg for brukarane av reiseplanleggaren å gje evalueringar.

Samstundes som Skyss har teke meir eigarskap for utviklinga kjem det fram at dei har eit potensiale kva gjeld rapportering internt og i publikumsløysingar. Informanten fortel at rutinen i Skyss er at dei rapporterer tilgjenge på nettløysinga uustats.no. Informanten seier vidare at meir systematisk medverknad av brukarar kunne ha bidrege i ytterlegare grad til å utvikla tenestene.

Inntrykket når det gjeld status på universell utforming er at det område som ikkje er kartlagt, og at tilstanden difor er usikker. Stoppestadregisteret synast å vera avgrensa til å gje god informasjon om den enkelte haldeplass.

Ein barriere for å styrka arbeidet med universell utforming og tilgjenge oppfattast å vera noko manglande forankring og fokus blant leiarar. Informanten meiner barrierar for universell utforming er eit samla og heilskapleg fokus på universell utforming. I dag følgjer alle opp dei krava og retningsliner som gjeld, men fokuset er noko «stykkevis og delt» innanfor dei ulike ansvarsområda.

⁶⁵ Skyss, Strategi for berekraftig mobilitet i Vestland 2022-2033: <https://www.skyss.no/omskyss/omskyss/kven-er-skyss/>

4.6.3 Bybanen utbygging

Me har også gjennomført eit intervju med ein representant frå Bybanen utbygging. Dette er ei eining i Vestland fylkeskommune som har ansvaret for prosjektering og bygging av Bybanen i Bergen. Utgangspunktet for prosjektering er Bergen kommunes reguleringsplan.

Sentrale føringar for arbeidet med universell utforming er gitt i bestemningar i reguleringsplanen (Plan- og bygningslova §12-7).⁶⁶ Bybanen utbygging jobbar med utgangspunkt i ein eigen prosjekteringsrettleiari (sist revidert 2017).⁶⁷ Val av løysningar i denne rettleiaren vart gjort gjennom ein internasjonal designkonkurranse i 2005, då konseptet for ein ny Bybane i Bergen vart utforma. Fleire av design-prinsippa som vart fremsatt i konkurransen, var på det tidspunktet «i forkant av regelverket». Fylkeskommunen la i konkurransen stor vekt på ein brukarorientert tilnærming, noko som har bidrege til gode, universelt utforma løysningar.

Rettleiaren er sist revidert i 2017 og blir revidert i forkant av kvart nytt byggetrinn.

Universell utforming og brukarfokus vert skildra som viktig for mål, rutinar og praksis. Informanten meiner at organisasjonen har høg kompetanse, god økonomi og ein kultur som sikrar gode løysningar.

Brukarfokuset vert skildra som høgt og som bærestein i all prosjektering. Bybanen sin merkevare er ; lett, enkel, tilgjengeleg og forutsigbar. Ved alle endringar vert det drøfta om endringa er brukarvennleg. Det er eit grunnleggjande prinsipp hjå dei tilsette i seksjonen; at det som byggjast skal vera så godt utforma at brukaren lett finn fram (intuitiv design).

Informanten fortel at intuitiv design og låg brukar-terskel ikkje berre er til nytte for dei «vanlege brukarane» av universelt utforma anlegg men også for reisande med ulike reduserte funksjoner; alt frå tilreisande turistar (språk), eldre med låg kognitiv funksjon, barn, samt tilreisande som er heilt nye i byen og skal finna fram.

Det verkar også som dei har systematisk praksis for medverknad av brukarar, også i tidleg fase av prosjekta. Status på universell utforming av Bybanen vert skildra som svært god.

4.7 Opplæring og kompetanse

Avdeling for opplæring og kompetanse har ansvar for vidaregåande opplæring i Vestland fylke, og har ansvar for å gje eit godt fagskuletilbod som dekkjer heile fylket.

Avdeling for opplæring og kompetanse har seks seksjonar.⁶⁸ Ei av seksjonane – Seksjon for inntak, forvaltning og sluttvurdering, jobbar med inntak av nye elever. Seksjonen har mellom anna ansvar for inntak av elever med særlege behov, noko som ofte inneber tiltak knytt til universell utforming/individuell tilpassing. Eit av måla i seksjonen er å få til eit meir effektivt og tidlegare inntak slik at skulane skal få betre tid til å førebu skulestart og tilrettelegging for elevar som har behov for særlege tilretteleggingar. Avdelinga samarbeider tett med eigedomsavdelinga.

⁶⁶ Bestemningar i reguleringsplan: <https://lovdata.no/lov/2008-06-27-71/§12-7>

⁶⁷ Prosjekteringsrettleiari for bybanen: <https://www.hordaland.no/nb-NO/bybanen-utbygging/artikkelarkiv/prosjekteringsveileder/>

⁶⁸ Seksjon for inntak, forvaltning og sluttvurdering, Seksjon for kvalitet i opplæringa, Seksjon for kompetanse, Stab, Rettleiingstenesta og dei vidaregåande skulane

Informanten frå opplæringsavdelinga fortel at fylkeskommunen har god praksis på systematisk arbeid med universell utforming av skulane, og på individuell tilpassing ved behov. For å sikra at både fysiske og pedagogiske forhold er på plass opprettar fylkeskommunen dialog både med skulen eleven kjem frå og den vidaregåande skulen eleven skal starte på i god tid før oppstart. Prosessen med avklaring startar i oktober når elevar med fortrinnsrett meldast til fylkeskommunen og dokumentasjonen på utfordringar og behov vert sendt til fylkeskommunen.

Det har vore eit mål å gjera arbeidet med inntak av elevar meir systembasert og mindre personavhengig. Erfaringane tyder derimot på at dette kan innebere eit dilemma, fordi familiar med born med spesielle behov også treng personleg oppfølging.

For å dekke behova gjerast det ofte fleire tilpassingar, både knytt til fysiske og pedagogiske forhold, blant anna kompetanseheving av personalet (til dømes kompetanse på teiknspråk, punktskrift etc.). Sjølv om fleira av skulebygga er nye og er bygga etter krav om universell utforming, er det ikkje uvanleg at fylkeskommunen må bygga om lokala for å tilpassa til spesielle behov, til dømes byggja lydisolerte rom. Dette er omtala som eit døme på at universell utforming er eit «ideal» som det må jobbast kontinuerleg med, samstundes som informanten er klar på at universell utforming ikkje naudsynt dekker alle behov som oppstår.

Informanten oppfattar at fylkeskommunen har rimeleg god oversikt over skulane sine. Tilstanden for universell utforming ved dei nye skulane skal vera god. Det er ei større utfordring ved dei gamle, kor nokre dessutan er verna og i liten grad kan byggjast om. Dette er likevel ikkje eit stort problem ifølge informanten, då fylket har andre skuler som er godt tilrettelagte, og som har dei same utdanningsprogramma.

Informanten vektlegg at samarbeidet med eigeomsavdelinga er godt, men etterlys eit tettare samarbeid mellom sentraladministrasjonen og skulane. Eit tiltak som fremjast, er å gi betre informasjon om tilsette ved skulene sin kompetanse knytt til universell utforming og tilrettelegging.

4.8 Næring, plan og innovasjon

Avdeling for næring, plan og innovasjon jobbar med nærings- og lokalsamfunnsutvikling, bærekraftig omstilling i næringslivet, innovasjon i næringsliv og offentleg sektor, produksjon av fornybar energi, god infrastruktur og energiomstilling frå fossil energi til fornybar energi.⁶⁹ Avdelinga skal og jobba strategisk med kommunar, næringsaktørar og regionar til det beste for innbyggjarar og med sysselsetting, infrastruktur, næringsareal og økonomisk utvikling i dei viktigaste bransjane. Avdelinga har seks seksjonar.⁷⁰

Me har intervjuja representantar for seksjon for plan, klima og analyse.

4.8.1 Plan, klima og analyse

Seksjon for plan, klima og analyse har ansvar for både utarbeiding av utviklingsplan og av regionale planar, koordinering av innspel til kommunale planar, og for planfagleg rådgiving til kommunane. På nettsida til fylkeskommunen heiter det at seksjonen skal

⁶⁹ Vestland fylkeskommune: <https://www.vestlandfylke.no/om-oss/organisasjon/naring-plan-og-innovasjon/>

⁷⁰ Seksjon for Naturressursar, landbruk og reiseliv, seksjon for forskning, kompetanse og internasjonalisering, seksjon for grøn næringsinfrastruktur, seksjon for plan, klima og analyse og seksjon for stab og ekstern strategisk kontakt

«[...] bidra i arbeidet med å styrke rolla fylkeskommunen har som samfunnsutviklar, og samordna aktiviteten fylkeskommunen har overfor kommunar og eksterne aktørar».⁷¹

Seksjonen arbeider særleg med universell utforming i regionale og kommunale planprosessar. Gruppa som jobbar med kommunale planar, sjekkar ut korleis universell utforming er tatt inn i alle planar som dei har på høyring i fylkeskommunen.

Praksis er at dei tilsette er inne i oppstartsfasen av planprosessane for å gje overordna innspel, men dei kan også vera involverte i meir detaljerte planar. Sentrale føringar for planprosessane er plan- og bygningslova, likestillings- og diskrimineringsloven og prinsipp i kommuneplan og regionalt planverk.

Tilsette i seksjonen sit både i arbeidsgruppa for universell utforming i fylkeskommunen og deltek i uu-ringene. Fram til nyleg var folkehelse del av seksjonen, men er etter omorganiseringa plassert i ein ny avdeling for Kultur og folkehelse. Det er ennå ikkje konkludert om kva rolle avdelinga skal ha i det tverrsektorielle arbeidet med universell utforming.

Planseksjonen i fylkeskommunen er også sekretariat for plannettverket som inviterer til samlingar innanfor ulike tema, mellom anna universell utforming. Plannettverket er ein møtestad for alle som er involvert i kommuneplanlegging, inkludert kommuneplanar, reguleringsplanar eller relevant sakshandsaming. Seksjonen arrangerer også plankonferanse med vekt på klima og folkehelse, retta mot administrasjon og politikarar i fylkeskommunen og kommunane. Universell utforming er som regel del av programmet.

Informantane frå planseksjonen meiner at arbeidet med universell utforming fungerer godt, men at dei kunne gjort meir med fleire ressursar, kapasitet og kompetanse.

Fylkeskommunen har ingen systematisk oversikt over status for universell utforming når det gjeld planverk i kommunane i Vestland. Fylkeskommunen gjev merknadar og innspel til dei kommunale planane dei har på høyring, men det finnast ikkje ei oversikt over kva som vert teke omsyn til av kommunane i desse planane. Dei gongane fylkeskommunen har motsegn til ein plan, går dei i dialog med den aktuelle kommunen, og kjem til einigheit om kva som skal endrast.

Inntrykket er at ivaretakinga av universell utforming er større i kommunane no enn tidlegare, og at det har vore ei positiv utvikling på området. Særleg i planlegging av kommunesentrum tek kommunane meir omsyn til universell utforming enn tidlegare. Planseksjonen erfarer at universell utforming er et tydeleg premiss for områdereguleringar for sentrum, og at dette vert kopla til arbeid for aldersvennlege samfunn. Inntrykket er at det er høge barrierar for å prioritera investeringar i universell utforming på mindre stader, der ein ikkje når mange menneskje. Informantane gir også uttrykk av at universell utforming er eit økonomisk spørsmål for kommunane.

4.9 Kultur og folkehelse

Avdeling for kultur og folkehelse består av åtte seksjonar.⁷²

Me har gjennomført intervju med tilsette i fagområde folkehelse, biblioteksutvikling, kulturarv og idrett og friluftsliv.

⁷¹ Vestland fylkeskommune: <https://www.vestlandfylke.no/om-oss/organisasjon/naring-plan-og-innovasjon/>

⁷² Stab, seksjon for kulturformidling, seksjon for kulturarv, seksjon for kulturutvikling, seksjon for fysisk aktivitet og inkludering og Vestlandsarkivet

4.9.1 Folkehelse

Fagområde for folkehelse er plassert under seksjon for fysisk aktivitet og forvaltar fylkeskommunens lovpålagde oppgaver knytt til folkehelse. I tillegg har dei regionale utviklingsrollene overfor kommunane og samordnar nasjonale satsingar og program for folkehelse.

Ansvar for folkehelse går på tvers av den fylkeskommunale organiseringa, der den enkelte behovseigar også har ansvar for å inkludera folkehelseperspektiv i sine forvaltningsoppgåver. Seksjonen fungerer som støttefunksjon for dei andre avdelingane og har ei koordinerande rolle i arbeidet. Seksjonen samarbeider tett med dei andre avdelingane i fylket, særleg knytt til planarbeid, og dei vurderer om kommunale planar oppfyller krav til folkehelse og universell utforming. Av kapasitetsomsyn, behandlar ikkje seksjonen konkrete temaplanar.

Informanten på seksjonen er tydeleg på at universell utforming er forankra på strategisk nivå via *folkehelse*. Folkehelseplanane frå dei to tidlegare fylka og *Handlingsprogram for folkehelse i Vestland 2022-2025* gir den overordna retninga i arbeidet, jf. avsnitt 0. Hovudmåla er gode levekår og livskvalitet for alle, samt utjamning av sosiale helseforskjeller. Under tema 1 i planen om heilskapleg folkehelsearbeid og universell utforming heiter det at «Vestland skal vere eit universelt utforma samfunn» (s. 11). I det praktiske arbeidet, er det likevel PBL og likestillings- og diskrimineringslova som ofte vert nytta for å ivareta krava til universell utforming.

Vidare fortel informanten at sjølv om det overordna målet for universell utforming er tydeleg, står det att å operasjonalisera måla om universell utforming til noko dei ulike behovseigarane og tilsette på operativt nivå kan bruka. Vedkommande har inntrykk av at mangel på forankring av universell utforming som eit strategisk mål ofte fører til manglar i dei faktiske løysingane, fordi krava i mange døme er minstekrav, og ikkje sikrar tilstrekkeleg god tilgjenge.

Ein av dei tilsette ved seksjonen har vært representant i arbeidsgruppa for universell utforming, gruppa som har teke ansvar for det sektorovergripande arbeidet med universell utforming. Dette inneberer mellom anna å vurderer ulike førespurnadar som kjem til fylkeskommunen og å utvikla arbeidet med universell utforming. Arbeidsgruppa har også vore pådrivaren for å etablere uu-ringen, eit nettverk om universell utforming som går på tvers av avdelingane i fylkeskommunen. Tilsette i seksjonen har også representert Vestland i KS-nettverket om universell utforming. Fagområdet disponerer ikkje eigne tilskotsordningar eller spesifikke budsjettmidlar til universell utforming. Men dei har tidlegare brukt overskotsmidlar til prosjekt med universell utforming som føremål, og brukar tilskotsordningane for folkehelse til å stimulera kommunane til tiltak som er indirekte knytt til universell utforming. Fagområdet har tidlegare delteke i prosjektarbeid med prosjektmidlar frå Bufdir. Mellom anna til å gjennomføra konferansar med kommunar og utbyggjarar knytt til universell utforming, men dette har ikkje vorte ein etablert rutine. Fagområdet har dei seinaste åra samarbeida om å inkludera universell utforming som tema i konferansar med eit klima- og folkehelseperspektiv.

Informanten melder om at fagområdet ikkje har god oversikt over status for universell utforming i Vestland. Verken knytt til kartleggingar, registreringar og tilstand på universell utforming hjå ulike tenester, eller arbeid, rutinar og kompetanse i dei ulike rådsområda.

4.9.2 Idrett og friluftsliv

Seksjon for idrett og friluftsliv arbeidar med å leggja til rette for aktivitet og idrett. Dette inneberer å gje støtte til lag og foreiningar, arrangement og til enkeltutøvarar, og gje

retteleiing og innspel på kommunale planar. Seksjonen har også ansvar for dei statleg sikra friluftsområda.

Seksjonen forvaltar fleire tilskotsordningar, både statlege og fylkeskommunale, og gir driftstilskot til organisasjonar. Seksjonen forvaltar mellom anna spelemiddelordninga frå Norsk Tipping, og gir tilskot til friluftaktivitet og til friluftspanar. Dei sentrale samarbeidspartnarane er kommunar og regionale organisasjonar.

Arbeidet for å ivareta krav til universell utforming i seksjonen er i hovudtrekk knytt til fordeling av tilskotsmidlar til bygg og anlegg, og kartlegginga av tilgjenge i friluftsområde. Tilsette i seksjonen deltek også i uu-ringen, eit uformelt nettverk i fylkeskommunen.

I fordelinga av tilskotsmidlar til bygg og anlegg, er det plan og bygningslova og TEK 17 som definerer krav til utforming. For bygg er det krav om universell utforming. Det er også krav til universell utforming av uteareal for allmennheita og i publikumsbygg (jf. § 8-2 i TEK 17), men det er unntak «der utearealet eller deler utearealet etter sin funksjon er uegnet for personar med funksjonsnedsettelse» (§ 8-2 andre ledd). Informantane uttrykkjer at dei oppfyller krav til universell utforming i uteområda så langt det er mogeleg, men påpeiker at topografien set grensar. Vidare nyttar fylkeskommunen Norsk Standard som ei sentral retteleiing.

Utover krav i lov og forskrift, finnast det få skriftleggjorte mål og retteleiingar knytt til universell utforming som seksjonen kan jobba etter.

Mangelen på konkrete mål vert i nokon grad oppfatta som eit problem, mellom anna for å retteia kommunane i korleis ein skal leggja til rette for turruter. Informantane fortel likevel at universell utforming, som mål, ligg som ei sentral ramme for arbeidet. Dei syner mellom anna til at dei har utvikla dagsturhytter, der fylkeskommunen har sørga for tilkomst for manuell og elektrisk rullestol der dei har vurdert det som relevant. Eit anna døme er tilskot til nye padleruter der tilrettelegging av tilkomstpunkt i størst mogleg grad tilfredsstillar krav til universell utforming.

Universell utforming er teke inn i rutinar ved at tilsette skal sjekke av om tilskotsøklarar oppfyller krava. Dei tilsette gjev råd til søklarar dersom dei ikkje oppfyller krava. Seksjonen har ingen generelle krav om å rapportera på arbeidet som er relatert til universell utforming. Seksjonen har rapportert om arbeidet til rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, men det verkar ikkje som seksjonen jobbar systematisk med brukarmedverknad utover å oppfordra kommunane til å involvera dei lokale råda.

Ei anna sentral oppgåve seksjonen har er å kartlegga tilgjenge i tettstadar og friluftsområde. Kartleggingane har vore gjennomført kvart år sidan 2020 (etter samanslåinga til Vestland). Kartleggingane gjennomførast i sommarhalvåret og gjerast i samarbeid med friluftsrådet og lokale turlag. Fylkeskommunen har tilrettelagt for at organisasjonar og kommunar kan gi innspel til val av område.

Dei tilsette oppfattar at arbeidet med kartlegging av uteområde har vore høgt prioritert. Utgangspunktet for å velja område som er aktuelle for kartlegging er at det skal vera turområde som vurderast som relevante for personar med funksjonsnedsettingar og er område som ein manglar kunnskap om. Tilsette har vore på kurs for å læra korleis dei skal gjennomføra kartleggingane. Kartleggingane er omtala i avsnitt 3.2.2 og 3.3.2. Fylkeskommunen har ikkje oversikt over korleis kommunane arbeider med turområda etter at dei er kartlagt.

Utover deltaking på kurs knytt til kartleggingar er det få kompetansehevingstiltak som informantane nemnar. Informantane har inntrykk av at det er eit stor behov for auka medvit og kompetanse om universell utforming, også for tilsette i kommunane, og etterlyser fleire arrangement. Informantane syner mellom anna til arbeid med nye padleruter, som dei meiner et eit døme på noko ein tidlegare ikkje har tenkt over og

som kan opna nye moglegheiter for personar med funksjonsnedsettingar til å nytta nye tilbod.

Informantane nemner fleire grunnar til at arbeidet med å ivareta universell utforming kan vera krevjande. Universell utforming oppfattast som eit område som tangerer mange forvaltningsoppgåver på ulike nivå, noko som gjer det utfordrande å plassera ansvar. Vidare meiner informantane at manglande økonomiske ressursar og topografien i fylket gjer det vanskeleg å ivareta krava.

4.9.3 Kulturarv

Seksjon for kulturarv har det overordna ansvaret for å ivareta kulturminne. Seksjonen forvaltar ein rekke tilskotsordningar, gjennomfører utredningar og undersøkingar for å ivareta kulturminne i forbindelse med byggeplanar og jobbar med formidling av kulturarv. Seksjonen arbeidar tett med kommunane som rettleier.

Kulturminnelova og statlege retningsliner regulerer rammene for arbeidet. Kulturminnelova gjev eit overordna vern av kulturminne og kulturmiljø (jf. § 1) og forbyr inngrep mot freda kulturminne (jf. § 3). Kulturminnelova gjev vern mot inngrep som kan skada verna område. Kravet om universell utforming kan komma i konflikt med lova, og der har vern av kulturminne forrang.

Krav til universell utforming vert aktualisert gjennom arbeidet med å ivareta og formidla kulturminne. Seksjonen arbeidar med å leggja til rette for at flest mogeleg kan oppleva kulturminne gjennom informasjon, tilkomst og skilting. Omsynet til vern og dei større kostnadene assosiert med universell tilrettelegging gjer at ein ofte ender opp med enkle løysingar for å betra tilgjenge, som til dømes universelt utforma skilt. Seksjonen har ved nokre anledningar hatt prosjekt for å betra tilkomsten til kulturminne gjennom opprusting av trapper og ved å setja opp benkar.

Utover generelle krav i lov og nasjonale retningsliner har ikkje fylkeskommunen eige mål og retningsliner for universell utforming i arbeidet med kulturminne. Informanten uttrykkjer likevel at inkludering og universell utforming i praksis inngår i dei fleste prosjekt og at dei har ein ambisjon om å ha eit tilrettelagt kulturminne i kvar kommune. Informanten si erfaring er at det ikkje er vanleg at kommunane har eigne mål eller strategiar for universelt utforma tilrettelegging av kulturminne men at dette vert gjort i dei tilfella kulturminne kan koplast til andre tiltak for Universell utforming, slik som turstiar.

I mange prosjekt får fylkeskommunen tilskot frå Riksantikvaren. I rapporteringa til Riksantikvaren ligg det inne eit krav om å gjere greie for om prosjektet inkluderer heil eller delvis universell utforming.

Den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden gir en oversikt over kulturminne. Askeladden er Riksantikvarens offisielle database over freda kulturminne og kulturmiljø i Noreg, og skal innehalde informasjon om alle, kjente, freda kulturminne. Databasen har ein publikumsversjon, Kulturminnesøk.no, der publikum kan finna og lesa om kvart kulturminne. Databasen gjer ikkje systematisk informasjon om tilgjenge.

Manglande økonomiske ressursar sjåast som den viktigaste hindringa for universell utforming, i tillegg til kulturminnelova. Tilskota som fylkeskommunen forvaltar gjer det ikkje mogeleg å prioritera tilgjenge. Informanten ønskjer seg ei betre oversikt over relevante finansieringsordningar som kunne vore nytta for å prioritera tilgjenge høgare i prosjekta. Gamle Hordaland hadde i 2017 eit prosjekt der dei utlyste midlar til kommunar for å vektleggja universell utforming i arbeid med kulturminne, men budsjettposten er ikkje operativ lenger.

Dei praktiserer ikkje systematisk brukarmedverknad i dette arbeidet. Arbeidet med tilgjenge baserer seg i stor grad på skriftlege retningslinjer, til dømes i forbindelse med skilting.

Tilsette ved seksjonen har lite kontakt med den fylkeskommunale arbeidsgruppa for universell utforming og uu-ringen.

4.9.4 Bibliotekutvikling

Seksjon for bibliotekutvikling i Vestland fylkeskommune har ansvar for regionale bibliotekoppgåver og den regionale bibliotekutviklinga.⁷³ Dette inneberer mellom anna å gi råd til folke- og skolebiblioteka i kommunane, og ta initiativ til, finansiere og støtte utviklingsarbeidet som gjerast i biblioteka i Vestland.

Seksjonen driv med kompetanseheving for dei tilsette ved dei kommunale biblioteka, som kvart år tar form av fleire kurs, verkstader, konferansar og seminar. Det er og fylkeskommunen sitt ansvar å tilby tenester som skal utjamne forskjellar mellom dei kommunale folkebiblioteka. Fylkeskommunen organiserer til dømes ei transportordning mellom biblioteka i fylket.

Ifølgje informanten har dei tilsette i seksjonen stor merksemd på prinsippa om universell utforming og samfunnsdeltaking for alle. Dette ligg til grunn for arbeidet deira. Tilsette arbeider for at bibliotek skal vere ein open samfunnsarena der ulike grupper kan møtast. Dette er formidla både i lov⁷⁴ og i bibliotekutdanningane.

I intervjuet kjem det fram dømer på at omsynet til fysisk universell utforming er gjort eksplisitt i seksjonen sitt arbeid. Fylkeskommunen deler ut tilskot til arenautvikling i biblioteka, som mellom anna skal stimulera til utvikling og utjamning av forskjellar i bibliotektilbodet i Vestland.⁷⁵ Dette skal mellom anna skje ved å fornya biblioteklokale, og universell utforming er eit eksplisitt kriterium for å få tildelt midlar. Tilskotet kan også nyttast til investeringar i mobile bibliotekkeiningar. Det ligg eit politisk forslag i fylkeskommunen som inneber ei stor styrking av seksjonen sitt arbeid med mobile einingar i dette budsjettåret. Løyvinga vil bli på 1,2 million kroner om forslaget blir vedteke. Eit viktig mål med satsinga på mobile bibliotekkeiningar er å styrke tilgjenge.

Fylkeskommunen har tidlegare også gjennomført konkrete prosjekt knytt til fysisk tilgjenge i biblioteka, mellom anna ei akustikk-kartlegging.

Informanten frå bibliotekseksjonen har og inntrykk av at tilstanden for universell utforming i kommunane i Vestland er nokså god, sjølv om det finnst forbedringspotensiale. Informanten meiner og at mange bibliotek i fylket ivaretek ei brei definisjon av universell utforming, som handlar om at dei legger til rette for demokratisk deltaking for alle. Informanten kjenner ikkje til statistikk eller rapportering som seier noko om den fysiske tilstanden til biblioteka.

For å styrka arbeidet med universell utforming vektlegger informanten at fylkeskommunen bør fortsetta med kompetanseheving av bibliotektilsette, både knytt til universell utforming og for å auke forståinga av bibliotek som inkluderande møteplass og arena for deltaking.

Informanten seier i tillegg at universell utforming og tilgjenge til bibliotek kan styrkast gjennom utviklingsarbeid i fylkeskommunen.

⁷³ Vestland fylkeskommune, bibliotekutvikling: <https://www.vestlandfylke.no/om-oss/organisasjon/kultur-og-folkehelse/>

⁷⁴ Sjå Folkebiblioteklova

⁷⁵ [Tilskot arenautvikling i bibliotek \(2022\) - Vestland fylkeskommune](#)

4.10 Fylkeskommunale råd for medverknad

Vestland fylkeskommune har tre medverknadsorgan – Fylkesting for ungdom med tilhøyrande arbeidsutval, Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og Fylkeseldrerådet. Me har gjennomført intervju med representantar for dei to sistnemnde råda.

Kommunar og fylkeskommunar er gjennom kommunelova pålagt å ha Råd for eldre og for menneske med nedsett funksjonsevne. Det går fram av forskrifta til lovføresegna at eldre og personar med funksjonsnedsettingar – skal sikrast ei «brei, open og tilgjengeleg medverking» gjennom råda (Proba, 2022). Råda skal bidra til at gruppene blir høyrte og at viktige omsyn som angår dei blir tatt inn i avgjerdsprosessane i kommunane og fylkeskommunane.

Det går fram av intervju at dei to råda jobbar ganske likt med saker. Rådsleiarane førebur saker og forslag til utsegn, og legger desse fram på rådsmøta. Alle møta er formelle og etter møteplanen, og rådet behandlar forslaga i desse møta. Informanten påpeikar at dei er innforstått med at dei somme tider har kortare fristar på utsending for å få behandla saker tidleg i prosessen (før utvalsbehandling). Fylkeseldrerådet deltek i forskjellige brukarutval.

Begge råda opplever at dei kjem for seint inn i dei fylkeskommunale avgjerdsprosessane, og at saksdokumenta allereie er tilnærma ferdig utarbeida når råda mottok dei. Det er grunn til å tru at trykket på omsynet til universell utforming frå medverknadsråda og inn mot politiske organ blir mindre, når råda ikkje kjem tidleg nok inn i prosessane. Rådsrepresentantane trekker fram nokre eksempel på prosesser som har fungert godt, mellom anna arbeidet med regional plan for kultur og friluftsliv.

Kunnskapen om tilgjenge synast å vera avgrensa til Kartverkets database om friluftsområde. Informantane opplever at fleire turområde er gjort godt tilgjengelege. IKT-området trekkast fram som svakt, både knytt til kunnskap og utforming.

Representantane meiner det er behov for ei årleg rapportering om status for personar med funksjonsnedsetting, der kunnskap om og arbeid med, universell utforming kunne vore inkludert.

Det trekkast også fram behov for fleire støtteressursar i rådsarbeidet. Manglande sekretærfunksjonar som utgreier saker for rådet/gjev framlegg til vedtak legger i dag barrierar på rådet sin moglegheit til medverknad.

5 Samanfatning og drøfting – Vestland fylkeskommunen si rolle og ansvar for universell utforming

Gjennomgangen av fylkeskommunens arbeid med universell utforming syner at universell utforming rører ved fylkeskommunen si rolle som samfunnsutviklar og tenesteleverandør på mange område. Me samanfatar her det me vurderer som generelle erfaringar knytt til å nå mål, lovpålagte krav og rettleiande standardar på tvers av rådsområda, og drøfter ulike grep for å styrka arbeidet med universell utforming, jf. problemstilling 3.

Kapittelet er strukturert ut frå ei vanleg inndeling av offentlege verkemiddel: organisatoriske, pedagogiske, juridiske og økonomiske verkemiddel.

5.1 Organisatoriske verkemidlar

5.1.1 Organisering

Ansvar for universell utforming i Vestland er i hovudsak plassert hjå den enkelte behovseigar, dvs. innan avdelingane og seksjonane sine definerte oppgåver. Det tverrsektorelle ansvaret for fagområdet var fram til utgangen av 2022 initiert frå avdeling for Strategisk utvikling og digitalisering, på seksjon for plan, klima og folkehelse. Parallelt med utarbeiding av denne rapporten vart fagområdet folkehelse lagt til ei ny avdeling, Avdeling for kultur og folkehelse. Det er i dag ikkje avklart kor det sektorovergripande ansvaret for universell utforming skal plasserast i organisasjonen.

Dedikerte ressurspersonar i dei to nemnte avdelingane har til no halde fram med å drive arbeidsgruppa for universell utforming, som har hatt eit ansvar for å koordinera og mobilisera andre fagavdelingar. Arbeidsgruppa «driftar» også eit nettverk i fylkeskommunen, uu-ringen, der det sit representantar frå dei ulike avdelingane i fylkeskommunen. Det er ingen heile stillingar dedikert til arbeid med universell utforming.

Det synast å vera ei felles forståing blant informantane at det i mange situasjonar er vanskeleg å plassere ansvaret for universell utforming. Ansvaret er spreidd på ulike avdelingar utan at det er konkretisert arbeidsrutinar som klargjer ansvarsforholda for universell utforming. Det finnast heller ikkje ressurspersonar som har eit formalisert ansvar for universell utforming. Dette synast å gjera arbeidet personavhengig.

Ansvar for å gjennomføra fleire av oppgåvene vil vera plassert hjå fleire funksjonar i fylkeskommunen. Dette krev tett og godt samarbeid på tvers av organisasjonen, og ei felles forståing av kva som er måla for oppgåva. Til dømes er bestillar-funksjonar i fylkeskommunen avhengig av samarbeid med den enkelte behovseigar for å sikra at innkjøpsprosessar oppfyller reelle behov og er i samhøve med fylkeskommunen si strategiske interesser knytt til universell utforming. Erfaringane blant dei tilsette tydar på at det er behov for er tydeleggjering av den enkelte behovseigars ansvar for universell utforming.

Tydeleggjering av ansvar vil ofte innebere ei prioritering av nokre oppgåver framfor andre. Fleire informantar peikar på at universell utforming konkurrerer med andre viktige politikkområde. Andre saker med større politisk merksemd vert prioritert høgare enn universell utforming. Fleire fortel også at den administrative forankringa av universell utforming på leiarnivå er avgrensa. Ei tydeleggjering av ansvaret inneber

truleg at den enkelte behovseigar, på leiarnivå, må ta stilling til korleis universell utforming skal inngå som eit prioritert mål.

Det er ei generell oppfatning at arbeidsgruppa for universell utforming fyller eit viktig behov, den har dedikerte ressurspersonar som held fokus på tema over tid. Vidare gjer uu-ringen ein sektorovergripande struktur på tvers av avdelingane. Me oppfattar at desse strukturane er viktige forutsetningar for arbeidet med universell utforming, og anbefalar at desse vidareførast. Derimot synast det som ei barriere at ingen heile stillingar er dedikert til fagområdet. Det er framleis ikkje avklart korleis det tverrsektorielle ansvaret for universell utforming skal bli plassert på avdelingsnivå etter siste omorganisering

Gjennom intervju har me fått inntrykk av at universell utforming i hovudsak er godt forankra på tvers av rådsområda. På grunn av relativt få informantar og fordi informantane vart rekruttert ut frå ei vurdering om at dei var relevante, er det knytt usikkerheit til funnet. Det er ei rekke seksjonar som ikkje er representert blant informantane. Vidare har me få informantar som representerer leiarar og operativt tilsette, til dømes utførarar av faktiske samferdsels- eller IKT-løysingar eller lærarar i skulen.

Trass i at universell utforming synast å vera godt forankra på tvers av fylkeskommunens avdelingar, peiker IKT og digitalisering seg ut som eit område der forankringa og praksisen er noko svak. Dette byggjer på vurderingar frå informantar i andre avdelingar. Me har ikkje gjennomført intervju blant tilsette som arbeider med IKT og digitalisering.

Fleire av informantane meiner at ny fylkesstruktur har svekka arbeidet med universell utforming. Dette synast til dels å også å gjelde andre forvaltningsoppgåver. Dette forklarast i hovudsak ut frå at gamle Hordaland hadde godt innarbeida rutinar og strukturar for arbeidet med universell utforming, og at dette vart svekka i opprettinga av Vestland. Dei fleste av våre informantar kjem frå gamle Hordaland fylke, og det er difor noko usikkerheit om inntrykket hadde vore det same blant tilsette i gamle Sogn og Fjordane.

Inntrykket er også at samanslåinga i nokon grad har ført til ei meir silobasert oppgåveløysing. Dette er kanskje ikkje spesielt overraskande, då det tek tid til å etablere nye strukturar som skal fungera på tvers av gamle organisasjonar. Å ivareta universell utforming som prinsipp krev derimot samordning på tvers av sektorar og mellom dei ulike nivåa i organisasjonen.

5.1.2 Rutinar

Universell utforming er som regel forankra i avdelingane sine rutinar via juridiske føringar, overordna planar eller som generelle prinsipp som tilsette nyttar i arbeidet. Me finner få avdelingar som ikkje har direkte eller indirekte mål eller krav til universell utforming. Fleire avdelingar, mellom anna mobilitet og transport og eigedom, synast å jobbe systematisk for å sikre at universell utforming vert ivareteke.

Likevel finn me at berre utvalde einingar har utforma eigne sjekklistar eller har tematisert universell utforming i skriftlege rutinar. Særleg er det manglar på rutinar for kartlegging, rapportering og registrering av status på universell utforming. Det er til dømes ikkje systematiske rutinar for at nye vegar, haldeplassar eller bygg vert kartlagt og registrert – korkje til internt bruk eller for publikum. På område der ein har registreringar som gir informasjon om tilstanden, finn me heller ikkje klare rutinar eller tiltaksplanar for å gjera utbetringar. Fylkeskommunen har heller ikkje tydelege rutinar for å følgje opp kommunane, korkje i form av merknadar til kommunale planar eller til kartlegging av friluftsområde.

Slik me vurderer det, vil betre rutinar for kartlegging, registrering og rapportering, ikkje berre gi betre grunnlag for å gjere tiltak, men også kunne føra til økt kjennskap og forståing for universell utforming på ulike nivå. Det vert av fleire skildra at det ofte ikkje er samsvar mellom overordna mål om universell utforming og praksisar i dei iverksetjande ledda. Krav om rapportering kan også føra til betre forankring av universell utforming på leiarnivå. Fleire meiner svak forankring er ein barriere i arbeidet.

Med nokre unntak finn me også at fylkeskommunen har få systematiske rutinar for medverknad av brukarorganisasjonar eller av det fylkeskommunale rådet for menneske med funksjonsnedsetting. Eit godt døme på eit prosjekt med brukarmedverknad i fokus i utforminga av ei universell utforma løysning er Bybanen i Bergen.

Tidlegare studiar visar at det synast å vera ei generell erfaring blant råda at dei kjem for seint inn i politiske avgjerdsprosessar og regionale planprosessar. For at råda skal ha moglegheit til reell medverknad er tidleg involvering vera ein nøkkelfaktor (Probarapport 2022-1). Det bør jobbast for at råda får tryggleik i rolla si og god informasjon om kva ressursar dei kan spela på. For å styrka råda si rolle i arbeidet, synast det å vera behov for å fleire støtterressursar i det fylkeskommunale rådsarbeidet. Manglande sekretærfunksjonar legg i dag barrierar for rådet sin mogelegheit til medverknad.

5.2 Pedagogiske verkemidlar

Intervjua med dei tilsette bekreftar at den strategiske forankringa av universell utforming ligg i planar for folkehelse og regionalt planarbeid. Avdelingane med ansvar for folkehelse og plan verkar å ha dei klåraste måla og verkemidla knytt til universell utforming, slik det er formulert i dei strategiske planane. Avdelingane med ansvar for bygg og infrastruktur, inkludert kollektivtrafikk, har også tydelege mål, krav og rutinar for universell utforming, men koplinga til regional planstrategi synast å vere noko svak.

Manglande kjennskap og kompetanse om universell utforming vert fremja som barrierar for å nå mål om tilgjenge for alle. Universell utforming vert av informantane ofte skildra som eit komplekst mål, som endrast over tid og der ein må ta ulike omsyn til ulike gruppe. Det verkar å vera eit generelt behov for å styrka tilsette sin kompetanse på dette temaet.

Frå datamaterialet finn vi at det er behov for å operasjonalisera og konkretisera universell utforming i fagspesifikke planar og strategiar. Me finn få temaplanar som skildrar arbeidet med universell utforming og fleire fortel at det er mangel på operasjonaliserte mål hjå den enkelte behovseigar. Forankringa av universell utforming i regional plan for folkehelse og handlingsprogram for planen, blir fremja som døme til etterfølging. Eit anna er prosjekteringsveileder for Bybanen. I desse planane har universell utforming vore kopla til sentrale mål, noko som bidreg til større forståing for nytta.

Mange av informantane fortel at dei deltek eller har delteke i ulike fora for universell utforming, både nasjonalt og i fylkeskommunen. Uu-ringen verkar å vera eit viktig forum internt. KS-nettverket for universell utforming og Bufdir sitt nettverk om universell utforming av kollektivtransport blir og nemnde som nyttige. Men enkelte etterlyser fleire arrangement og kurs som er retta inn mot deira ansvarsområde.

Det synast også å vera behov for å styrka samarbeidet med kommunane om universell utforming. Erfaringane blant informantane er at kommunane i liten grad nyttar fylkeskommunen som rettleier. Me oppfattar at sentrale delar av nettverksarbeidet med kommunane har vore lite operativt etter korona, og at universell utforming har vore lite tematisert i dei nettverka som har fungert.

Vidare finn vi at det er behov for å få betre oversikt over den kompetansen som finnast i fylkeskommunen. Ei slik oversikt vil gjera det enklare for dei tilsette når dei har behov for støtte og for å styrka kompetansen dei manglar.

5.3 Økonomiske verkemidlar

Undersøkinga tydar på at fylkeskommunen har få økonomiske verkemidlar som er spesifikt knytt til universell utforming.

Som allereie nemnt, finnast det ingen heile stillingar som er dedikert til universell utforming. Frå kartlegginga har me fått opplyst om at berre ei stilling har spesifikk tid satt av til arbeid med universell utforming. To andre personar jobbar også spesifikt med universell utforming, men me har ikkje informasjon som tilseier at desse har spesifikk tid sett av til arbeidet. Få stillingsressursar sett av til universell utforming synast å vere ei barriere for å nå mål på området.

Me kjenner ikkje til at fylkeskommunen har eigne midlar sett av til tiltak for universell utforming. Dei fleste konkrete tiltaka knytt til universell utforming er finansiert av eksterne tilskotsordningar, mellom anna frå Bufdir, Kartverket og Riksantikvaren. I følge handlingsprogrammet for folkehelse, som legg sentrale føringar for det sektorovergripande arbeidet med universell utforming, skal tiltaka for universell utforming finansierast av eksterne midlar og tilskotsordningar. Me finner ingen nye tiltak knytt til universell utforming i økonomiplan 2023-2026.

Fylkeskommunen har fleire tilskotsordningar som indirekte rårar ved tema, til dømes tryggleik i trafikk, folkehelse, bygg og anlegg og bibliotek. Ifølge enkelte av informantane legg desse tilskotsordningane i liten grad klåre premisser for, eller premierer tiltak om universell utforming.

Me meiner at eit viktig grep for å styrka fylkeskommunens arbeid med universell utforming er å avsette fleire dedikerte ressursar, både i form av heile stillingar og midlar som kan nyttast på tiltak. Styrking av interne ressursar kan vera nyttig i fylkeskommunens rolle som tenesteleverandør, og kan også styrka fylkeskommunens moglegheit til å rettleie kommunane. Enkelte meiner at fylkeskommunen i dag ikkje kan ta denne rolla fordi det ikkje finnast nok midlar eller personell.

Me har ikkje konkret kunnskap om behova i kommunane i Vestland knytt til arbeidet med universell utforming. Funna i Proba si undersøking av universell utforming i Viken (Proba-rapport 2022-7) tyda på at behova i kommunane er ulike, men at kompetansetiltak og tilskot vart vurdert som spesielt nyttige.

5.4 Juridiske verkemidlar

Undersøkinga tydar på at fylkeskommunen har og nyttar seg av ei breidd sett av juridiske verkemidlar, både som tenesteleverandør og som samfunnsutviklar. Arbeidet med universell utforming synast difor ikkje å vera avgrensa som følge av mangel på juridiske verkemidlar.

5.5 Konklusjonar og anbefalingar

Under samanfattar me våre konklusjonar og anbefalingar om strategiske grep.

Kva er status på universell utforming innan Vestland fylkeskommune sine ansvarsområde, her under kompetanse, rutinar, verktøy og arbeidsmetodar?

Gjennomgangen av litteratur og tilgjengelege kjelder syner at det er betydelege utfordringar knytt til universell utforming i Noreg. Det er grunn til å tru at dei fleste av desse også gjeld for Vestland.

Status på universell utforming synast å vera svak på dei fleste område, men tilstanden er svakast på uteområde, det gjeld både tettstader og friluft, og for kollektivtilbodet. For uteområde visar datamaterialet at parkeringsområde, gang- og sykkelveggar og tilkomst til bygg og til kollektivtilbodet ofte er lite universelt utforma.

For kollektivområde finn vi at det er særleg tilgjenge til haldeplassar og kollektivterminalar som er lite universelt utforma. Haldeplassar i distrikta verker å vera eit særleg problemområde. Enkelte tilbod i Vestland, som Bybanen utmerkar seg som eit meir eller mindre universelt tilbod. Tilgjenge på transportmiddel, til dømes buss og bane, er truleg ganske god.

Sjølv om tilstanden på bygg og anlegg generelt sett verker å vera betre enn når det gjeld uteområde, tydar målingar frå Kartverket på at inngangar er ei særskild utfordring.

I hovudsak syner datamaterialet at arbeidet med universell utforming er godt forankra i fylkeskommunen sitt arbeid for å ivareta krav og standardar. Vi finn at fylkeskommunen har både sektorovergripande strukturar og – hos dei fleste behovseigarane – gode rutinar for å ivareta krav.

Det er derimot usikkert kor representativt dette er, om det gjeld på alle nivå i organisasjonen og hos alle behovseigarar. Datamaterialet er truleg ganske skeivt då rekruttering av informantar har vore basert på å velje ut dei tilsette som arbeider tettast med oppgåveløysing knytt til universell utforming. Me har indikasjonar på at forankringa og kompetansen på universell utforming på leiarnivå og i operative ledd er svak. Det er uavklart korleis det sektorovergripande ansvaret vert vidareført i ny organisering.

Til tross for at datamateriale tilseier at fylkeskommunen har god praksis knytt til arbeidet med universell utforming, finn vi likevel utfordringar med å plassere ansvaret. Dette heng truleg saman med at mange oppgåver må løysast på tvers av sektorar. Det er få dedikerte ressursar og ingen eigne faggrupper hos behovseigarane som har ansvar for universell utforming. Dette gjer det utfordrande å ha ei tilnærming som ivareteke overordna mål om universelt utforma samfunn.

Fylkeskommunen har heller ikkje rutinar eller god praksis for å kartleggja, registrera og rapportera om arbeidet eller tilstanden for universelt utforma løysningar. Dette hindrar arbeidet med å lage tiltaksplanar for utbetringar og å legge til rette for informasjon for publikum. Unntaket frå dette er kartlegging av friluftsområde, som synast å vera ei prioritert oppgåve.

Til slutt, finner me at fylkeskommunen manglar dedikerte ressursar til å prioritere arbeidet med universell utforming. Det finnst ingen heile stillingar eller budsjettmidlar som er dedikert til universell utforming. Dette gjer det utfordrande å utvikle fylkeskommunens rolle som tenesteleverandør og rolla som samfunnsutviklar. Resultata tyder på at fylkeskommunens i liten grad har teke ein strategisk rådgivarrolle overfor kommunane i fylket knytt til universell utforming.

Kva eksisterer av rapporteringar og registreringar på universell utforming innan Vestland fylkeskommune sine ansvarsområde? Dette gjeld både rapporteringar og registreringar som er utvikla i Vestland fylkeskommune og som andre aktørar har laga.

Gjennomgangen av kva som eksisterer av rapportering og registrering av universell utforming i Vestland, tydar på at det er stor mangel på kunnskap. Kunnskapen kan

karakteriserast som både svak og fragmentert. Det gjeld dei fleste samfunnsområde, inkludert IKT, transport, bygg, bustad, uteområde, produkt og tenester. Kunnskap om utforming av skulebygg og tannklinikkar i Vestland er forholdsvis god, og betre knytt til bygg i tidlegare Hordaland enn i tidlegare Sogn og Fjordane.

Kva er dei største barrierane for deltaking i samfunnet i Vestland fylkeskommune?

Barrierane for deltaking heng, etter våre vurderingar, ikkje berre saman med fysisk utforming. Til dømes er truleg mangel på universell utforming av heile reisekjeder i kollektivtilbodet ein viktig barriere for mange, men barrierar for å nytta seg av tilbodet heng også tett saman med kor ofte det er avgangar. Folkehelseundersøkinga i Vestland syner at befolkninga si vurdering av tilgjenge på ulike samfunnsområde ikkje først og fremst kan forklarast av mangel på universell utforming. Det er manglande tilbod, avstandar og transport, samt kostnadar som vert vektlagt som grunnar til svak tilgjenge. Små forskjellar i vurdering av tilgjenge mellom dei med og utan funksjonsnedsetting styrkar denne konklusjonen.

Samla sett peiker resultatane på at det ikkje er ein enkelt barriere som set grenser for deltaking for menneske med funksjonsnedsetting. Det er summen av alle barrierar, både fysiske, sosiale og andre, som gjer at dei brukar meir tid og meir krefter på å delta i samfunnslivet.

Likevel er det viktig å påpeka at dei fleste er nøgd med livet og at dei færreste opplever psykiske eller sosiale plagar, uavhengig av funksjonsnedsetting, jf. folkehelseundersøkinga. Personar med funksjonsnedsetting rapporterer systematisk om fleire psykiske og sosiale plagar, men det totale omfanget er likevel ikkje veldig stort.

Vi har ikkje grunnlag for å seia kor viktig den enkelte barriere er for ulike utfallsmål, til dømes psykisk helse, sosial deltaking eller livskvalitet. Folkehelseundersøkinga i Vestland gjer moglegheiter for å vurdera slike samanhengar, og vi oppfordrar Vestland fylkeskommune og andre til å gjennomføra statistiske analyser av datamaterialet.

Moglege strategiske grep for å ivareta universell utforming innan fylkeskommunen sine ansvarsområde og i rolla som regional utviklingsaktør/samfunnsutviklar

Våre funn peiker på fleire moglege grep fylkeskommunen kan gjera for å styrka si rolle i arbeidet med universell utforming. Grepa handlar både om organisatoriske, pedagogiske og økonomiske grep.

Me meiner det vil vera til nytte å klargjere ansvaret den enkelte tilsette og fageiningar har for universell utforming. Dette vil truleg vera nyttig, både for å forankre tema og for å sikre kompetanse internt hos den enkelte behovseigar, og også for å klargjere ansvarsfordelinga mellom sektorane. Å synleggjere kven som har ansvar vil òg truleg bidra til betre samarbeid og samhandling på tvers.

Vidare anbefaler me at den enkelte behovseigar operasjonaliserer eige mål og tiltak for universell utforming i temaplanar.

Me meiner at rutiane for kartlegging, registrering og rapportering av arbeidet bør styrkast. Det er i dag svak praksis for å dokumentera og gjera tilgjengeleg informasjon om tilgjenge for nye løysningar. Betre rutinar vil gi betre informasjonsgrunnlag for å prioritera tiltak og for at publikum kan nytta seg av løysningar. Vi kjenner ikkje til kor mykje publikum brukar løysningar for å sjekke om tilbod er universelt utforma. I første omgang vil eit tiltak vera å gjennomføra undersøkingar av nytten av informasjonsløysingar. Eit anna tiltak vil vera å styrke marknadsføringa av slike informasjonsløysningar.

Rutinar og ressursar for medverking av brukarar bør styrkast blant behovseigarar som i dag ikkje har systematiske rutinar for dette. Representantar for brukarar og for det fylkeskommunale rådet bør bli involvert på ei tidlegare stadium enn det som synast å være praksis i mange avgjerder i dag. Vi finn og at betre involvering av rådet for menneske med funksjonsnedsetting krevjar fleire støtteressursar for rådet.

Me anbefaler at fylkeskommunen sett av meir ressursar, både til heile stillingar og til midlar som kan nyttas til tiltak for universell utforming. Dette har ikkje fylkeskommunen i dag, og det vil truleg ha stor verdi i arbeidet, både internt og ut mot kommunane.

Me anbefaler også at fylkeskommunen styrkar samarbeidet med kommunane, blant anna via nettverksarbeid. Det er i dag få nettverk som tar opp problemstillingar knytt til universell utforming.

Litteraturliste

- Aarhaug, J. & Elvebakk, B. (2012). *Universell utforming virker – evaluering av tiltak i kollektivtrafikken*. Transportøkonomisk institutt, Rapport 1235/2012.
- Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (2020). *Universell utforming. Tilstandsanalyse og kunnskapsstatus*. Hentet fra: https://bufdir.no/Bibliotek/Bufdirs_publicasjoner/Dokumentside/?docId=BUF00005140
- Bergen kommune (2022) *Universell utforming på gang- og turveinettet i Bergen kommune*. Hentet fra: <https://www.bergen.kommune.no/politikere-utvalg/api/fil/bk360/5939123/Universell-utforming-pa-gang-og-turveinettet-i-Bergen-kommune>
- Bjerkan, K. Y. (2009). Funksjonshemmende kollektivtransport? Transportbruk og transportvansker blant personer med nedsatt funksjonsevne. NOVA Notat 2/2009. Henta frå: [funksjonshemmende-kollektivtransport-evalueringssrapporten-0.pdf](#)
- Bowe, F (1978) *Handicapping America: Barriers to disabled people*. New York: Harper & Row
- Bufdir (2020) *Universell utforming. Tilstandsanalyse og kunnskapsstatus*. Hentet fra: https://www2.bufdir.no/globalassets/global/nbbf/universell_utforming/universell-utforming---tilstandsanalyse-og-kunnskapsstatus_uu.pdf
- Finnvold, J. E. (2013). *Langt igjen? Levekår og sosial inkludering hjå menneske med fysiske funksjonsnedsetjingar*. NOVA Rapport nr. 12, 2013. Oslo: Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring.
- Fuglerud, K. S., Fyhn, T., Halbach, T., KJæret, K og Olsen, T. A. (2021). *Teknologi og inkludering av personer med nedsatt syn i arbeidslivet: kunnskapsoppsummering*. Norsk Regnesentral, rapport nr. 1054. Hentet frå: <https://nr.brage.unit.no/nr-xmlui/bitstream/handle/11250/2739586/NR-rapport-1054-kunnskapsoppsummering-arbeid-ikt-funksjonsnedsettelse.pdf?sequence=2>
- Unge funksjonshemmede (2021). *Universell utforming av grunnskolen. Hvor er vi i 2021*. Hentet: <https://ungefunksjonshemmede.no/ungefunksjonshemmede-no/wp-content/uploads/2021/09/universell-utforming-skjerm-enkel.pdf>
- Hansen, I. L. S., Hyggen, C. og Nuland, B. R. (2009). *Hjelpemidler og tilrettelegging i arbeidslivet*. Fafo-rapport 2009: 40.
- Hordaland fylkeskommune (2015) *Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel 2015-2026*. Hentet fra: https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/plan-og-planarbeid/regionale-planar/regional-plan-for-attraktive-senter-i-hordaland_web.pdf
- Jaarsma, E. A., Dijkstra, P. U., Geertzen, J. H. B., og Dekker, R. (2014). «Barriers to and facilitators of sports participation for people with physical disabilities: A systematic review. *Scandinavian journal of medicine & science in sports*. 24(6), 871–881. doi:10.1111/sms.12218
- Kartverket (2019) Upublisert. Referert til i Bufdir 2020.

SAMMENDRAG OG KONKLUSJONER	1
1 INNLEIING	4

1.1	Bakgrunn	4
1.1.1	Barrierar for deltaking.....	5
1.1.2	Definisjon på universell utforming.....	5
1.1.3	Den nasjonale politikken	6
1.1.4	Den fylkeskommunale politikken.....	8
1.2	Problemstillingar	9
1.2.1	Operasjonalisering av problemstillingar	9
1.2.2	Lesarrettleiing	10
2	METODE	12
2.1	Intervju	12
2.2	Dokument- og litteraturgjennomgang	12
2.2.1	Buudir og KS sine tilskotsordningar	13
2.3	Statistisk materiale	14
2.3.1	Data frå Kartverket	14
2.3.2	Folkehelseundersøkinga til FHI	15
2.3.3	Registreringar i «Bygg for alle» (Statsbygg).....	16
2.3.4	Statistikk frå SSB.....	17
2.3.5	Data frå IK-bygg	18
3	KUNNSKAPSSAMANSTILLING	20
3.1	Generell kunnskapsstatus.....	20
3.2	Bygg.....	21
3.2.1	Status nasjonalt.....	21
3.2.2	Status i Vestland	24
3.3	Uteområde.....	27
3.3.1	Status nasjonalt.....	27
3.3.2	Status i Vestland	28
3.4	Offentleg transport.....	34
3.4.1	Status nasjonalt.....	34
3.4.2	Status i Vestland	35
3.5	IKT-område.....	36
3.5.1	Status nasjonalt.....	36
3.5.2	Status i Vestland	36
3.6	Tilskot til universell utforming i Vestland fylkeskommune	36
3.7	Barrierar for deltaking.....	37
3.7.1	Kva seier litteraturen om barrierar?	37
3.7.2	Barrierar i Vestland.....	39
3.8	Samanfatning – barrierar i Vestland	52
4	OPPGÅVER, RUTINAR OG KOMPETANSE	54
4.1	Strategisk forankring	54
4.2	Sektorovergrepande arbeid med universell utforming.....	56
4.2.1	Organisering	56
4.2.2	Erfaringar med det sektorovergrepande arbeidet	57
4.3	Organisasjon og økonomi	58
4.3.1	Eigedom	58
4.3.2	Innkjøp	59
4.4	IKT og digitalisering (inkludert tannhelse).....	60
4.4.1	Tannhelse.....	60
4.5	Infrastruktur og veg	61
4.5.1	Planlegging og utbygging.....	61
4.5.2	Vedlikehald, drift og beredskap.....	62
4.5.3	Forvaltning, utgreiing og geodata	62
4.6	Mobilitet og kollektivtransport.....	63
4.6.1	Transportplan	63

4.6.2	Skyss	64
4.6.3	Bybanen utbygging.....	65
4.7	Opplæring og kompetanse.....	65
4.8	Næring, plan og innovasjon	66
4.8.1	Plan, klima og analyse	66
4.9	Kultur og folkehelse.....	67
4.9.1	Folkehelse	68
4.9.2	Idrett og friluftsliv	68
4.9.3	Kulturarv	70
4.9.4	Bibliotekutvikling.....	71
4.10	Fylkeskommunale råd for medverknad.....	72
5	SAMANFATNING OG DRØFTING – VESTLAND FYLKESKOMMUNEN SI ROLLE OG ANSVAR FOR UNIVERSELL UTFORMING	73
5.1	Organisatoriske verkemidler	73
5.1.1	Organisering	73
5.1.2	Rutinar	74
5.2	Pedagogiske verkemidler	75
5.3	Økonomiske verkemidler.....	76
5.4	Juridiske verkemidler.....	76
5.5	Konklusjonar og anbefalingar	76
	LITTERATURLISTE	81
	VEDLEGG 1 – UTVIKLINGSPROSJEKT FINANSIERT AV BUFDIRS TILSKOTSORDNING FOR UNIVERSELL UTFORMING	86
	VEDLEGG 2 – REGISTRERINGAR BYGG FOR ALLE	91
	VEDLEGG 3 - MIDLAR FRÅ TILGJENGESPROSJEKTET TIL KARTVERKET	94

Kartverket (2020). Midler til arbeid med universell utforming 2019 – Kartlegging, indikatorer, formidling. Hentet fra:

<https://www.kartverket.no/globalassets/geodataarbeid/tilgjengelegheit/prosjektst-atus-kartlegging/sluttrapport-kartlegging-indikatorer-og-formidling-2021.pdf>

Kartverket (2021). Midler til arbeid med universell utforming 2020. Hentet fra:

<https://www.kartverket.no/globalassets/geodataarbeid/tilgjengelegheit/prosjektst-atus-kartlegging/sluttrapport-kartlegging-indikatorer-og-formidling-2020.pdf>

Kartverket (2022). Midler til arbeid med universell utforming 2021. Hentet fra:

<https://www.kartverket.no/globalassets/geodataarbeid/tilgjengelegheit/prosjektst-atus-kartlegging/sluttrapport-kartlegging-indikatorer-og-formidling-2021.pdf>

KMD (2021) Universell utforming i planlegging. Hentet fra:

https://www.regjeringen.no/contentassets/69872218a4f547a28be23fd7adb44e5c/no/pdfs/h-2480-b-universell-utforming-i-planlegging_v2.pdf

Knapstad, M., Skogen, J. C., Johnsen, G. H., Nilsen, T. S., Leino, T., Nes, R. & Aarø, L. E. (2022). *Folkehelseundersøkinga i Vestland 2022: Framgangsmåte og utvalde resultat*. (Rapport 2022). Bergen: Folkehelseinstituttet

Nordbakke, S. & Skollerud, K. H. (2016). *Transport, udekket aktivitetsbehov og velferd blant personer med nedsatt bevegeleseevne*. Transportøkonomisk institutt, Rapport 1465/2016. Henta frå: <https://www.toi.no/getfile.php?mmfileid=41904>

Nasjonal transportplan (2018 – 2029) Meld. St. 22 (2016-2017) Hentet fra:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-33-20162017/id2546287/>

- Onsager m.fl. (2019) Viken og delregionene – samfunnsutvikling og bærekraft, utfordringer og muligheter. NIBR-rapport 2019:17
- Pollitt, C. and Hupe, P. (2011) Talking about Government The Role of Magic Concepts. *Public Management Review*, 13, 641-658.
- Proba (2018). *Barrierer i høyere utdanning for personer med nedsatt funksjonsevne*. Proba-rapport 2018-2. Henta frå: <https://proba.no/wp-content/uploads/rapport-2018-2-barrierer-i-hoyere-utdanning-for-personer-med-nedsatt-funksjonsevne.pdf>
- Proba (2022). *Erfaringer med lovpålagte råd for medvirkning*. Proba-rapport 2022-1
- Proba. (2020). *Erfaringer med bruk av IKT-løsninger blant personar med funksjonsnedsettingar*. (Rapport 2022-04).
- Proba. (2021). *Tilstandsrapporter om universell utforming og personar med nedsatt funksjonsevne*. (Rapport 2021-01).
- Proba. (2022). *Kunnskap om universell utforming i Viken – Status og muligheter for Viken*. (Rapport 2022-07).
- Regjeringen. (2020). Universal utforming i samferdsel. Henta frå: <https://www.regjeringen.no/no/tema/transport-og-kommunikasjon/kollektivtransport/universell-utforming-i-samferdsel/id2644762/>
- Regjeringen (2021) Regjeringens handlingsplan for universell utforming, Bærekraft og like muligheter – et universelt utformet Norge 2021–2025. Hentet fra: <https://www.regjeringen.no/contentassets/51369fe60a0240e4bbd554c54310048d/no/pdfs/handlingsplan-for-universell-utforming.pdf>
- Støren, K. S., Rønning, E., Gram, K.H. (2020). *Livskvalitet i Norge 2020*. SSB Rapporter 2020/35. Oslo/Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå. Henta frå: [Livskvalitet i Norge 2020 \(ssb.no\)](https://www.ssb.no/livskvalitet-i-norge-2020)
- Transportøkonomisk institutt (2022) Universal utforming av transportsektoren i Norge. Rapport 1896
- Tøssebro, J., Kittelsaa, A., Wik, S. E. (2015). *Levekår for personer med nedsatt funksjonsevne: fellestrekk og variasjon*. NTNU Samfunnsforskning, Rapport 2015.
- Veisten K., Flügel S., Halse A. H., Fearnley N., Sundfør H. B., Hulleberg N., Jordbakke G. N. (2020). Kollektivtrafikanter verdsetting av universell utforming og komfort. TØI rapport 1757/2020. Transportøkonomisk Institutt, Oslo.
- Vestland fylkeskommune. (2020). Regional transportplan 2022-2033: Handlingsprogram. Henta frå: https://www.vestlandfylke.no/globalassets/fylkesveg/rtp/rtp_del-2_handlingsprogram_jan22_ny.pdf
- Vestland fylkeskommune. (2020). Utviklingsplan for Vestland 2020-2024: Regional planstrategi. <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/planlegging/regional-planstrategi/utviklingsplan-for-vestland-vedteken-nett.pdf>
- Vestland fylkeskommune (2021). Planprogram regional plan for kultur, idrett og friluftsliv. (Vedteke i Vestland fylkesutval 22.06.21).
- Vestland fylkeskommune (2021). Årsrapport for arbeidsgruppa om universell utforming.
- Vestland fylkeskommune (2022) Handlingsprogram for folkehelse Vestland 2022-2025: <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/folkehelse/planar-folkehelse/vedteke-handlingsprogram-for-folkehelse-2020-2025.pdf>

- Vestland fylkeskommune (2022) Økonomiplan for Vestland fylkeskommune 2023-2026.
Hentet fra:
<https://www.vestlandfylke.no/globalassets/foto/dokument/budsjett2023vestlandfylkeskommune.pdf>
- Vestland fylkeskommune (2022) Regional plan kultur, idrett og frivillighet 2023 – 2035–
Del 1 «Kultur bygger samfunn». Hentet fra:
<https://www.vestlandfylke.no/kultur/regional-plan-for-kultur-idrett-og-friluftsliv/>
- Wendelborg, C., Kittelsaa, A. M. & Wik, S. E. (2017). *Overgang skule arbeidsliv for elever med utviklingshemming*. (Fafu rapport). NTNU Samfunnsforskning. Henta frå: <https://naku.no/kunnskapsbanken/rapport-overgang-skule-arbeidsliv>
- Wendelborg, C., Røe, M., Molden, H., Thomas & Wik, S. E. (2020). *Barrierer i det fysiske læringsmiljøet for elever med nedsatt funksjonsevne*. NTNU Samfunnsforskning.
[https://bufdir.no/globalassets/global/nbbf/funksjonsnedsettelse/barrierer_i-det_fysiske laringsmiljoet_for_elever_med_nedsatt_funksjonsevne.pdf](https://bufdir.no/globalassets/global/nbbf/funksjonsnedsettelse/barrierer_i-det_fysiske_laringsmiljoet_for_elever_med_nedsatt_funksjonsevne.pdf)

Vedlegg 1 – utviklingsprosjekt finansiert av Bufdirs tilskotsordning for universell utforming

2022

Tilskot til kunnskapsutvikling, kompetanseheving og informasjon innan universell utforming ble tildelt desse prosjekta prosjekter i Vestland fylkeskommune i 2022.

Tildelt i den ordinære utlysinga til Bufdir

Stiftinga Hardanger og Voss museum

Prosjekt: Kartlegging: Universell utforming i et fredet tun (Agatunet i Ullensvang)

Beskrivelse: Kompetanseheving ansatte og kartlegging av behov og muligheter for universell utforming i fredet tun.

Tildelt: kr 200 000

Tildelt i KS si utlysing

Sogndal kommune

Prosjekt: Universelle og inkluderande skulegardar

Beskrivelse: ikkje tilgjengeleg

Tildelt: kr 200 000

Ulvik herad

Prosjekt: Ny heradsstyresal i Ulvik herad - tidlig prosjektering

Beskrivelse: ikkje tilgjengeleg

Tildelt: kr 190 000

2021

Tildelt i den ordinære utlysinga til Bufdir

Bømlo kommune

Prosjekt: universell utforming i samband med uteskule

Beskrivelse: ikkje tilgjengeleg

Tildelt: kr 200 000

Sunnfjord kommune

Prosjekt: kompetanseheving Sunnfjord kommune sine tilsette - kartlegging universell utforming skulebygg, inklusiv uteområdet

Beskrivelse: ikkje tilgjengeleg

Tildelt: kr 200 000

Ulvik herad

Prosjekt: kartlegging av universell utforming i barnehage og Brakanes skule i Ulvik herad

Beskrivelse: ikkje tilgjengeleg

Tildelt: kr 130 000

Tildelt i KS si utlysing

Sogndal kommune

Prosjekt: kartlegging av nærturar og møtestader kring barnehage, skular og tettstader

Beskrivelse: ikkje tilgjengeleg

Tildelt: kr 165 000

Vestland fylkeskommune

Prosjekt: Eg høyrer kva du seier!

Beskrivelse: ikkje tilgjengeleg

Tildelt: kr 165 000

2020

Tilskot til kunnskapsutvikling, kompetanseheving og informasjon innan universell utforming ble tildelt desse prosjekta prosjekter i Vestland fylkeskommune i 2020.

Tildelt i den ordinære utlysinga til Bufdir

Bergen kommune

Prosjekt: Kartlegging av kommunale lekplasser, samt gjennomføring av workshop "inkluderende lek"

Beskrivelse: Bergen kommune ved Bymiljøetaten drifter i overkant av 160 anlegg for lek og rekreasjon for barn og unge. Størsteparten av anleggene er etablert i en tid uten krav tilgjenge. Byens topografiske forutsetninger tilsier også at mange anlegg er trolig er vanskelig tilgjengelige, har nivåforskjeller, terskelhindringer mm. En kartlegging av utvalgte parametre for tilgjenge vil bidra til et verdifullt kunnskapsgrunnlag for vår vidare arbeidsinnsats for en inkluderende by.

Tildelt: kr 150 000

Tildelt i KS si utlysing

Bergen kommune

Prosjekt: Kartlegging av universell utforming i Bergen kommune

Beskrivelse: ikkje tilgjengeleg

Tildelt: kr 100 000

Vestland fylkeskommune

Prosjekt: UU i Vestland 2020

Beskrivelse: ikkje tilgjengeleg

Tildelt: kr 190 000

Ullensvang kommune

Prosjekt: Tidlig prosjektering uteområde Jondal skule

Beskrivelse: ikkje tilgjengeleg

Tildelt: kr 190 000

Bergen kommune

Prosjekt: Kompetanseoppbygging om universell utforming, knyttet til utvikling av helse og omsorgstjenestene.

Beskrivelse: ikkje tilgjengeleg

Tildelt: kr 100 000

2019

Tilskot til kunnskapsutvikling, kompetanseheving og informasjon innan universell utforming ble tildelt desse prosjekta prosjekter i Vestland fylkeskommune i 2019.

Tildelt i den ordinære utlysinga til Bufdir

Ingen prosjekter

Tildelt i KS si utlysing

Bergen kommune

Prosjekt: Innspillsdag om universell utforming i skuler

Beskrivelse: I løpet av to år skal alle skulebygg i Bergen kartlegges, og det skal foreslås løsningsalternativ der tilgjengeen ikke er tilfredsstillende. I sammenheng med dette søker kommunen midler til å arrangere en konferanse for ca. 100 personar der kartleggingen presenteres, og man kan arbeide med forslag til løsningsalternativ. Dette håper de kan sette igang et nettverk og samarbeid mellom relevante etater, skuleansatte og ungdommer.

Tildelt: kr 65 000

Bergen kommune, byrådsavdeling for helse og omsorg

Prosjekt: Kompetanseoppbygging om universell utforming, knyttet til utvikling av helse og omsorgstjenestene.

Beskrivelse: Skal gjennomføres som del av tiltakene innan kvalitetsreformen "Leve hele livet" og et aldersvennlig lokalsamfunn. Søker ønsker å øke kunnskapen om universell utforming innan helse og omsorgsfeltet gjennom nettverk, temadager og fagsamlinger. Søker vil også å produsere noe video som kan gjenbrukes senere.

Tildelt: Kr 95 000

Hordaland fylkeskommune

Prosjekt: Snart i mål - Hordaland fylkeskommune sine bygg universelt utforma i 2019.

Beskrivelse: Tiltaket består av kartlegging av 15 tannklinikker og registrering av desse på byggforalle.no. Hordaland fylkeskommune nærmer seg å ha kartlagt og registrert alle byggene i fylkeskommunen.

Tildelt: kr 120 000

Hordaland fylkeskommune

Prosjekt: UU i vest 2025 - studietur

Beskrivelse: Hordaland- og Sogn og Fjordane fylkeskommune skal slås sammen til Vestland fylkeskommune. Gjennom en studietur ønsker de å skape samarbeid og felles mål, samt dypere forståelse for universell utforming. Søker ønsker vidare å dele erfaringer og se ulike fagområder i sammenheng, og på den måten utløse synergier.

Tildelt: kr 45 000

Odda kommune

Prosjekt: Kartlegging av universell utforming i skulene i Odda kommune

Beskrivelse: Søknaden gjeld kartlegging av universell utforming i skulene i Odda kommune. I første omgang Odda barneskule. Deretter vil søker revidere plan for universell utforming også med tiltaksdelen.

Tildelt: kr 115 000

2018

Tilskot til kunnskapsutvikling, kompetanseheving og informasjon innan universell utforming ble tildelt desse prosjekta prosjekter i Vestland fylkeskommune i 2018.

Tildelt i den ordinære utlysinga til Bufdir

Askøy kommune

Prosjekt: Utarbeidelse av prinsipper og veileder for universell utforming i fysisk planlegging

Beskrivelse: Askøy kommune ønsker å sikre universell utforming på en god måte i alt planverk. Dagens planverk har tydelige intensjoner, men vi ønsker å konkretisere hvordan vi kan bruke plankart og bestemmelser aktivt for å styrke universell utforming. I forbindelse med dette søker Askøy kommune om midler til å utarbeide prinsipper som kan nyttes i kommuneplanens arealdel og kommunedelplanar, utforming av veileder til detaljreguleringer og kompetanseheving av kommunens ansatte.

Tildelt: kr 210 000

Hordaland fylkeskommune

Prosjekt: UU i vest 2025

Beskrivelse: Prosjektet UU i vest, skal gi retning og kontinuitet for arbeidet med universell utforming i Hordaland. Ved å auke kunnskap og skape engasjement internt i fylkeskommunen og eksternt i kommunane, skal Hordaland fylkeskommune ta ei meir strategisk samfunnsutviklarrolle innafor fagfeltet i vår region.

Prosjektet er ei oppfølging av handlingsprogram for Regional plan for folkehelse som er til behandling. Arbeidet skal kunne ha overføringsverdi for arbeid med UU regionalt og nasjonalt.

Tildelt: kr 365 000

Stord kommune

Prosjekt: Styrka kompetanse og sterkare medverknad i utforming av trygt og universelt nærmiljø

Beskrivelse: Styrke plan- og utbyggingsaktørar sin kompetanse på universell utforming av nærmiljø som også ivaretar estetikk og tryggleik for uforutsette hendingar som t.d. brann. Utvikle mål og strategiar for trygg universell utforming av nærmiljø, og ta desse i bruk i relevante planprosessar. Utvikle rutinar for medverknad frå personar med nedsett funksjonsevne i plan- og utvklingsarbeid.

Tildelt: kr 500 000

Tildelt i KS si utlysing

Hordaland fylkeskommune

Prosjekt: Synlighet av uu-tiltak og tilgang på informasjon i Hordaland FK

Beskrivelse: Gjera Hordaland fylkeskommune sine uu-tiltak synleg for brukarane gjennom registrering i Bygg for alle og oppdatere institusjonane sine egne heimesidar for å gi enkel tilgang til informasjonen

Tildelt: kr 150 000 kr

Odda kommune

Prosjekt: Tidlig prosjektering av heis og handikap WC i Odda kino

Beskrivelse: Tidlig prosjektering av heis og handikap WC i Odda kino. Dersom nok penger, også til garderobe i Folkebadet.

Tildelt: kr 70000

Ullensvang herad

Prosjekt: Tidlig prosjektering av utearealet ved Kinsarvik barne- og ungdomskule

Beskrivelse: ikkje tilgjengeleg

Tildelt: kr 120 000

Vedlegg 2 – registreringar Bygg for alle

Tabell 0-1 Tannklinikker og vidaregåande skuler, totalt og registrert i Bygg for alle. 1 indikerer at bygget er registrert i Bygg for alle.

Tannklinikker i Vestland	Tannklinikker registrert i bygg for alle	Vidaregåande skuler i Vestland	Registrert i Bygg for alle
Arna tannklinikk		Amalie Skram vidaregåande skole	1
Askvoll tannklinikk		Arna vidaregåande skule	1
Askøy tannklinikk	1	Askøy vidaregåande skole	1
Aurland tannklinikk		Austevoll vidaregåande skule	1
Austevoll tannklinikk	1	Austrheim vidaregåande skule	1
Bremanger tannklinikk		Bergen Katedralskole	1
Bremnes tannklinikk	1	Bømlo vidaregåande skule	1
Eikelandsosen tannklinikk	1	Dale vidaregåande skule	
Eivindvik tannklinikk		Eid vidaregåande skule	
Etne tannklinikk	1	Firda vidaregåande skule	
Florø tannklinikk		Fitjar vidaregåande skule	
Frekhaug tannklinikk		Flora vidaregåande skule	
Fyllingsdalen tannklinikk	1	Fusa vidaregåande skule	1
Førde tannklinikk		Fyllingsdalen vidaregåande skole	1
Gaupne tannklinikk		Førde vidaregåande skule	
Hardbakke tannklinikk		Hafstad vidaregåande skule	
Haukeland tannklinikk		Høyanger vidaregåande skule	
Hesthaugen tannklinikk	1	Knarvik vidaregåande skule	1
Husnes tannklinikk	1	Kvam vidaregåande skule	
Hyllestad tannklinikk		Kvinnherad vidaregåande skule	1
Høyanger tannklinikk		Laksevåg og Bergen maritime vidaregåande skule	1
Knarvik tannklinikk	1	Langhaugen vidaregåande skole	1
Langevåg tannklinikk	1	Mo og Øyrane vidaregåande skule	
Lindås tannklinikk	1	Måløy vidaregåande skule	
Loddefjord tannklinikk	1	Nordahl Grieg vidaregåande skole	1

Lofthus tannklinikk	1	Odda vidaregåande skule	1
Lærdal tannklinikk		Olsvikåsen vidaregåande skole	1
Manger tannklinikk		Os gymnas	
Måløy tannklinikk		Os vidaregåande skule	1
Nesttun tannklinikk	1	Osterøy vidaregåande skule	1
Nordfjordeid tannklinikk		Sandsli vidaregåande skole	1
Nordhordland tannklinikk		Slåtthaug vidaregåande skole	1
Norheimsund tannklinikk	1	Sogn Jord- og Hagebruksskule	
Odda tannklinikk		Sogndal vidaregåande skule	
Os tannklinikk	1	Sotra vidaregåande skule	1
Osterøy tannklinikk	1	Stend vidaregåande skule	
Rolland tannklinikk	1	Stord vidaregåande skule	1
Rosendal tannklinikk	1	Stryn vidaregåande skule	
Sandane tannklinikk		Tertnes vidaregåande skule	1
Sogndal tannklinikk		Voss gymnas	
Solheimsviken tannklinikk	1	Voss vidaregåande skule	1
Stord tannklinikk	1	Årdal vidaregåande skule	
Stryn tannklinikk		Årstad vidaregåande skole	1
Sveio tannklinikk	1	Åsane vidaregåande skule	1
Sælen tannklinikk	1		
Sørås tannklinikk	1		
Tannlegevakten i Bergen	1		
Tk Vestland (kompetansesenteret)			
Tysnes tannklinikk	1		
Ulvik tannklinikk	1		
Vik tannklinikk	1		
Voss tannklinikk	1		
Øygarden tannklinikk			
Årdal tannklinikk			
Årstad tannklinikk			

Åsane tannklinikk	1		
-------------------	---	--	--

Vedlegg 3 - Midlar frå tilgjengesprosjektet til Kartverket

Fleire prosjekt i Vestland knytt til kartlegging av tilgjenge av friluftområde og/eller tettstadsområde fekk i 2019, 2020 og 2021 tilskot frå Kommunal- og distriktsdepartementet gjennom Kartverket (Kartverket, 2022; Kartverket 2021; Kartverket 2020). Desse tre åra vert trekt fram her fordi dette er dei tildelingsrundane det er laga sluttrapport for, og som er offentleggjort. Den samla økonomiske ramma for 2019, 2020 og 2021 var på høvesvis 1,1 millionar, 1 million og 1,5 millionar kroner. Vestland fylkeskommunen (Hordaland før fylkessamanslåinga) har fått tilskot fleire gongar, og i tillegg har fleire kommunar i fylket fått tilskot til eigne prosjekt. Under er ein historisk oversikt over tildelingar av tilskot til forskjellige fylke, som syner at Vestland – saman med Viken er Vestland den fylkeskommunen som har motteke tilskot til flest kartleggingsprosjektar sidan 2015. Sjå Tabell 0-2

Tabell 0-2 Oversikt over tildelingar av tilskot til kartleggingsprosjekt, fylke som sjølvstendig deltakar, 2015-2021

Fylke	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	I alt
Vestland	1	1		1	1	1	1	6
Viken	1	1		1	1	1	1	6
Troms og Finnmark		1	1		2	1		5
Vestfold og Telemark	1					2		3
Nordland			1		1	1		3
Møre og Romsdal	1					1		2
Agder		1						1
Rogaland						1		1
Trøndelag		1						1

NB: Friluftsråd og organisasjonar som DNT inngår som fylke Kjelde: Kartverket

Aktørane som får tilskot til tilgjengekartleggingar frå KDD gjennom Kartverket deltek på registreringskurs før kartlegginga vert satt i gang, og data som vert samla inn gjennom kartlegginga vert kvalitetssikra fortløpande av Kartverket. Deltakarane leverer også sluttrapport til Kartverket etter at prosjektet er fullført.

I 2019 vart det dela ut til saman 115 000 kr til kartleggingsprosjekt i Vestland fylke. Fjell kommune i gamle Hordaland fylke fekk 40 000 kr til kartlegging av sentrum i Straume, som i dag er kommunesenteret i nye Øygarden kommune, og var tidlegare kommunesenter i Fjell kommune. Tidlegare Sogn og Fjordane fylke fekk 75 000 kr til kartlegging av fiskestader i fylket frå Kartverket.

I 2020 vart det dela ut til saman 140 000 kr til kartleggingsprosjekt i Vestland fylke. Luster kommune fekk 30 000 kr til kartlegging av tettstadsområde. Utdjupande setning. Tysnes kommune fekk og 30 000 kr til kartlegging av friluftsområde, og meir spesifikt til turveggar i heile kommunen. Øygarden kommune fekk 30 000 kr til kartlegging av friluftsområde, og meir spesifikt turstiar. I sluttrapporteringa opplys kommunen om at prosjektet er løfta inn i arbeidsgruppa for aldersvennlege lokalsamfunn, som potensielt blir hovudsatsingsområde for kommunen sin nye samfunnsplan. Vestland fylkeskommune fekk i 2020 50 000 kr til kartlegging av turveggar.

I 2020 vart det dela ut til saman 295 000 kr til kartleggingsprosjekt i Vestland fylke. Aurland og Fitjar kommune fekk tildela 40 000 kr kvar til kartlegging av høvesvis tettstadsområde og friluftområde. Bergen kommune og Kvinnherad kommune fekk høvesvis 100 000 kr og 35 000 kr til kartlegging av både tettstadsområde og friluftområde i kommunane. Vestland fylke fekk 80 000 kroner til kartlegging av friluftsområde.

I sluttrapporten frå tildelinga i 2021 opplyser Vestland fylkeskommune om at dei dei siste to åra har hatt eit samarbeid om kartlegging med Bergen og Hordaland turlag og Bergen og Omland friluftsråd (Kartverket, 2022). Informantar i fylkeskommunen opplever at dei gjennom samarbeidet når breiare ut når det gjeld å auka fokuset på universell utforming. Dette vert grunngeve med at friluftorganisasjonane er tettare på aktiviteten som finn stad i områda som kartleggjast. Representantar i fylkeskommunen opplys om at dei 2021 har nådd ut til fleire kommunar og har fått kartlagt fleire område enn i tidlegare prosjekt, fordi både fylkeskommunen, turlaget og friluftsrådet har deltatt i stor grad.

Vidare har fleire tilsette i fylkeskommunen gjennomført kartleggingar i 2021 enn tidlegare år. Dette har medført at fylkeskommunen internt har auka sin kompetanse og innsikt i korleis universell utforming i friluftsområde kartleggast, og kva krav det er som gjeld (Kartverket, 2022).

Det går og fram av sluttrapporteringa at fylkeskommunen i etterkant av tidlegare kartleggingsprosjekt har forbetra fleire av forholda/elementa som er kartlagt. Eksemplar er at turveggar er blitt rehabilitert for å auke tilgjengeleg og at fleire kommunar har laga universelt utforma fiskestadar og badeplassar (Kartverket, 2022).

Under er en tabell som syner en historisk oversikt over tildelinger av midler til kartleggingsprosjekt i Vestland (Tabell 0-3), samt en meir detaljert oversikt over prosjektene som ble tildelt midler mellom 2019 og 2021 (Tabell 0-4).

Tabell 0-3 Detaljert oversikt, tildelingar av midlar til kartleggingsprosjekt i Vestland, 2019-2021

Fylke	Kommune	Prosjekt/kartlegging	Beløp	År
Hordaland	Fjell	Sentrum, Straume	40 000	2019
Sogn og fjordane	x	Fiskestader i fylket	75 000	2019
Vestland	Luster	Tettstadsområder	30 000	2020
Vestland	Tysnes	Friluftsområde, turveggar heile kommunen	30 000	2020
Vestland	x	Turveggar	50 000	2020

Vestland	Øygarden	Friluftsområde, turstiar	30 000	2020
Vestland	Aurland	Tettstad	40 000	2021
Vestland	Bergen	Tettstad og friluft	100 000	2021
Vestland	Fitjar	Friluft	40 000	2021
Vestland	Kvinnherad	Tettstad og friluft	35 000	2021
Vestland	x	friluft	80 000	2021

Kjelde: Kartverket

Tabell 0-4 Historisk oversikt over kommunar i Vestland som har fått tilskot til tilgjengekartleggingar gjennom Kartverket sia 2015

Kommune	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	I alt
Aurland							1	1
Bergen		1		1			1	3
Fitjar							1	1
Fjell					1			1
Gloppen				1				1
Hyllestad			1					1
Kvinnherad		1					1	2
Luster						1		1
Stord				1				1
Stryn	1							1
Tysnes						1		1
Ulvik				1				1
Vaksdal			1					1
Voss				1				1
Øygarden						1		1

Kjelde: Kartverket

